



**SFE**



**ÅRSRAPPORT  
2017**



# SFE

## ÅRSRAPPORT 2017

### INNHALD

SIDE	KLIKK PÅ TITTEL FOR Å GÅ TIL SIDA
<b>3</b> .....	<b>Nøkkeltal</b>
<b>6</b> .....	<b>Årsmelding</b>
<b>15</b> .....	<b>Rekneskap konsern</b>
15.....	Resultatrekneskap
16.....	Konsernbalanse
18.....	Oppstilling over endringar i eigenkapital
19.....	Kontantstraumanalyse
20.....	Notar
<b>61</b> .....	<b>Rekneskap morselskap</b>
61.....	Resultatrekneskap
62.....	Balanse
64.....	Kontantstraumanalyse
65.....	Notar
78.....	Erklæring om årsrekneskapen og årsmeldinga for 2017
<b>79</b> .....	<b>Revisor si melding</b>

# NØKKELTAL

## KONSERN

### HISTORISKE NØKKELTAL - ØKONOMI

		IFRS 2017	IFRS 2016	IFRS 2015	IFRS 2014	IFRS 2013	2012*	2011*	2010*	2009*	2008*
<b>Frå resultatregnskap</b>											
Brutto driftsinntekter	Mill. kr	1 287	1 229	1 042	1 629	1 315	1 160	1 386	1 257	826	770
Brutto driftsresultat (EBITDA) (1)	Mill. kr	533	546	412	948	494	450	394	514	361	287
Driftsresultat (EBIT) (2)	Mill. kr	379	392	268	610	358	323	275	394	262	188
Resultat frå investering i tilknytt selskap	Mill. kr	9,2	4,7	3,0	2,5	3,4	0,6	(1,5)	2,1	3,7	3,2
Netto finansposter	Mill. kr	14	34	56	98	111	119	111	119	18	33
Resultat før skattekostnad	Mill. kr	365	359	212	511	247	204	164	275	245	155
Konsernresultat	Mill. kr	193	189	113	404	92	81	10	121	128	43
Resultat pr aksje (Earnings per share) (3)	Kroner	24,99	25,59	15,25	54,68	12,43	10,96	1,38	16,32	17,30	5,84

### Frå balansen

Eigedeler	Mill. kr	6 551	6 327	6 002	5 837	5 274	4 410	4 421	4 559	3 544	2 487
Eigenkapital	Mill. kr	2 747	2 503	2 334	2 189	1 795	1 290	1 271	1 372	1 127	1 081
Netto rentebærande gjeld (4)	Mill. kr	1 803	1 895	1 885	1 717	1 817	2 155	2 058	2 092	725	690
Sysselsatt kapital (5)	Mill. kr	4 550	4 398	4 219	3 907	3 612	3 445	3 329	3 464	1 852	1 771
Anvendt kapital (6)	Mill. kr	4 670	4 494	4 271	3 956	3 668	3 507	3 395	3 508	1 896	1 809

### Frå kontantstrømmen

Kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter	Mill. kr	222	388	381	271	310	112	352	218	221	278
Betalte skattar	Mill. kr	209	65	114	143	109	182	144	117	110	103
Utbetalt utbytte	Mill. kr	77	60	77	101	58	40	90	89	30	305
Utbytte pr aksje	Mill. kr	9,97	8,14	10,47	13,60	7,80	5,40	12,17	12,10	4,10	41,30
Av-/nedskrivning på varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	Mill. kr	154	154	144	338	136	127	120	120	98	98
Netto investeringar i varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	Mill. kr	244	286	340	273	242	167	167	1 810	115	113
Likvide midlar (7)	Mill. kr	318	288	220	362	175	166	220	224	1 163	98

### Finansieringsstørrelsar

EBITDA interest coverage (8)		7,1	6,5	5,2	7,7	3,8	3,4	3,0	3,1	8,0	3,8
EBIT interest coverage (9)		5,0	4,7	3,4	4,9	2,8	2,4	2,1	2,3	5,8	2,5
FFO interest coverage (10)		5,9	4,4	4,4	7,0	2,8	2,6	1,8	2,5	6,4	2,9
FFO/rentebærande gjeld (11)	%	24,7 %	19,7 %	18,2 %	50,4 %	20,1 %	15,7 %	11,3 %	20,0 %	39,4 %	31,8 %
Rentebærande gjeldsgrad (12)	%	39,6 %	43,1 %	44,7 %	44,0 %	50,3 %	62,6 %	61,8 %	60,4 %	39,1 %	39,0 %
Eigenkapitalandel (13)	%	41,9 %	39,6 %	38,9 %	37,5 %	34,0 %	29,3 %	28,7 %	30,1 %	31,8 %	43,5 %

### Nøkkeltal rekneskap



EBITDA-margin (14)	%	41,4 %	44,4 %	39,6 %	58,2 %	37,6 %	38,8 %	28,4 %	40,9 %	43,7 %	37,2 %
ROACE før skatt	%	8,6 %	9,4 %	6,8 %	16,2 %	10,0 %	9,5 %	8,1 %	14,8 %	14,5 %	11,2 %
ROACE etter skatt (16)	%	5,3 %	5,7 %	4,1 %	13,1 %	5,1 %	5,2 %	3,1 %	9,0 %	8,6 %	5,7 %
Avkastning på anvendt kapital (17)	%	4,6 %	5,0 %	3,8 %	12,5 %	4,8 %	4,8 %	2,6 %	7,7 %	7,7 %	4,0 %
Totalrentabilitet (18)	%	3,9 %	4,1 %	2,9 %	8,9 %	3,8 %	4,0 %	2,3 %	6,0 %	5,3 %	3,9 %
Eigenkapitalrentabilitet	%	7,4 %	7,8 %	5,0 %	20,3 %	5,2 %	6,3 %	0,8 %	9,7 %	11,6 %	4,0 %
Effektiv skatteprosent (20)	%	47,1 %	47,2 %	46,7 %	20,9 %	62,8 %	89,3 %	87,5 %	42,7 %	45,0 %	66,2 %



**HISTORISKE NØKKELTAL - ØKONOMI (FORTS.)**

		IFRS 2017	IFRS 2016	IFRS 2015	IFRS 2014	IFRS 2013	2012*	2011*	2010*	2009*	2008*
<b>Nøkkeltal Kraftproduksjon</b>											
Vasskraftproduksjon middel	GWh	1 899	1 899	1 908	1 908	2 065	2 065	2 065	2 065	1 380	1 380
Vasskraftproduksjon faktisk	GWh	2 005	2 117	2 061	2 048	1 998	2 189	2 297	1 629	1 418	1 401
Installert yting	MW	398	389	395	394	423	423	423	423	301	301
Magasinbeholdning per 31.12	GWh	626	663	791	625	754	616	760	497	383	369
Heil- og deleigde kraftverk	antal	27	27	23	23	23	23	23	23	17	17
Systempris Nord Pool	øre/kWh	27,4	25,0	18,7	24,8	29,7	23,4	36,7	42,5	30,6	36,9
<b>Nøkkeltal Nettverksemd</b>											
NVE-kapital	(21) Mill. kr	1 339	1 277	1 144	955	854	794	755	731	688	566
Avkastning på NVE-kapital	(22) %	0,22 %	8,08 %	4,69 %	0,48 %	27,00 %	6,45 %	-8,80 %	12,08 %	7,07 %	2,49 %
Levert energi distribusjonsnett	GWh	680	673	656	639	664	670	615	666	629	614
<b>Nøkkeltal Sluttbruk</b>											
Levert energi sluttkunde	GWh	783	908	813	989	1 259	1 301	1 440	1 327	1 006	930
<b>Nøkkeltal HMS</b>											
Årsverk pr. 31.12	antal	258	236	249	244	237	236	222	220	205	202
Årsverk per lærling	antal	21	16	19	17	18	13	19	22	21	22
Kvinneandel	%	18 %	19 %	19 %	20 %	20 %	19 %	21 %	21 %	20 %	21 %
Sjokefråvær	%	3,51 %	2,9 %	4,3 %	3,1 %	3,13 %	2,91 %	2,58 %	1,83 %	2,28 %	2,54 %
Korttidssjokefråvær (1-16 dagar)	%	1,70 %	1,3 %	1,5 %	1,5 %	1,26 %	1,05 %	0,76 %	0,75 %	0,80 %	0,80 %
Langtidssjokefråvær	%	1,81 %	1,6 %	2,8 %	1,6 %	1,87 %	1,86 %	1,72 %	1,07 %	1,49 %	1,74 %
Konsernmål sjokefråvær	%	3,0 %	3,5 %	2,7 %	3,0 %	2,50 %	2,50 %	2,50 %	3,50 %	3,50 %	3,50 %
Skadefråværfrekvens (H1)	(23)	12,02	4,80	5,50	18,00	11,20	10,90	4,54	8,03	10,02	14,59
Skadefrekvens (H2)	(24)	19,22	14,30	12,30	23,20	15,70	17,40	8,03	14,06	14,03	14,59

\*Nøkkeltal frå 2006 til 2012 er ikkje omarbeidt i henhold til IFRS rekneskapsprinsipp.

**EBITDA-MARGIN (%)**

**EIGENKAPITALRENTABILITET (%)**




# DEFINISJONAR

(1)	EBITDA (Brutto driftsresultat)	Driftsresultat + avskrivningar og nedskrivningar
(2)	Driftsresultat (EBIT)	Driftsresultat
(3)	Resultat pr aksje/Earnings per share	Andel av resultat/ Antal aksjar i morselskap
(4)	Netto renteberande gjeld	Renteberande gjeld - Bankinnskot, kontantar o.l.
(5)	Sysselsatt kapital	Eigenkapital + netto renteberande gjeld
(6)	Anvendt kapital	Sysselsatt kapital + Investering i tilknyttta selskap
(7)	Likvide midlar	Bankinnskot og kontantar
(8)	EBITDA interest coverage	EBITDA/Finanskostnader
(9)	EBIT interest coverage	EBIT/Finanskostnader
(10)	FFO interest coverage	(Driftsresultat + Finansinntekter + Avskrivningar + Utbytte frå tilknyttta selskapa - Betalbar skatt)/Finanskostnader
(11)	FFO/rentebærande gjeld	(Driftsresultat + Finansinntekter + Avskrivningar + Utbytte frå tilknyttta selskap - Betalbar skatt)/Renteberande gjeld
(12)	Renteberande gjeldsgrad	Netto rentebærande gjeld/(Netto rentebærande gjeld + Eigenkapital)
(13)	Eigenkapitalandel	Eigenkapital/Eigedelar
(14)	EBITDA-margin	EBITDA/Brutto driftsinntekter
(15)	ROACE før skatt	Driftsresultat / Gjennomsnittleg sysselsatt kapital
(16)	ROACE etter skatt	(Resultat etter skatt + Finanskostnader etter skatt - Finansinntekter etter skatt - Resultatandel i tilknyttta selskap)/Gjennomsnittleg sysselsatt kapital
(17)	Avkastning på anvendt kapital	(Resultat etter skatt + Finanskostnader etter skatt - Finansinntekter etter skatt) / Gjennomsnittleg anvendt kapital
(18)	Totalrentabilitet	(Resultat etter skatt + Finanskostnader etter skatt)/Gjennomsnittleg totalkapital
(19)	Eigenkapitalrentabilitet	Resultat etter skatt / Gjennomsnittleg eigenkapital
(20)	Effektiv Skatteprosent	Skattekostnader / Resultat før skatt
(21)	NVE-kapital	Avkastningsgrunnlag for berekning av inntektsramma. Offentleg på <a href="http://www.nve.no">www.nve.no</a>
(22)	Avkastning på NVE-kapital	Driftsresultat / NVE-kapital
(23)	Skadefråværfrekvens (H1)	Antal skade med fråvær per million arbeidstimar
(24)	Skadefrekvens (H2)	Antal skade med og utan fråvær per million arbeidstimar

# ÅRSMELDING 2017

Konsernet SFE fekk eit overskot etter skatt på 193 mill. kroner. Dette er 4 mill. kroner betre enn resultatet for 2016. Resultatet er av dei beste i SFE-konsernet si historie, og styret vurderer resultatet som godt. Gjennomsnittleg systempris vart 27,4 øre/kWh, dette er 2,5 øre/kWh høgare enn i 2016.

SFE-konsernet produserte 2 005 GWh i 2017. Dette er 112 GWh mindre enn i 2016. Kraftforbruket i eige forsyningsområde var på 680 GWh i 2017, ein auke på 7 GWh frå 2016. Sal til sluttkundar var i 2017 783 GWh, ein reduksjon frå 908 GWh føregåande år.

Eigarane i SFE har i 2017 tilført selskapet 211 mill. kroner i eigenkapital gjennom ein emisjon. Styret er svært tilfreds med at eigarane ser på SFE som ei god investering og ønskjer å styrke selskapet for å kunne betre SFE si evne til å gjennomføre lønsame investeringar. Nokre eigarar har framleis teikningsrettar til aksjar som kan styrke selskapet sin eigenkapital med ytterleggare 138-168 mill. kroner ved bruk av desse.

Utbyttepolitikken til SFE har vore at 70% av morselskapet sitt resultatet vert avsett som utbytte. Pga SFE sitt investeringsnivå reduserer styret utbyttetenivået for 2017, på same måte som for 2016, til 50% av resultatet. Styret tilrår derfor eit samla utbytte på 63 mill. kroner for 2017. Redusert utbytte, kombinert med eigenkapitalemisjonen, vil styrke SFE sine finansielle nøkkeltal og er svært positivt med omsyn til at SFE framleis kan låne pengar til fordelaktige vilkår i obligasjonsmarknaden.

I desember vart det gjort vedtak om fusjon av kraftsalsverksemda til Sunnfjord Energi og SFE. Etter utløpet av kreditorfrist og melding i foretaksregisteret er såleis SFE sitt dotterselskap SFE Kraft eigd 34% av Sunnfjord Energi og 66% av SFE.

SFE er i drøftingar med Sunnfjord Energi AS om ei samanslåing av verksemdene. Ei slik samanslåing vil styrke begge verksemdene og gje grunnlag for å hente ut synergieffektar og auke aksjonærverdiar. Det er venta avgjerd i dette spørsmålet i løpet av 2018.

SFE har i 2017 gjennomført investeringar på til saman 319 mill. kroner i fysiske driftsmidlar. Investeringane er ein auke frå 286 mill. kroner i 2016. 149 mill. kroner var investeringar i nettanlegg og 155 mill. kroner investering i vasskraftproduksjon.

Ved utgangen av året var det 250 tilsette, 197 menn (79%) og 53 kvinner (21%) fordelt på 256 årsverk. I tillegg kjem 12 lærlingar og 1 trainee. Tilsette som har slutta i løpet av året og sommarhjelpar er talt med i talet årsverk.

## VERKSEMDA SI ART OG TILHALDSSTAD

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er eit energikonsern med hovudaktivitet innan vasskraftproduksjon, krafthandel og kraftoverføring gjennom dei heileigde dotterselskapa SFE Produksjon AS, SFE Kraft AS og SFE Nett AS. Morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dotterselskapa SFE Produksjon AS og SFE Kraft AS har forretningskontor i Gloppen kommune, medan SFE Nett AS sitt forretningskontor er i Flora kommune.

### SFE sin visjon er «Kraft til å påverke framtida».


SFE eig kommunikasjonsfiber og leiger denne ut til breiband- og teleselskap. SFE sitt engasjement innan breiband er gjennom selskapet Eninvest AS, der SFE har ein eigarskap på 38,7%. SFE tilbyr også entreprenørtjenester.

Svelgen Kraft Holding AS er eit 56% eigd dotterselskap av SFE Produksjon AS. Dei andre aksjonærane i Svelgen Kraft Holding AS er Tafjord Kraftproduksjon AS med 34% og Sognekraft AS med 10%. Dette selskapet er holdingselskap for Svelgen Kraft AS, som eig kraftverk i Svelgen.

SFE hadde i 2017 eit sal til sluttbrukarkundar på 783 GWh, ein reduksjon frå 908 GWh i 2016.

Året 2017 gav ein høgare kraftpris enn i 2016. Systemprisen på Nordpool vart i gjennomsnitt over året på 27,4 øre/kWh. Dette er ei auke på 2,5 øre/kWh frå 24,9 øre/kWh i 2016.

**NORDISK SPOTPRIS (SYSTEM) SISTE 5 ÅR**



SFE produserte 2 005 GWh samanlikna med 2 117 GWh i 2016. SFE sin middelfroduksjon er berekna til 1 899 GWh simulert etter produksjons- og tilsigsserien 1997-2016.

Oversikt over produksjon og magasin dei siste fem åra er slik:

i GWh	2017	2016	2015	2014	2013
Produksjon	2 005	2 117	2 062	2 048	1 998
Magasin 31.12	626	663	791	625	761

SFE har ei rekkje prosjekt for å få fram ny produksjonskapasitet innan vasskraft. Østerbø kraftverk (165 GWh – Høyanger kommune) er under utbygging med ferdigstilling i 2020. Selskapet har konsesjon for bygging av Litlevatnet småkraftverk (19 GWh – Flora kommune), Ommedal kraftverk (19 GWh – Gloppen kommune) og Bredvatn kraftverk i Åskåravassdraget (ca 65 GWh netto ny kraft – Bremanger kommune) samt løyve til å bygge Insteelvane kraftverk i Øksnelvane (13 GWh ny kraft – Bremanger). Konsesjons-søknad for utbyggingar i Gjengedalsvassdraget, (ca 150 GWh i Gjengedal kraftverk – Gloppen kommune) er under handsaming. I samarbeid med Stranda Energi AS har ein konsesjon for Hauge kraftverk (ca 15 GWh - Stranda kommune).

Vestavind Kraft AS (eigd av Svelgen Kraft Holding AS) hadde medio 2017 4 rettskraftige konsesjonar på vindparker: Hennøy Vindpark (50 MW), Okla Vindpark (21 MW), Lutelandet Energi-park AS (55 MW) og Bremangerlandet Vindpark AS (80 MW), samt 46,2 % av Haram Kraft AS (66 MW). Gjennom året vart Lutelandet og Bremangerlandet løfta ut av Vestavind Kraft og er direkte eigd av Svelgen Kraft Holding og aksjane i Haram Kraft AS vart seld til Zephyr AS. Vidare vart 80 % av aksjane i Vestavind Kraft AS seld til Falck Renewables S.P.A. og selskapet endra namn til Falck Renewables Vind AS og omfatter prosjekta Hennøy og Okla.

Kraftforbruket i eige forsyningsområde var på 680 GWh i 2017, ein auke på 7 GWh frå 2016.

SFE har god leveringskvalitet, noko som vert synleggjort ved

vår årlege avbrotstatistikk. Mål for leveringskvalitet er oppetid på 99,975%, eller ILE/LE (ikkje levert energi dividert på levert energi) på 0,025%. I 2017 var ILE/LE 0,021%. Dette svarar økonomisk til ein kostnad for SFE på 7 mill. kroner. Tilsvarende tal i 2016 var 0,057% og ein kostnad på 16 mill kroner. Gjennomsnittleg hadde nettkundane som opplevde straumbortfall ei utetid på 202 minutt mot 450 minutt i 2016. I 2017 var det ingen store enkeltutfall knytt til ekstremvær slik som i 2016 då uværet «Tor» medførte ein «KILE-kostnad» på 6,5 mill kroner. Store nettinvesteringar dei siste åra gjer at nettet er meir robust, og at risikoen for avbrot er redusert.

**KRAFTSAL**

I desember vedtok eigarane i Sunnfjord Energi og SFE ein fusjon mellom SFE Kraft og sluttbrukdelen av Sunnfjord Energi frå 01.01.2018. Kreditorfristen etter melding av fusjonen, er ute og fusjonen vil bli meldt gjennomført i løpet av kort tid. SFE vil etter gjennomføring av fusjonen eige 66 % av SFE Kraft. Selskapet har etter fusjonen eit betre handlingsrom for å satse vidare på organisk vekst i eigen regi, då fusjonen gir ein reduksjon i selskapet sitt kostnadsnivå pr. omsett kWh. SFE er likevel fortsatt ei lita einig i denne marknaden og vidare vekst også gjennom strukturendringar vil vere viktig for å nå dei strategiske måla for det nye selskapet.

**STRUKTURDRØFTINGAR**

SFE og Sunnfjord Energi har det siste året vore i samtalar om ulike samarbeidsformer. Våren 2017 låg det føre felles rapportar frå kraftproduksjons- og nettverksemdene som tilrådde at ein gjekk vidare med prosessen med sikte på full samanslåing. Rapportane viste at ei samanslåing hadde eit potensiale for å hente ut årlege kostnadssynergjar på i storleiksorden 50 mill. kroner.

Sidan hausten 2017 har det pågått drøftingar med sikte på ein fusjon av verksemdene. Det er venta avgjerd i dette spørsmålet i løpet av 2018.

I juni 2017 vart det lagt fram rapport frå eit mogleighetsstudie for etablering av eit felles kraftproduksjonsselskap på



Vestlandet, bestående av delar av Hydro sin kraftproduksjon, BKK og SFE. SFE har på visse vilkår tilrådd å gå vidare med dette arbeidet. Av årsaker utanfor SFE sin kontroll har det ikkje vore aktivitet i denne prosessen for SFE sin del etter sommaren 2017.

### UTVIKLING AV SENTRALNETTET

Etter slutføring av nytt 420 kV sentralnett på strekninga Ørskog/Sogndal i desember 2016 har ein eit robust sentralnett gjennom fylket. Kapasiteten kan derimot ikkje nyttast fullt ut, og ein vil få flaskehalsar grunna større mengder ny produksjon under realisering enn den installerte transformeringskapasiteten mellom 132 og 420 kV. Løysing og investeringsansvar for dette ligg til Statnett, og aktuelle tiltak er auka transformeringskapasitet, i første omgang i Ålfoten, samt oppgradering av Sogndal/Aurland frå 300 til 420 kV.

### UTVIKLING AV REGIONALNETTET

Det har vore investert og er framleis behov for store investeringar i regionalnettet, og også distribusjonsnettet, dei komande åra. Den viktigaste grunnen til dette er mykje ny vasskraft og vindkraft som er under planlegging og realisering. Men også eit aldrande regionalnett og industriell vekst krev auka nettinvesteringar.

Dei siste åra er det etablert eller auka kapasitet i 9 transformatorstasjonar i 66- og 132 kV-nettet. Siste prosjekt er ny transformatorstasjon på Sandane.

Med den store aktiviteten er det viktig at investeringar blir tatt på rett tidspunkt, basert på forpliktande bestilling frå aktørane som utløyser tiltaket.

SFE har mange prosjekt i R/S-nettet som anten er starta eller der konsesjonsarbeid er i prosess eller starta internt:

- To prosjekt pågår (132 kV Reed/Sandane og 132 kV Svelgen/Hennøy). Det siste for å gje nettkapasitet til Hennøy vindpark med produksjonskapasitet 50 MW.
- Fire prosjekt har konsesjon eller anbefaling om konsesjon. (Magnhildskaret/Svelgen/Ålfoten for vindkraftanlegget Guleslettene, 195MW — Utviding Bryggja transformatorstasjon for å gje auka kapasitet til Lefdal Mine Datasenter) — 132 kV ytre ring Nordfjord for å reinvestere og styrke kapasiteten til Vågsøyområdet samt avgreining tilpassa Bremangerlandet vindkraft — 132 kV nettløysing Hellesylt utløyst av ny produksjon). Fleire av prosjekta er knytt til ny produksjon, og krev investeringsbeslutning av prosjekteigar før dette evt. medfører realisering av nye nettanlegg.
- Tre prosjekt er til konsesjonshandsaming eller konsesjonsførebuande fase (Storebru/Gjengedal – 60 MW nettløysing for Lefdal Mine Datasenter – 132 kV Leivdal/Navelsaker).

Nytt sentralnett og nye 420/132 kV transformatorstasjonar medfører også sanering av delar av SFE sine 132 kV-linjer, i første omgang seksjonane Høyanger-Moskog og Leivdal-Haugen. Sanering, som er konsesjonsbestemt innan utgang 2018, er søkt utsett til utgang 2021. Hovudårsaka er at nytt 420 kV-nett må fungere feilfritt under ekstremhendingar, samt at nettet har stor nytte grunna nettinvesteringane som skal gjerast i det samanhengande 132 kV-nettet.

### EIGARSTYRING OG SELSKAPSLIING

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) utarbeider tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Tilrådinga skal bidra til å klargjere rolledelinga mellom aksje-eigarar, styre og dagleg leiing utover det som følj av lovgjeving. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status når det gjeld NUES si tilråding.

SFE følger tilrådinga for eigarstyring og selskapsleiing innanfor dei rammer som selskapet si organisasjonsform og eigarskap tillet. Avvika frå desse prinsippa er dermed knytt til omsetning av aksjar, emisjonar og kapitalauke samt prinsipp som skal følgjast dersom det kjem tilbod om overtaking av verksemda.

SFE si foretaksstyring er innretta for å realisere konsernet sine langsiktige målsettingar. Foretaksstyringa er basert på vedtektene og styrevedtekte verdigrunnlag og styringsprinsipp. Ut frå dette skal etablerte styringsprosessar og organisasjonen skape aktivitetar som sikrar målrealisering og kontroll.

Finansiell informasjon legg grunnlaget for godt funderte avgjerdsler både internt i konsernet og for SFE sine interessentar. SFE avlegg rekneskap både etter NGAAP og IFRS. Feil i rekneskap, finansielle prognoser eller prosjekt- og investeringsvurderingar representerer mellom anna risiko for omdømmetap, søksmål, tilleggsskatt og uheldige investeringsavgjerder. Internkontrollen skal bidra til låg risiko for feil i rekneskap og anna finansiell rapportering. Prosessen for finansiell rapportering er dokumentert i konsernet sitt kvalitetssystem. Gjennom SFE sin fullmaktsstruktur og tilvisingsrutiner søkjer ein å redusere risikoen for økonomisk utruskap.

Det foreligg ikkje vedtektsavgjerdsler eller fullmakter som gir styret høve til å kjøpe tilbake eller utstede egne aksjar. SFE har to ulike aksjeklasser der A-aksjane utgjer 2/3 og B-aksjane 1/3 av alle aksjar. A-aksjane kan berre eigast av aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova. Forøvrig er det ingen skilnader mellom A og B-aksjane. Generalforsamlinga utstodte i juni 189 709 teikningsrettar til aksjar i SFE. Kvar teikningsrett gav retten til å teikne seg for to A-aksjar og ein B-aksje. Ved årsskiftet er 75 615 av desse teikningsrettane unytta. Teikningsrettane kan nyttast i perioden fram til ordinær generalforsamling i 2020. Eigarane i SFE har tilført 211 mill. kroner i ny eigenkapital for å sikre SFE tilstrekkeleg løfteevne knytt til investering i Østerbø kraftverk og store nettinvesteringar. Ved bruk av unytta teikningsrettar kan SFE få tilført ytterliggare 138-168 mill. kroner i eigenkapital.

Selskapet sitt styre skal ha frå 8 til 9 medlemmer med like mange personlege varamedlemmer. Inntil 6 medlemmer skal veljast av generalforsamlinga og inntil 3 skal veljast av og mellom dei tilsette. Generalforsamlinga vel leiari og nestleiar til styret. Alle val gjeld for 2 år. Styremedlemene kan ta gjenval. Siste val av styremedlemmer var i juni 2016.

Det er gjennomført 12 styremøter i 2017. Nokre av dei viktigaste sakene i 2017 har vore:

- Handsaming av rapport om mogleg etablering av Vestlandskraft DA
- Investeringsvedtak for Østerbø kraftverk

- Emisjon i SFE med tilførsel av 211 mill. kroner i egenkapital
- Etablering av felles kraftselskap med Sunnfjord Energi
- Drøftingar, som framleis pågår, med Sunnfjord Energi om samanslåing av dei to kraftkonserna

Styret har også stort fokus på tilpassing av SFE-konsernet til endra rammevilkår, td endringane i energilova.

### SAMFUNNSANSVAR

Samfunnsansvar for SFE omfattar mellom anna vår økonomiske verdiskaping for offentlege eigarar og våre lokalsamfunn, produksjon av kraft frå fornybare energikjelder, utvikling og drift av ein kritisk infrastruktur for samfunnet, ein bærekraftig og mest mogleg skånsam bruk av naturen, og omfattande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. SFE sine etiske retningsliner gir tydeleg retning for haldningar og atferd som vert venta av den enkelte tilsette i forhold til antikorrupsjon og etikk.

Fleire av desse områda er omtalt andre stadar i årsmeldinga. Når det gjeld vår sponsorverksemd, så omfattar den samarbeid med rundt 60-80 frivillige lag, organisasjonar og arrangement kvart år. Dette er ein viktig del av vårt samfunnsansvar, samstundes som det er ein arena der vi profilerer vår merkevare. Hovudvekta av slike samarbeid skjer i våre eigarkommunar, der vi har større nett- og produksjonsprosjekt eller kundekonsentrasjonar, eller gjennom fylkesdekkande organisasjonar. Men vi har også eit internasjonalt samarbeid med Plan Norge om bygging av vassbrønner i Zimbabwe. Vi søker ein rett balanse mellom idrett, kultur, utdanning/kompetanse og humanitære organisasjonar i vår miks av samarbeid.

SFE er godkjent læreverksemd og har årleg over 10 lærlingar i verksemda. Dette særskilt innafor energimontør- og energioveratørfaget.

### FRAMTIDSUTSIKTER

Ved inngangen til 2018 var SFE sine vassmagasin om lag som normalt, medan snømengda i fjellet er noko over normalen. Venta produksjon i 2018 er om lag som middelproduksjonen på 1899 GWh.

Marknaden for elsertifikat i Noreg og Sverige gjev framleis grunnlag for utvikling av ny fornybar energi, men tidsvindauget er i ferd med å lukke seg i høve dei norske prosjekta. Prisen på sertifikatene er også lågare enn dei lenge var venta å bli. Likevel er deltaking i sertifikatmarknaden eit viktig mål for fleire av prosjekta i SFE si portefølje. Nye kablar til utlandet, utfasing av kjernekraft og kolkraft og stadig strammare kvotemarknad for CO<sub>2</sub> utslepp i Europa, ber bod om noko auka prisar på mellomlang sikt. På den andre sida kan Sverige si forlenging av ordninga med elsertifikat føre til auka investeringar og auka risiko for prisfall i den nordiske kraftmarknaden – dersom ikkje eksportmoglegheiter eller nytt forbruk aukar tilsvarande. EU sin vedtekne energipolitikk vil styre meir gjennom marknad og mindre gjennom støtteordningar for fornybarproduksjon og kapasitetsreserve. I tillegg drøfter ein å gå vekk frå ordninga der fornybarkrafta har «forkøyrrett» i nettet. Desse endringane er positive for den regulerbare krafta. Eit Europa med stadig meir uregulerbar produksjon kan gje gode moglegheiter for verdiskaping for norsk vasskraft med god reguleringssevne. For SFE er vurderinga at utviklinga medfører moglegheiter for utbygging av meir fornybar kraft.

### INNETKTSRAMMEREGULERING

Meir ny produksjon fører til behov for meir overføringskapasitet og høgt investeringsnivå i nettselskapet. Ei utfordring for SFE er at inntektsrammereguleringa kan medføre lågare målt effektivitet og dermed reduserte inntekter dersom investeringsnivået er høgare enn det typiske for bransjen. Med dei store investeringane som SFE og regionen står ovanfor, både med tanke på reinvestering og nettinvesteringar utløyst av ny fornybar energi, er det viktig å sikre at investeringsutfordringane er hensynteke i nettreguleringa. Dette gjeld allment, men spesielt for investeringar i regionalnettet.

### NETTARIFFREGIME

Nasjonale politiske føringar og rapportar frå NVE har peika på at nettinvesteringar øyremerkta nettkapasitet for ny, fornybarinvesteringar er ei nasjonal satsing og skal ikkje gå utover kundane i fornybarområda. Dessverre har ikkje styresmaktene funne løysing på dette. SFE arbeider løpande med dette temaet. OED har gitt NVE i oppdrag å greie ut verknader ved å la inntektene frå produksjonsinnmating i regionalnettet vere på innmatande nettnivå (regional/distribusjonsnett) i staden for sentralnett som i dag. Dette vil vere eit viktig bidrag i rett retning. NVE har besvart OED sitt oppdrag, men det er framleis ikkje fatta vedtak i saka.

Stortinget har samrøystes vedteke eit representantforslag der dei ber regjeringa utgreie modellar for å utjamne nettleiga.

SFE Nett har møtt dei fleste politiske parti sine representantar i Stortinget sin energi- og miljøkomite vinteren 2017/18 med formål om informasjon og påverknad i desse sakene.

### ENDRING AV ENERGILOVA

Stortingsprp. nr 35 om Endringar i energilova vart lagt fram i desember 2015. Proposisjonen skal legge til rette for implementering av EU sitt eldirektiv 3 i norsk lovgjeving og norske forskrifter, og er også ei oppfølging av ein ekspertrapport om ei betre nettorganisering (Reitenutvalet). Stortinget har handsama framlegget, og gjort lovendringsvedtak i samsvar med tilrådinga. Av endringane er det særleg desse punkta som medfører endringar for SFE:

- Dagens tre nettnivå, sentralnett, regionalnett og distribusjonsnett vert erstatta av nettnivåa transmisjon og distribusjon. Transmisjon er i hovudsak dagens sentralnett, i hovudsak alt nett over 200 kV, og 132 kV med vesentleg betydning for drifta av øvrig transmisjonsnett. OED fastsett kva som er transmisjonsnett. Bl.a vert heile sentralnettet transmisjon med mindre OED fastset anna, men kan omdefinereast etter enkeltvedtak av NVE/OED.
- OED vert gitt heimel til å gje forskrifter samt peike ut koordinerande DSO (operatør av distribusjonsnett).

Som følge av lovvedtaket har SFE Nett har søkt NVE om omklassifisering av dagens 132 kV sentralnett frå Høyanger/Mel i sør til Haugen (Ørsta) i nord, frå transmisjon til overordna distribusjon i samband med overgang til to nettnivå. Grunngevinga er at nettet har endra funksjon etter idriftsetting av 420 kV Ørskog/Sogndal, og har funksjon som regional/distribusjonsnett. SFE Nett har støtte for dette synet hos

Statnett, som har søkt tilsvarende omklassifisering for liknande 132 kV-nett. Dersom NVE/OED ikkje gjer omklassifiseringsvedtak, vil ei stor anleggsmasse, og ein vesentleg del av SFE Nett sine overordna anlegg, måtte seljast til Statnett. Salssum vil ved dette utfallet vere ei forhandlingssak mellom partane, der SFE vil hevde at salsverdi må vere vesentleg over bokført verdi grunna teknisk tilstand, restlevetid samt følgjetap i ein overgangsperiode etter evt sal av anlegga.

### VASSDIREKTIVET

EU sitt vassdirektiv er godkjent i Norge og set krav om miljømål for alle vassdrag. Målet er å betre den økologiske tilstanden i vassdraga gjennom tiltak. Fylkeskommunen er forvaltningsmynde, men dette er av regjeringa foreslått endra slik at staten tek ansvaret med fylkesmannen i koordinerande rolle. Gjeldande regional plan for vassforvaltning blei vedteke i fylkestinget i desember 2015. Klima- og miljødepartementet godkjende planen 1. juli 2016 med endringar i forhold til vedtaket i fylkestinget. SFE koordinerar det faglege arbeidet med vassplanen i Sogn og Fjordane på vegne av kraftselskapa i fylket og i høve kontakt mot politikarane.

For SFE sin del betyr oppfølging av godkjent plan at Stongfjordvassdraget evt kan få eit kraftttap av storleik 1,5 GWh. I fleire vassdrag har SFE Produksjon hatt ei proaktiv haldning og arbeidd med ulike tiltak som kan gje miljøforbetring utan tap av kraft. Det vidare arbeidet kjem gradvis til å tilta i samband med revisjon av planen som skal skje i 2021. Selskapet legg vekt på å vidareføre dette arbeidet gjennom god dialog med styresmakter og bransje, samt kunnskapsbasert forvaltning av vassdraga våre.

### KORTSIKTIGE ØKONOMISKE UTSIKTER

SFE sin prognose for 2018 viser eit resultat som om lag er på nivå med resultatet i 2017. Ettersom SFE si hovudinntening er basert på vasskraftproduksjon er konsernet utsett for stor risiko for variasjon i årsresultatet grunna varierende kraftpris og produksjonsvolum/tilsig.

SFE forventar store investeringar dei neste åra i nødvendig nettutbygging og investering i vasskraftanlegg. Selskapet sine planar viser at ein vesentleg del av investeringane kan eigenkapitalfinansierast sett samla over ein 10-årsperiode.

## ÅRSREKNESKAP

### IFRS/FINANSIERING

For å sikre finansiering av SFE i obligasjonsmarknaden også i framtida har SFE valt å avlegge konsernrekneskapan etter IFRS-reglane. Dette gjer det mogleg å notere SFE sine obligasjonslån på Oslo Børs, noko som gir tilgang til ei breiare investormasse. Dette er såleis eit tiltak for å sikre ei framleis trygg finansiering av SFE til gode lånevilkår.

### FORTSATT DRIFT

Konsernrekneskapan og rekneskapan for morselskapet er sett opp under føresetnad av fortsatt drift og styret stadfestar at desse føresetnadane er til stades for morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og SFE-konsernet samla. Etter styret si vurdering har konsernet og morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS ein sunn økonomi og eit godt grunnlag for vidare vekst.

## RESULTAT

SFE konsernet hadde i 2017 ei omsetning på 1 287 mill. kroner. Dette er ein auke på 59 mill. kroner frå 2016. Nettoinntekter frå sal av kraft og verdiendring på energikontrakter viser ein auke på 85 mill. kroner. Urealisert verdiendring på kraftkontrakter betrar resultatet med 60 mill. kroner samanlikna med 2016. Sal av overføringstenester viser ein reduksjon på 18 mill. kroner på tross av høgare nettleige enn i 2016 pga lågare inntekter frå sentralnettet.

Driftsresultatet er på 379 mill. kroner, ein reduksjon på 13 mill. kroner frå 2016. Driftskostnadane, eksklusiv kjøp av kraft og overføringskostnader, er 31 mill. kroner høgare enn i 2016 og når auken i driftsinntekter er 13 mill. kroner lågare enn kostnadsauken forklarar dette det svekka driftsresultat.

Konsernet har netto finanskostnader på 14 mill. kroner i 2017. Dette er ein reduksjon på 20 mill. kroner frå 2016. Realisert og urealisert salsgevinst på 32 mill. kroner ved sal av 80% av aksjane i Vestavind Kraft AS er hovudårsaka til reduksjonen i netto finanskostnader.

Total skattekostnad er 172 mill. kroner fordelt med 69 mill. kroner på overskotsskatt og 103 mill. kroner på grunnrenteskatt. Dette er ein auke i skattekostnaden på 3 mill. kroner frå 2016. Grunnrenteskatten er redusert med 8 mill. kroner i resultatrekneskapat. Lågare produksjon er hovudgrunnen til redusert grunnrenteskatt, medan auka skatteprosent for grunnrente frå 34,3% til 35,7% frå 2018 gir auke i utsett skatt grunnrente med 15 mill. kroner. Betalbar grunnrenteskatt for 2017 er 91 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på 6 mill. kroner frå 2016. Tilsvarende fører reduksjonen i alminneleg inntektsskatt frå 24% i 2017 til 23% i 2018 til ein reduksjon i utsett skatt alminneleg inntekt på 23 mill. kroner. Likevel aukar overskotskatten i resultatrekneskapan med 11 mill. kroner til 69 mill. kroner for 2017.

Avkastinga på anvendt kapital var i 2017 på 4,6% og eigenkapitalrentabiliteten etter skatt var på 7,4%. Dette er litt svakare enn i 2016 då avkastinga på anvendt kapital var 5,0% og eigenkapitalrentabiliteten etter skatt 7,8%. Styret vurderer avkastinga på kapitalen som tilfredsstillande under dei rådande forholda.

Konsernet sitt resultatet etter skatt er på 193 mill. kroner, ei betring på 4 mill. kroner frå 2016. I styremeldinga for 2016 vart det signalisert ei forventning om eit svakare resultat i 2017 enn resultatet for 2016. Resultatet for 2017 vart i staden noko betre enn året før. Hovudgrunnen til dette er høgare kraftproduksjon enn venta. Resultatforbetningsprogrammet «Eit sterkare SFE» som vart sett i verk i 2015 gir resultat. Målt i faste kroner er konsernet sine netto påverkbare kostnader redusert med 33 mill. kroner.

Morselskapet sitt resultat etter skatt (NGAAP) er 125 mill. kroner, dette er 29 mill. kroner lågare enn i 2016. Investeringar i dotterselskap og tilknytt selskap vert ført etter eigenkapitalmetoden. Inntekt frå investering i dotterselskap er 35 mill. kroner lågare enn i 2016 og forklarar nedgangen i resultat i morselskapet.



## BALANSEN

Konsernet har ein totalbalanse på 6 551 mill. kroner. Balanseført pensjonsforplikting er auka med 65 mill. kroner i 2017 til 114 mill. kroner. Hovudårsaka til den kraftige auken er endring i føresetnader om dødeligheit og kurva lønsvekst frå 2016 til 2017. Den renteberande gjelda i SFE fråtrekt konsernet sine bankinnskot er 1 803 mill. kroner, av dette er 175 mill. kroner innlån i dotter frå minoritetsaksjonærar. Netto rentebærande gjeld er redusert med 92 mill. kroner frå 2016. Konsernet sin bokførte eigenkapital pr. 31.12.2017 er på 2 747 mill. kroner og utgjer 41,9% av totalkapitalen. Det er ein auke i bokført eigenkapital på 244 mill. kroner samanlikna med utgåande balanse 2016. Årets resultatet, som overstig utbetalt utbytte med 116 mill. kroner, og eigenkapitalemissjon på 211 mill. kroner aukar bokført eigenkapital. Derimot fører auka pensjonsforplikting på 50 mill. kroner og negativt bidrag frå kontantstraumsikra rente- og valutaderivat med 33 mill. kroner til reduksjon i bokført eigenkapital. I sum vert likevel eigenkapitalen auka med 244 mill. kroner gjennom 2017.

Morselskapet har ein bokført eigenkapital på 1 910 mill. kroner. Dette er ein auke på 223 mill. kroner frå 2016. Også for morselskapet er ei hovudforklaring på denne auken den gjennomførte eigekapitalemissjonen.

Styret si oppfatning er at SFE-konsernet og morselskapet si finansielle stilling er god. SFE sine kraftstasjonar har ein samla reell verdi som overstig bokført verdi, følgeleg er den verdijusterte eigenkapitalen høgare enn bokført eigenkapital.

Totale investeringar i fysiske driftsmiddel var på 319 mill. kroner. Av dette er investering i nettanlegg 149 mill. kroner. For første gong sidan 2014 er investeringane i kraftproduksjon større enn i nettanlegg. Tabellen under viser fordelinga fordelt på forretningsområda og korleis investeringane har utvikla seg over tid:

i mill. kr	2017	2016	2015	2014	2013
Nettverksemd	149	145	272	256	178
Kraftproduksjon	155	104	125	601	60
Anna verksemd	15	37	2	16	5
<b>Sum investeringar</b>	<b>319</b>	<b>286</b>	<b>399</b>	<b>873</b>	<b>243</b>

Investeringar i nettanlegg har vore noko lågare i 2017 og 2016 enn dei to føregåande åra. Investeringane i nettanlegg vil likevel framleis vere høge for å forbetre leveringstryggleiken og for å kunne knytte auka kraftproduksjon inn på nettet. SFE har starta bygginga av Østerbø kraftverk og dette vil medføre høgt investeringsnivå i vasskraftproduksjon fram til 2020.

Styret er ikkje kjend med at det etter balansedagen har oppstått hendingar som har vesentleg innverknad på resultat, balanse eller selskapet og konsernet si framtid.

Såleis meiner styret at årsrekneskapa gjev eit rettvise bilete av konsernet og morselskapet sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat.

## KONTANTSTRAUMANALYSE

Konsernet har hatt ein positiv kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar på 222 mill. kroner. Dette er vesentleg lågare enn konsernet sitt driftsresultat på 379 mill. kroner. Ein viktig grunn for dette er at betalte skattar i 2017 på 209 mill. kroner vesentleg overstig bokførte avskrivningar og nedskrivningar på 154 mill. kroner. Verdiendring på finansielle anleggsmiddel utan kontanteffekt på 30 mill. kroner og endring i tidsavgrensingspostar på 42 mill. kroner er andre forklaringar på dette avviket.

Investeringsaktiviteten i driftsmidlar og kjøp av aksjar gav ein negativ kontantstraum på 266 mill. kroner.

Finansieringsaktiviteten gav ein positiv kontantstraum på 74 mill. kroner. Tilført eigenkapital på 211 mill. kroner gjennom emisjon er ein viktig grunn for dette. Til saman gjev dette ein auke i bankinnskot, kontantar og liknande på 30 mill. kroner i høve til 2016.

## RISIKO OG INTERNKONTROLL

Morselskapet og SFE-konsernet er eksponert for fleire finansielle risikofaktorar. For å sikre gode resultat og stabile utbytte til eigarane, samt langsiktig verdiskaping, er det etablert ein overordna strategi for styring av risiko knytt til kontantstraum, resultat og verdien av eigedelane. På grunnlag av denne strategien har styret vedteke rammer for risikoeksponeringa innanfor områda krafthandel og finans.

Strategien for krafthandel er å sikre god inntening av kraftproduksjonen. Ein del av krafta som skal produserast i komande periodar er det høve til å prissikre, hovudsakleg gjennom finansielle terminavtaler. Denne strategien inneber at ein har etablert kvantumsgrenser med eit fallande sikringsbelte for kraftprissikring for inneverande år og 3 år fram i tid.

Rentenivået har i tillegg til verknad på finanspostane, også verknad for inntektsramme, grunnrente- og eigedomsskatt samt pensjonskostnadene. Finansstrategien tek sikte på samordning av den totale risikoen når det gjeld rentebinding, plassering av overskotslikviditet og bruk av finansielle instrument. Renterisikoen for SFE sine finanskostnader er avgrensa gjennom aktiv styring av renterisikoen. For å avgrense refinansieringsrisikoen set også finansstrategien rammer for kor stor andel av lånegjelda som kan ha forfall innanfor ein 12-månaders periode.

SFE handlar kraftterminkontraktar i Euro på NASDAQ OMX Commodities, noko som representerer ein valutarisiko for konsernet. I tillegg vert kraftproduksjonen omsett på Nordpool spot notert i Euro. For å redusere og kontrollere denne valutarisikoen har styret vedteke ein valutastrategi der det er høve til å valutasikre ein andel av forventa Euro-kontantstraum i inntil 10 år fram i tid for å redusere risikoen knytt til varierende valutakursar NOK/Euro.

Sluttbrukaromsetninga var i 2017 på 783 GWh, fordelt på ulike kraftprodukt til privat og bedriftskundar. Svingande innkjøpsprisar, ulike områdeprisar og sterk konkurranse i marknaden utgjer ein forretningsmessig risiko. Styret har vedteke rammer for risikostyring som gir ein hensiktsmessig risikoavlasting både på kort og lang sikt. Kredittrisikoen for sluttbrukaromsetninga er vurdert å vere låg. Finansielle transaksjonar, inkl.

likviditetsplassering, vert gjort mot solide aktørar med høg kreditt-rating. Som seljar av kraft til sluttkunde må SFE kjøpe pålagt kvote elsertifikat til sluttkundar. Kjøpa skjer etter ein strategi som gjev låg risiko, med ein tilstrekkelig fleksibilitet til å utnytte prisvariasjonar.

Likviditeten til konsernet er god med 318 mill. kroner som bank-innskot. SFE har i tillegg ein kassakreditt på 100 mill. kroner samt unyttta trekkrett på 300 mill. kroner som likviditetsbuffer.

Renteberande gjeld spesifisert på forfallstidspunkt og trekkrettar 31.12.2017:

Beløp i 1000 kr	2018	2019	2020	2021	2022	Etter 2022
Sum langsiktig gjeld	320 900	285 200	35 200	35 200	335 200	1 109 451

Beløp i 1000 kr	Total trekkrettar og kassakredittar	Trekk 31.12.2017	Unyttta trekkrettar og kassakreditt 31.12.2017
Totalt	400 000	0	400 000

SFE estimerer eit behov for å auke lånegjelda med inntil 300 mill. kroner i løpet av 2018 for å gjennomføre konsernet sine planar. Eit slikt låneopptak, saman med det refinansieringsbehovet SFE har i 2018, er uproblematisk i eit normalt driftsår. SFE sine innlån skal ha ein diversifisert forfallsstruktur der maksimalt 40 % av samla lån forfell i ein 12 månaders periode og SFE sin likviditetsreserve skal vere stor nok til å dekke minimum 50% av refinansieringsbehovet 6 mnd fram i tid.

SFE held fast på målsettinga om å oppretthalde ei kreditt-rating som sikrar SFE finansiering tilsvarende investment grade nivå også i framtida.

Kontrollfunksjonane i SFE vert ivarettatt av fleire nivå; gjennom styret, revisjonsutvalet, eksterne revisjon og gjennom løpande internkontroll i verksemda. SFE arbeider med ein systematisk tilnærming til internkontroll gjennom prosessar som sikrar samanheng mellom styringssystema, ansvarsdeling, uavhengig kontroll og eit tilstrekkeleg kontrollmiljø i organisasjonen.

Styret mottok jamleg rapportering om konsernet si økonomiske utvikling og risikoutvikling.

## FOU

I tillegg til det kontinuerlege utviklingsarbeidet SFE gjer i eigen regi, deltek selskapet i enkelte større FoU prosjekt saman med andre. Prosjektet «Intelligente driftssystem for smarte nett» som SFE har hatt saman med selskapet eSmart Systems og fleire andre selskap vart avslutta i 2016, men har ein oppfølgar gjennom prosjektet «ASTRUM», som vidareutviklar plattformar frå det fyrste prosjektet innanfor utvikling av smarte løysingar basert på AMS, BigData, maskinlære og IoT-teknologi. SFE har nyleg engasjert seg i den nystarta FME CINELDI som skal utarbeide smarte energisystem for framtida.

SFE har samarbeid med forskingsprogram Fornybar Energi ved Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet og deltek som partner i forskningsprosjektet RELEASE om lokale miljøverknader ved utvikling av berekraftig fornybar energi. SFE deltek som partner i Norsk Vannkraftsenter som vart etablert i 2014, og gjennom direkte bidrag til bransjefinansiert,

miljøretta energiforskning organisert gjennom Energi Norge og REN (Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet). SFE skal vidare bidra med deltaking i styringsgruppe og referansegruppe i prosjektet teknoløftet som er initiert av forskingsrådet for å auke kapasitet og kompetanse innan digitalisering i kunnskapsmiljøa og næringslivet i fylket.

I 2015 etablerte SFE prosjektet «Smart Valley» i Hyen i Nordfjord. Formålet er å utvikle «smarte» løysingar for elektrisitetsbruk ved hjelp av «Big Data» og moderne teknologi som skal redusere investeringsbehovet i kraftnettet, forbetre elektrisitetsbrukaren si oppleving og gje meir presise data frå produksjonsanlegg. Prosjektet involverer både kraftnettet, elektrisitetsproduksjonen og elektrisitetsforbruket i området.

## ARBEIDSMILJØ, LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

Prosjektet «Eit tryggare SFE» vart oppretta for å redusere tal skadar i arbeid. Det vert rapportert fast til styret for å følgje utviklinga av skadar og førebyggjande tiltak mot desse. Målsettinga er å følgje bransjesnittet, og HMS er sett på agendaen i heile konsernet.


Skadetalet har hatt ei positiv utvikling sidan 2014, men har diverre hatt ei auke i 2017. Sjølv om skadane ikkje er alvorlege har ein gått inn med ytterlegare tiltak for å snu den negative utviklinga. Tiltaket «Like heil - både utanpå og inni» er ei utviding av prosjektet, der ein vil arbeide med endring i haldningar og åtfærd for å fremje ein sikrere arbeidskvardag og førebyggje skadar.

Skadefråværfrekvens (framstilt på neste side) (H1-verdi; Antal fråværs-skadar pr 1 million arbeidstimar) var på 12 i 2017. Andre HMS-nøkkeltal er skadefrekvens (H2-verdi; Antal skadar, med eller utan fråver, pr 1 million arbeidstimar) på 19 i 2017 og skadefråværfrekvens (F-verdi; Antal fråværsdagar grunna skadar pr. 1 million arbeidstimar) på 144 i 2017. Det er i 2017 registrert 8 arbeidsuhell med skader, 5 av desse har medført fråværfrekvens. Skadane har medført 60 fråværsdagar i 2017. Ingen av hendingane har medført alvorleg helsemessig skade eller fare for etterverknad. Med ei overordna målsetting om null ulukker og null skadar vil arbeidet med å redusere skadane ha førsteprioritet i det framtidige HMS-arbeidet.


Sjukefråværet i 2017 (framstilt på neste side) var på 3,51 % og er 0,61% høgare enn i 2016 og 0,51 % høgare enn målsettinga vår på 3,0 %. Den største auken er knytt til korttidsfråværet, med ein auke på 0,42%. Vi kan ikkje sjå at det er direkte arbeidsrelaterte årsaker til denne auken i form av auka arbeidspress eller endringar i det psykososiale arbeidsmiljøet. Auken i langtidsfråværet var på 0,2%. Det er ikkje gjort ein tilsvarende gjennomgang av sjukefråværet som for 2016, men det er heller ikkje ting som tyder på at det er nye eller urovekkande forhold som gjev grunn til ein ny gjennomgang. Fråværfrekvens som skuldast skade (totalt 60 dagar) utgjorde kring 0,1%. Vi opplever framleis at leiarane i SFE er tidleg på og har tett oppfølging i høve til sjukmelde.

Ved utgangen av året var det 250 tilsette, 197 (79%) menn og 53 kvinner (21%) fordelt på 256 årsverk. I tillegg kjem 12 lærlingar og 1 trainee. Tilsette som har slutta i løpet av året og sommarhjelpar er talt med i talet årsverk.

## SKADEFRÅVÆRFREKVENS



## SJUKEFRÅVÆR



SFE sin personalpolitikk skal stimulere til aktiv likestilling. Det skal vere lik løn for likt arbeid og lik vurdering ved individuell lønsfastsetting som er basert på resultatoppgåving, fleksibilitet og kompetanse. Det er lagt vekt på likestilling både ved intern og ekstern rekruttering. Konsernstyret har totalt 9 medlemmer samansett av 6 aksjonærvalte og 3 valt mellom dei tilsette. Styret har 2 kvinnelege medlemmer valt av aksjonæranne. Dei 2 heileigde dotterselskapa SFE Produksjon AS og SFE Nett AS har 4 styremedlemmer kvar. I SFE Kraft AS er styret utvida med eitt medlem til 5 styremedlemmer. I desse styra er det ein kvinneleg styrerepresentant i selskapet SFE Kraft AS, valt av dei tilsette. Det er ingen kvinner i konsernet si leiargruppe.

SFE følgjer diskrimineringslova sine føresegner. Dette inneber mellom anna at vi arbeider for å hindre diskriminering i samband med rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, utviklingsmoglegheiter og tilrettelegging av arbeidsplassen for den enkelte medarbeidar. Som eit konkret døme på det siste kan nemnast at SFE har hatt fokus på universell utforming av bygg. For å støtte krava til universell utforming har vi heis og rullestolramper. Vi meiner med det at administrasjonsbygga våre er godt tilrettelagd for alle.

Hovudkontoret på Sandane og administrasjonsbygget i Florø har installert heis og alle byggingstiltak blir utført etter krava til universell utforming. Bygga er sertifisert som Miljøfyrtårn, og er energimerka i samsvar med gjeldande regelverk frå NVE.

Styret takkar alle tilsette og tillitsvalde for god innsats og godt samarbeid i året som er gått.

## YTRE MILJØ

Aktivitetar i SFE som medfører direkte forureining eller utslepp som kan skade det ytre miljøet er i hovudsak knytt til reiseverksemd. For å redusere dette har SFE ein policy om å bruke nullutsleppstransportmiddel så langt dette let seg gjere for å løyse verksemda sine oppgåver. Ein legg i tillegg vekt på å bruke moderne teknologi for å redusere behovet for reiseverksemd. Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er miljøvennleg i forhold til annan energi, og som ikkje medfører klimautslepp eller forureining av det ytre miljøet. Både kraftleidningar og utbygging og drift av vasskraftanlegg fører til inngrep i naturen og påverkar miljøet.

SFE legg vekt på å førebygge og avgrense uønska miljøkonsekvensar og tek gjennom oppfølging av reguleringsføresegner, minstevassføring, utlegging av fiskeegg, bygging av tersklar osv. omsyn til miljøet i regulerte vassdrag. Ved bygging av nye anlegg vert miljøverknader grundig vurdert.

SFE har eigen Vassdragsteknisk Ansvarleg og følgjer systematisk opp tilstand, tryggleik og miljøforhold på anlegga.

Det er innført kjeldesortering av avfall ved alle anlegg i konsernet.

Alt straumforbruk i konsernet sine forretningsbygg er dekkja ved opphavsgarantiar frå SFE sin eigen produksjon i Åskåra I. Forbruket er såleis dokumentert som ikkje-forureinande og i tråd med ordninga slik NVE føreskriv.



## ÅRSRESULTAT OG DISPONERINGAR

Styret har etter drøfting med eigarane nedfelt retningslinjer for selskapet sin utbyttepolitikk. SFE skal gjennom utbytte og verdiauke på selskapet gje aksjonærane ei konkurranse-dyktig avkastning samanlikna med alternativ investering med tilsvarende risiko. Retningslinjer som fastset ein utbyttepolitikk med 70% utbytte av årsresultatet etter skatt, vart vedtatt av selskapet si generalforsamling i juni 2008. Etter at SFE gjekk over til å rapportere konsernrekneskapen etter IFRS vart utbyttet fastsett på grunnlag av morselskapet sitt resultat etter skatt (NGAAP).

SFE har investert mykje i nettanlegg i mange år og har også sett igong bygging av Østerbø kraftverk i Høyanger kommune. Pga det høge investeringsnivået foreslår styret å redusere

utbytteneivået for 2017 frå 70% til 50%. Det foreslåtte utbyttet utgjer 63 mill. kroner.


SFE er eit solid selskap med gode framtidsutsikter. Styret vurderer det derfor som forsvarleg i forhold til aksjelova §§ 3-4 og 8-1 å avsette eit utbytte på 63 mill. kroner til eigarane.

### STYRET HAR SLIKT FRAMLEGG TIL DISPONERING AV ÅRSOVERSKOTET I MORSELSKAPET:

i mill. kr


Overført frå annan egenkapital	180,1
Overført til fond for vurderingsforskjellar	117,9
Avsett til utbytte	62,7
<b>Sum disponert</b>	<b>124,9</b>


### UTBETALT UTBYTTE





Sandane 22.03.2018

  
Per Atle Kjøllesdal  
-styreleiar-

  
Birger C. Schönberg  
-nestleiar-


  
Arvid Lillehaug  
-styremedlem-


  
Olin Johanne Henden  
-styremedlem-

  
Anne Marit Steen  
-styremedlem-

  
Jan Helge Dale  
-styremedlem-

  
Oddmund Årdal  
-styremedlem-

  
Kjell Asle Bakkebo  
-styremedlem-

  
Geir Magne Evebø  
-styremedlem-

  
Johannes Rauboti  
-konsernsjef-

# RESULTATREKNESKAP

## SOGN OG FJORDANE ENERGI - KONSERN

Beløp i 1000 kr

<b>DRIFTSINNTEKTER</b>	Note	2017	2016
Sal av kraft		861 481	836 917
Verdiendringer energikontrakter	12	16 558	-43 380
Sal av overføringstenester		338 482	356 355
Andre driftsinntekter	26	70 709	78 681
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>1 287 229</b>	<b>1 228 573</b>

### DRIFTSKOSTNADER

Kjøp av kraft	26	311 197	273 015
Kjøp av overføringstenester		56 173	53 374
Løn og sosiale kostnader	21	229 668	217 183
Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	21	-66 627	-66 049
Avskrivningar		156 071	149 012
Nedskrivningar		-2 410	4 597
Eigedomsskatt/avgifter	23	57 391	51 873
Andre driftskostnader	22	166 852	153 270
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>908 316</b>	<b>836 276</b>

<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>378 913</b>	<b>392 296</b>
-----------------------	--	----------------	----------------

### FINANSIELLE POSTAR:

Resultat frå investering i tilknytt selskap	9	9 163	4 689
Finansinntekter	24	52 348	45 630
Finanskostnader	24	78 751	88 999
Verdiendring derivater	12	-3 693	-4 985
<b>NETTO FINANSKOSTNADER</b>		<b>13 546</b>	<b>33 696</b>

<b>RESULTAT FØR SKATT</b>		<b>365 367</b>	<b>358 601</b>
---------------------------	--	----------------	----------------

Overskottsskatt	25	69 263	58 347
Grunnrenteskatt	25	102 741	110 957

<b>RESULTAT ETTER SKATT</b>		<b>193 363</b>	<b>189 297</b>
-----------------------------	--	----------------	----------------

Av dette minoritetsandel		25 372	4 770
Av dette SFE sin andel		167 991	184 527

## UTVIDA RESULTAT SFE KONSERN

Beløp i 1000 kr

Ordinært resultat etter skatt		2017	2016
		193 363	189 297
<b>Postar som seinare kan klassifiserast til resultat:</b>			
Kontantstrømsikring rentebytteavtaler etter skatt		1 998	2 788
Kontantstrømsikring valutaterminkontrakter etter skatt		-35 093	14 773
<b>Postar som seinare ikkje kan reklassifiserast over resultat:</b>			
Estimatavvik pensjoner etter skatt		-50 137	23 043
<b>Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden</b>		<b>110 132</b>	<b>229 900</b>
Av dette minoritetsandel		23 917	1 477
Av dette SFE sin andel		86 215	228 423

# BALANSE 31.12.2017

## SOGN OG FJORDANE ENERGI - KONSERN

Beløp i 1000 kr

EIGEDELAR	Note	31.12.17	31.12.16
Fallrett	7	1 836 939	1 828 280
Øvrige immaterielle egedelar	7	699 859	701 067
Vårige driftsmiddel	8	3 144 073	2 951 068
Anleggsmiddel holdt for sal		14 596	1 851
Investering i tilknytta selskap	9	119 774	96 010
Øvrige finansielle anleggsmiddel	10,11	153 193	174 288
Derivat	10,12	14 625	25 172
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>		<b>5 983 058</b>	<b>5 777 737</b>
Varelager	13	32 908	45 901
Fordringar	10,14	203 983	200 865
Derivat	10,12	12 912	14 261
Kontanter og bankinnskot	10,15	318 165	287 917
<b>OMLØPSMIDDEL</b>		<b>567 969</b>	<b>548 944</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>6 551 027</b>	<b>6 326 681</b>

# BALANSE 31.12.2017


## SOGN OG FJORDANE ENERGI - KONSERN


Beløp i 1000 kr


GJELD OG EIGENKAPITAL	Note	31.12.17	31.12.16
Innskoten egenkapital	16	1 009 767	799 199
Opptent egenkapital		1 013 663	1 004 587
Minoritetsinteresser		723 338	699 421
<b>EIGENKAPITAL</b>		<b>2 746 767</b>	<b>2 503 207</b>
Pensjonsforpliktning	17,19	113 674	48 640
Utsett skatt	17,25	941 157	950 915
Andre forpliktingar	17	177 036	96 621
Rentebærande langsiktig gjeld	10,18	1 814 551	1 716 034
Derivat	10,12	41 695	25 286
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>		<b>3 088 112</b>	<b>2 837 496</b>
Rentebærande kortsiktig gjeld	10,18	306 600	466 600
Betalbar skatt	25	148 763	223 688
Anna rentefri gjeld	14	247 110	269 605
Derivat	10,12	13 675	26 086
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>716 148</b>	<b>985 979</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		<b>6 551 027</b>	<b>6 326 681</b>


Sandane 22.03.2018

  
Per Atle Kjøllesdal  
- styreleiar -

  
Birger C. Schönberg  
- nestleiar -

  
Arvid Lillehaug  
- styremedlem -


  
Olin Johanne Henden  
- styremedlem -


  
Anne Marit Steen  
- styremedlem -

  
Jøn Helge Dale  
- styremedlem -

  
Oddmund Årdal  
- styremedlem -

  
Kjell Asle Bakkebo  
- styremedlem -

  
Geir Magne Evebø  
- styremedlem -

  
Johannes Rauboti  
- konsernsjef -

# OPPSTILLING OVER ENDRINGAR I EIGENKAPITAL SOGN OG FJORDANE ENERGI - KONSERN

Beløp i 1000 kr	Innskutt eigenkapital	Anna eigenkapital	Kontant- straumsikring	Sum opptent eigenkapital	Minoritets- interesser	Sum eigenkapital
<b>EIGENKAPITAL 01.01.2016</b>	<b>799 199</b>	<b>847 074</b>	<b>-5 934</b>	<b>841 139</b>	<b>693 173</b>	<b>2 333 512</b>
Årets resultat		184 527		184 527	4 770	189 297
Utbetalt utbytte for 2015		-60 204		-60 204		-60 204
Estimatavvik pensjoner		23 043		23 043		23 043
Kontantstraumsikring rentebytteavtaler			2 788	2 788		2 788
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			13 296	13 296	1 477	14 773
<b>EIGENKAPITAL 31.12.2016</b>	<b>799 199</b>	<b>994 440</b>	<b>10 150</b>	<b>1 004 587</b>	<b>699 421</b>	<b>2 503 207</b>
Årets resultat		167 991		167 991	25 372	193 363
Utbetalt utbytte for 2016		-77 141		-77 141		-77 141
Emisjon	210 568			0		210 568
Estimatavvik pensjoner		-50 137		-50 137		-50 137
Kontantstraumsikring rentebytteavtaler			1 998	1 998		1 998
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-33 638	-33 638	-1 455	-35 093
<b>EIGENKAPITAL 31.12.2017</b>	<b>1 009 767</b>	<b>1 035 153</b>	<b>-21 490</b>	<b>1 013 663</b>	<b>723 338</b>	<b>2 746 767</b>



# KONTANTSTRAUMANALYSE

## SOGN OG FJORDANE ENERGI - KONSERN

Beløp i 1000 kr

### KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:

	2017	2016
Ordinært resultat før skattekostnad	365 367	358 601
Betalte skattar i perioden	-208 990	-65 429
Avskrivningar	156 165	149 012
Nedskrivningar	-2 410	4 597
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	-9 826	0
Kostnad(+)/Inntekt(-) frå invest i tilknytt selskap utan kontanteffekt	-6 258	-7 585
Verdiendring finansielle anleggsmidlar utan kontanteffekt	-29 765	-25 345
Verdiendring energi-, rente- og valutakontrakter utan kontanteffekt	9 794	-7 387
Endring i beholdning av driftsmateriell	-26 148	-16 417
Nedskrivning av aksjar	0	500
Endring i kundefordringar	-214	19 670
Endring i leverandørgjeld	19 306	12 749
Endring i pensjonsforpliktingar	-3 413	-13 815
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-41 528	-21 563
<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>222 079</b>	<b>387 588</b>

### KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:

Utbetalningar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-269 990	-286 242
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidler	26 440	0
Utbetaling ved auke av langsiktig fordring	-17 098	-15 818
Kontantar innkonsolidering døtre	0	11
Utbetalningar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	-5 918	-47 453
Innbetaling frå utlån	646	7 132
<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-265 920</b>	<b>-342 370</b>

### KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:

Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	300 000	390 000
Innbetaling eigenkapital	210 568	0
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-260 000	-220 000
Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld	0	450 492
Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld	-100 000	-540 000
Innbetaling av utbytte	662	2 896
Utbetaling av utbytte	-77 141	-60 204
<b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>74 089</b>	<b>23 184</b>

Netto endring i kontantar og ekvivalentar	30 248	68 402
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	287 917	219 516
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12	318 165	287 917

# NOTAR SOGN OG FJORDANE ENERGI KONSERN 2017

## INNHALD

KLIKK PÅ TITTEL FOR Å GÅ TIL SIDA	SIDE
1. Generell informasjon .....	21
2. Rekneskapsprinsipper .....	21
3. Finansiell marknadsrisiko .....	29
4. Estimat i rekneskapet .....	34
5. Vesentlege rekneskapspostar .....	36
6. Segmentinformasjon .....	36
7. Immaterielle egedelar .....	38
8. Varige driftsmiddel .....	39
9. Tilknyttta selskap i konsernet .....	40
10. Finansielle instrument etter kategori .....	41
11. Øvrige finansielle anleggsmiddel .....	44
12. Derivater .....	45
13. Varer .....	47
14. Fordringar, andre kortsiktige plasseringar og kortsiktig gjeld .....	47
15. Bankinnskot, kontantar .....	48
16. Aksjekapital og aksjonærinformasjon med meir .....	48
17. Avsetningar, usikre forpliktingar og betinga egedelar .....	49
18. Renteberande gjeld og styring av kapitalstruktur .....	50
19. Pensjonskostnader og -forpliktingar .....	52
20. Driftsinntekter .....	55
21. Lønskostnader, tal tilsette, godtgjeringar m.m. ....	55
22. Andre driftskostnader .....	56
23. Eigedomsskatter og avgifter .....	56
24. Finansinntekter og -kostnader .....	57
25. Skattar .....	57
26. Mellomverande og transaksjonar mellom nærståande partar .....	60
27. Pantsetjingar og garantiar .....	60
28. Konesjonar .....	60
29. Heimfallsrett .....	60
30. Selskap som inngår i konsolideringa .....	60

# NOTAR

## SOGN OG FJORDANE ENERGI KONSERN 2017

1

### GENERELL INFORMASJON

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er eit norsk aksjeselskap, stifta og heimehøyrende i Noreg. Selskapet er eigd 49,56% av Sogn og Fjordane Holding AS (Sogn og Fjordane Fylkeskommune), 36,84% av BKK, medan 7 kommunar i Sogn og Fjordane eig til saman 13,61 %, jf. note 16.

SFE og dotterselskapa utgjer til saman SFE-konsernet. Hovedaktivitetane i konsernet er vist i Note 6 Segmentinformasjon.

Konsernet sitt hovedkontor er på Sandane og har adresse Sørstrandsvegen 227, 6823 Sandane.

Konsernrekneskapa for SFE vart vedteken av SFE sitt konsernstyre 22.03.2018, og vil bli presentert for godkjenning på årets generalforsamling 21.06.2018.

Minoriteten sin del av resultatet etter skattar er vist som eiga linje etter konsernet sitt årsresultat. Minoriteten sin del av eigenkapitalen er vist som eiga linje.

### OPPKJØP

Oppkjøpsmetoden vert brukt ved rekneskapsføring av samanslutningar av verksemdar. Anskaffelseskost ved oppkjøp vert målt til verkeleg verdi av eigedelar som vert nytta som vederlag ved kjøpet og direkte kostnader med sjølve oppkjøpet. Identifiserbare kjøpte eigedelar, overtatt gjeld og forpliktingar vert rekneskapsført til verkeleg verdi på tidspunktet for oppkjøp, uavhengig av eventuelle minoritetsinteresser. Anskaffelseskost som overstig verkeleg verdi av identifiserbare netto eigedelar i dotterselskapet, vert balanseført som goodwill.

### TILKNYTT SELSKAP

Tilknytt selskap er einingar der konsernet har vesentleg innflytelse, men ikkje kontroll og kor eigerskapet er av strategisk karakter. Vesentleg innflytelse føreligg normalt for investeringar der konsernet har kontroll på mellom 20 og 50 prosent av aksjane på ei generalforsamling.

Investeringar i tilknytt selskap vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden. På tidspunktet for kjøp vert investeringa i tilknytt selskap rekneskapsført til anskaffelseskost inklusiv goodwill. Konsernet sin del av resultatet i tilknytt selskap vert resultatført og lagt til balanseført verdi av investeringa saman med respektiv del av dei endringar av eigenkapital som ikkje er ført over resultatrekneskapet. Konsernet sin del av resultatet er basert på selskapet sitt resultat etter skatt med frådrag for interne gevinstar og eventuelle avskrivningar på meirverdi som skuldast at kostpris på aksjane var høgare enn tilsvarande del av bokført eigenkapital. I resultatrekneskapet er konsernet sin del av resultatet i tilknytt selskap vist under finansielle poster medan investeringa er vist som finansielle eigedelar i balansen. Om tilknytt selskap nyttar NGAAP som rekneskapsprinsipp omarbeider vi rekneskapet på dei punkt som er nødvendig for å sikre konsistens med prinsipp som er nytta i konsernet (IFRS).

Alle interne resultat- og balanseposter som skuldast interne transaksjonar i konsernet er utlikna. Urealisert gevinst som følgje av transaksjonar med tilknytt selskap og felleskontrollert verksemd er utlikna i same grad som ein eig i selskapet/verksemda. Tilsvarande er urealisert tap utlikna, men berre i den grad det ikkje føreligg indikasjonar på verdinedgang på eigarandelen.

2

### REKNESKAPSPRINSIPPER GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV REKNESKAPET

SFE sitt konsernrekneskap er avlagt i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som er godkjent av EU.

Dotterselskapa sine offisielle rekneskap er utarbeidd etter NGAAP, men vert omarbeidd i samsvar med IFRS prinsipp ved konsolidering i konsernrekneskapet. Tilsvarande vert selskapsrekneskapa til tilknytt selskap omarbeidd til IFRS ved innarbeiding etter eigenkapitalmetoden.

### FUNKSJONELL VALUTA OG PRESENTASJONSVALUTA

Konsernet sin presentasjonsvaluta er NOK. Det same er morselskapet og dotterselskapa sin funksjonelle valuta.

### PRINSIPP FOR KONSOLIDERING KONSOLIDERING OG KONSERNREKNESKAP

Konsernrekneskapet viser det samla økonomiske resultatet og presenterer den samla økonomiske stillinga for morselskapet SFE og selskapet sine kontrollerande eigardelar i andre selskap, som ei økonomisk eining. Konsernet sine interne transaksjonar og mellomværande, samt gevinstar og tap som er oppstått ved transaksjonar mellom selskapa, er eliminert.

### DOTTERSELSKAP

Konsernrekneskapet inkluderer SFE og selskapa som SFE har bestemmende innflytelse over. Bestemmende innflytelse oppnår ein normalt når konsernet eig meir enn 50 % av aksjane i selskapet og konsernet er i stand til å utøve faktisk kontroll over selskapet.

## BRUK AV ESTIMAT VED UTARBEIDING AV ÅRSREKNESKAPET

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka eigedelar, gjeld, inntekter, kostnader og opplysningar om potensielle forpliktingar. Det gjeld særleg for pensjonsforplikting, avrekning av nettkundar, utsett skattefordel, avskrivningar, avsetningar og forpliktingar og ved vurdering av immaterielle eigedelar. Framtidige hendingar kan medføre at estimata endrar seg.

Estimat og føresetnadane for estimata vert vurdert fortløpande. Endringar i rekneskapsmessige estimat vert rekneskapsført i den perioden endringa oppstår. Om endringa og gjeld framtidige periodar vert endringa fordelt over inneverande og framtidige periodar. For ytterligere informasjon, sjå note 4.

## INNØRING AV NYE REKNESKAP-STANDARDAR OG ENDRINGAR I EKSISTERANDE REKNESKAPSSTANDARER

I 2017 er det innført endringar for eksisterande standarder. Desse endringane gjev råd om og klargjer bruk av følgjande standarder:

- IAS 7 (endringar) – Noteopplysningsprosjekt.
- IAS 12 (endringar) – Innrekning av utsett skattefordel for urealisert tap.

Innføring av desse endringane har ikkje hatt vesentlege verknad på vårt konsernrekneskap.

## UTANLANDSK VALUTA

### TRANSAKSJONAR I UTANLANDSK VALUTA

Transaksjonar i utanlandsk valuta vert rekna om til kursen på tidspunktet for transaksjonen. Pengepostar i utanlandsk valuta vert rekna om til norske kroner ved å nytte kursen på balansedagen. Endringar i valutakurs vert resultatført fortløpande i rekneskapsperioden.

## PRINSIPP FOR INNTEKTSFØRING

Inntekt vert rekneskapsført når det er sannsynleg at transaksjonar vil generere framtidige økonomiske fordelar som vil komme selskapet til gode og størrelsen på beløpet kan estimerast på ein påliteleg måte. Salsinntekter er presentert etter fråtrekk av meirverdiavgift og rabattar. Konserninternt sal vert eliminert.

Inntekter frå sal av varer vert resultatført når levering har funne stad og det vesentlege av risiko og rett til avkastning er overført. Sal av tenester vert resultatført i den perioden tenesta vert utført.

### KRAFTPRODUKSJON

Inntekter frå kraftsal vert rekneskapsført som salsinntekter ved levering. Realiserte inntekter frå fysisk og finansiell handel i energikontraktar vert presentert som salsinntekter. Der slike fysiske og finansielle kontraktar er omfatta av IAS 39 som finansielle instrument (derivater) vert endringar i verkeleg verdi av slike kontraktar presentert som verdiendring energikontraktar. Realiserte inntekter frå handelsportefølgjer vert presentert netto under salsinntekter.

## NETTLEIGE

Nettleige vert inntektsført på tidspunktet for fakturering. Inntektsført beløp det enkelte år tilsvarar levert volum i perioden avrekna til den ei kvar tid gjeldande tariff. Meir-/mindre-inntekt er definert i IFRS som regulatorisk gjeld/eigedel som ikkje kvalifiserar til balanseføring. Grunngevinga er at det ikkje er inngått kontrakt med ein bestemt kunde og at fordringa i teorien er avhengig av ein framtidig leveranse. Inntekta det enkelte år kan derfor avvike i forhold til inntektsnivået som vert tillat av regulator (NVE).

## FINANSIELLE INSTRUMENT

### KLASSIFISERING

Finansielle eigedelar og forpliktingar vert klassifisert i følgjande kategoriar: 1. Finansielle instrument til verkeleg verdi med verdiendring over resultat, 2. Investeringar som vert halde til forfall, 3. Utlån og fordringar, 4. Finansielle eigedelar tilgjengeleg for sal og 5. Eigedelar som ikkje er finansielle instrument.

Klassifiseringa er styrt av formålet med eigedelen og vert gjort når ein kjøper eigedelen.

Omtale av dei ulike kategoriane av finansielle instrument:

### Finansielle instrument til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet:

I denne kategorien inngår finansielle instrument heldt for omsetning. Det gjeld finansielle eigedelar og forpliktingar som primært er kjøpt for å sikre seg mot framtidige prisendringar. Desse instrumenta er ikkje ein del av ein rekneskapsmessig sikringsrelasjon. I tillegg vil instrumenter som ved førstegongs innrekning vart gjort til verkeleg verdi over resultatet inngå i denne kategorien. Eigedelar og forpliktingar i denne kategorien vert klassifisert som omløpsmidlar eller kortsiktig gjeld med mindre dei forfell meir enn 12 månader etter balansedagen. I så fall vert dei klassifisert som anleggsmidlar eller langsiktig gjeld.

### Investeringar som vert haldne til forfall:

Finansielle eigedelar i denne kategorien er instrument med faste kontantstraumar og konsernet har intensjon og evne til å halde investeringa til forfall. Unntaket er dei eigedelar som konsernet har rekneskapsført til verkeleg verdi eller definert som tilgjengelege for sal eller dei eigedelar som oppfyller definisjonen for utlån eller fordringar.

### Utlån og fordringar:

Utlån og fordringar er finansielle eigedelar, som ikkje er derivat, med faste eller bestemte betalningar som ikkje vert omsett i ein aktiv marknad. Slike finansielle eigedelar vert klassifisert som omløpsmidlar med mindre dei har forfall meir enn 12 månader etter utgangen av rekneskapsåret.

### Finansielle eigedelar tilgjengeleg for sal:

Finansielle eigedelar tilgjengeleg for sal er alle finansielle eigedelar som ikkje kan klassifiserast i ein av dei tre ovanfor nemnte kategoriar, samt eigedelar som er øyremarka som tilgjengeleg for sal. Finansielle eigedelar i denne kategorien vert klassifisert som anleggsmidlar med mindre dei har forfall mindre enn 12 månader etter utgangen av rekneskapsåret.

### Eigedelar som ikkje er finansielle instrument:

Andre finansielle forpliktingar er alle finansielle forpliktingar, som ikkje er derivat, med unntak av dei finansielle forpliktingane som er heldt for sal og rekneskapsført til verkeleg verdi med verdiendring over resultat. Slike forpliktingar vert klassifisert som kortsiktig gjeld med mindre dei forfell meir enn 12 månader etter utløpet av rekneskapsåret.

### REKNEKAPSFØRING OG MÅLING

Kjøp og sal av finansielle instrument vert rekneskapsført på avtaletidspunktet.

Investeringar heldt til forfall, utlån og fordringar, samt andre finansielle forpliktingar vert målt ved førstegongs innrekning til verkeleg verdi tillagt direkte transaksjonskostnader. I seinare periodar vert desse instrumenta målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rente metode.

Finansielle eigedelar tilgjengeleg for sal og finansielle instrument til verkeleg verdi med verdiendring over resultat vert målt til verkeleg verdi både ved førstegongs innrekning og i seinare periodar. Transaksjonskostnader ved kjøp/avtaleinngåing vert ført over resultat.

Endring i verdi av energiderivat samt endring i verdi på valutaderivat knytt til sikring av energiinntekter er vist på eiga linje under driftsinntekter. Endring i verdi av rentederivat knytt til sikring av finanskostnader visast på eiga linje under finanspostar. Endring i derivat som ikkje er gått til levering vert ført over totalresultat. Verdi ved innløysing/avgang av derivat vert ført som driftsinntekt.

Ein gevinst eller eit tap på ein finansiell eigedel tilgjengeleg for sal skal innreknast i oppstilling Utvida resultat SFE konsern unntatt når det gjeld tap ved verdifall og valutagevinster og -tap, inntil den finansielle eigedelen vert frårekna. Dersom verdifall på finansielle eigedelar heldt for sal er konstatert, vert det samla tapet, målt som differansen mellom kjøpskost og verkeleg verdi, redusert for eventuelt tidligare resultatførte nedskrivningar, tatt ut av eigenkapitalen og vert rekneskapsført i resultatrekneskapet. Valutagevinster og -tap knytt til finansielle eigedelar tilgjengeleg for sal som er gjeldsinstrument vert innrekna i resultatrekneskapet medan valutagevinstar og tap knytt til andre finansielle eigedelar tilgjengeleg for sal vert innrekna i oppstilling Utvida resultat SFE konsern.

For finansielle eigedelar og finansielle forpliktingar som er rekneskapsført til amortisert kost vert ein gevinst eller eit tap innrekna i resultatet når den finansielle eigedelen eller den finansielle forpliktinga vert frårekna eller fell i verdi. I tillegg kjem gevinst eller tap i sjølve amortiseringsprosessen.

Obligasjonslån tatt opp til fastrente kan bli swappa til flytande rente for å styre renterisiko og sikre bokført balanseverdi på lån. Endringar i marknadsrenta vil medføre motsvarande endringar i verkeleg verdi på derivata. Utgangspunktet vert då at selskapet har eit lån som skal rekneskapsførast til amortisert kost og eit derivat som skal rekneskapsførast til verkeleg verdi, noko som gjev ein rekneskapsmessig «mismatch». Selskapet nyttar då seg av verkeleg verdi opsjon (Fair Value Option) som gjer det mogleg å føre lånet til verkeleg verdi.

### PRESENTASJON OG MOTREKNING AV FINANSIELLE EIGEDELAR OG FORPLIKTINGAR

Derivat som har forfall seinare enn 12 månader etter rapporteringstidspunktet vert presentert som langsiktige. Finansielle kraftderivat vert motrekna og presentert netto i balansen når det føreligg rett til motrekning og ein har til hensikt å gjere opp eller å realisere eigedelen og forpliktinga samtidig.

### DERIVATER OG SIKRING

Derivater er klassifisert som heldt for omsetning og inngår i finansielle instrument til verkeleg verdi med verdiendring over resultat, med mindre desse inngår som sikringsinstrument i ein sikringsrelasjon.

Identifisering av finansielle instrument som skal inngå som sikringsinstrument i ein sikringsføring skjer med utgangspunkt i intensjonen ved kjøpet av det finansielle instrumentet. Dersom finansielle instrument er kjøpt med intensjon om å oppnå ein økonomisk sikringseffekt, vert det gjort ei nærare vurdering for å kunne dokumentere at instrumentet oppfyller kravet til sikringsføring.

SFE har derivat innanfor energihandel knytt til finansielt kjøp/sal av kraft og valuta. Tilsvarande har konsernet finansielle instrument av typen rentebytteavtaler innanfor finansområdet. Energiderivata er i bruk som ein del av ein økonomisk sikringsstrategi men tilfredsstillar ikkje dei formelle krava til sikringsbokføring i IAS 39. Verdiendringar på desse derivata blir såleis ført over resultatet. Valutaderivat inngått for sikring av Euro-kontantstraumar frå sal av kraftproduksjon blir sikringsbokført som kontantstraumsikring med resultatendring over utvida resultat (OCI). SFE har ikkje andre typar valutasikringar pr 31.12. SFE har 2 rentebytteavtalar som blir sikringsbokført som kontantstraumsikring og 1 rentebytteavtale som blir sikringsbokført som verdisikring. Desse rentebytteavtalane tilfredsstillar krava til sikringsbokføring i IAS 39. SFE har også 2 rentebytteavtalar som ikkje tilfredsstillar krava til sikringsbokføring. Verdiendringar på desse avtalane blir ført over resultatet.

### FORRETNINGSSEGMENT

SFE konsernet rapporterer segment etter IFRS 8 Driftssegmenter. IFRS 8 grupperer segmentene i samsvar med korleis verksemda er organisert for interne styringsformål. Den informasjonen leiinga nyttar til å ta avgjerder skal og reflekterast i segmentrapporteringa. SFE sin segmentnote viser derfor rekneskapsposter for konsernet sine ulike dotterselskap. Finansiell informasjon om segment er presentert i note 6. I segmentrapporteringa er internforteneste ved sal mellom dei ulike segmenta eliminert.

### KONTANTGENERERANDE EINING

Ein kontantgenererande eining (KGE) er det lågaste nivået uavhengige kontantstraumar kan målast på. Det øvste nivået på ein KGE er eit rapportert driftssegment. KGE i SFE er følgjande:

**Vasskraftverk:** Kraftverk som ligg i same vassdrag og som vert styrt samla for å optimalisere kraftproduksjonen.

**Nettverksemd:** Sentralnett og regional/distribusjonsnett.



## LÅNEKOSTNADER

Låneutgifter ved tilverking av egedelar vert kapitalisert som ein del av egedelen sin anskaffelseskost når det er sannsynleg at dei vil føre til framtidige økonomiske fordelar for konsernet og utgiftene kan målast på ein påliteleg måte. Midlar vert lånt inn på generelt grunnlag og det vert nytta ein sats for kapitalisering på utgiftene lik det veide gjennomsnitt av låneutgifter i perioden.

Andre låneutgifter vert rekna som ein kostnad i den rekneskapsperioden dei har påløpt.

## SKATT

Kraftnæringa er underlagt fire forskjellige skattetypar. Det er alminneleg skatt på overskot, grunnrenteskatt, naturressursskatt og eigedomsskatt basert på spesielle takseringsprinsipp for vasskraftverk.

Eigedomsskatt er klassifisert som driftskostnad i resultatrekneskapet.

### OVERSKOTSSKATT

Skattekostnad er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skattefordel/ skatteforpliktning vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom skattemessige og konsoliderte rekneskapsmessige verdier på egedelar og gjeld ved bruk av gjeldsmetoden.

Utsett skattefordel vert balanseført i den grad det er sannsynleg at selskapet vil få framtidig skattbar inntekt og at dei midlertidige forskjellane kan trekkast i frå i denne inntekta. Tidligere ikkje rekneskapsført utsett skattefordel vert resultatført i den grad det har blitt sannsynleg at konsernet kan nytte seg av den utsette skattefordelen. Likedan vil konsernet redusere utsett skattefordel i den grad konsernet ikkje lenger ser det som sannsynleg at det kan nyttiggjere seg av den utsette skattefordelen.

Utsett skatteforpliktning og utsett skattefordel er målt basert på forventade framtidig skattesats til dei selskapa i konsernet der det har oppstått midlertidige forskjellar.

Utsett skatteforpliktning og utsett skattefordel vert ført opp til nominell verdi og er klassifisert som finansielt anleggsmiddel (langsiktig forpliktning) i balansen.

Betalbar skatt og utsett skatt er rekneskapsført direkte mot eigenkapitalen i den grad skattepostane relaterer seg til eigenkapitaltransaksjonar.

### GRUNNRENTESKATT

Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Negativt grunnrenteskattgrunnlag som har oppstått frå og med 2007 for eit kraftverk kan overførast til anna kraftverk eller kan utbetalast. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkastinga ein vasskraftproducent har utover normalavkastning som følgje av at produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skattearten er delvis overskotsuavhengig.

Skattekostnaden knytt til grunnrente i SFE sitt resultat-

rekneskap består av betalbar grunnrenteskatt, endring i utsett skatt knytt til grunnrente med basis i endring i midlertidige skilnader og endring i framførbart underskot knytt til grunnrente. Ved berekning av utsett skatt fordel/forpliktning 31.12 er det brukt nominell skattesats. I samsvar med tilråding frå bransjeorganisasjon er det ved negative midlertidige skilnader balanseført utsett skatt fordel grunnrente for kraftverk som er i posisjon for betalbar grunnrenteskatt eller som våre prognoser seier vil vere i betalbar posisjon i løpet av ein 10-årsperiode. Utsett skatt fordel/forpliktning på grunnrente er presentert netto i balansen for alle kraftverk.

### NATURRESSURSSKATT

Naturressursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten kan utliknast krone for krone mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter.

### EIGEDOMSSKATT

Eigedomsskatten er ein overskotsuavhengig skatt. For kraftverk vert grunnlaget for eigedomsskatten fastsett i samband med skattelikninga. Øvrige anlegg vert verdisett gjennom ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjer inntil 0,7% av grunnlaget. I rekneskapan er eigedomsskatten teken med som ein driftskostnad.

### VARIGE DRIFTSMIDDEL

Varige driftsmiddel vert målt til kostpris, redusert for akkumulerte av- og nedskrivningar. Når egedelar vert selt eller avhenda, vert balanseført verdi frårekna og eventuelt tap eller gevinst vert resultatført.

Kostpris for varige driftsmiddel er kjøpspris, inkludert avgifter/ skattar og direkte kostnader for å sette anleggsmiddelet i stand for bruk. Lånekostnad vert berekna og inkludert i kostpris.

Utgifter oppstått etter at driftsmiddelet er tatt i bruk, så som vanleg vedlikehald, vert resultatført medan utgifter som ein forventar vil gje framtidige økonomiske fordelar vert balanseført.

Vesentlege delar av driftsmiddelet som har ulik avskrivningstid, vert dekomponert og avskrive kvar for seg.

Varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventade levetid. Det er lagt til grunn følgjande levetider:

Kraftproduksjonsanlegg	25-75 år
Nettanlegg	25-35 år
Teleanlegg, driftssentral med meir	10-50 år
Driftslausøre	3-30 år

Driftsmidlane si levetid samt restlevetid, vert vurdert på balansedagen og vert endra om nødvendig.

Dersom balanseført verdi på eit driftsmiddel er høgare enn estimert verkeleg verdi, vert verdien nedskrive til verkeleg verdi.

Anlegg i arbeid er klassifisert som anleggsmiddel og er oppført til kost fram til ferdigstilling. Anlegg i arbeid vert ikkje avskrive for anlegget vert tatt i bruk.

## VEDLIKEHALD

Periodisk vedlikehald vert balanseført og avskrive over perioden fram til neste tilsvarende vedlikehald er forventa gjennomført. Periodisk vedlikehald med beløp over 1,0 MNOK vert aktivert. Lågare beløp til periodisk vedlikehald vert utgiftsført.

Ordinært vedlikehald vert kostnadsført ved utføring då ein føreset at kostnadane oppstår jamleg i løpet av anlegget si levetid. Utgifter som ein forventar vil gje framtidige økonomiske fordelar vert balanseført.

## LEIGEAVTALER

### KONSERNET SOM LEIGETAKER

#### Finansielle leigeavtaler:

Ei «finansiell leigeavtale» er ei leigeavtale som i hovudsak overfører all risiko og avkastning som om ein eig egedelen. Finansielle leigeavtaler vert ved leigeperioden sin start rekneskapsført til det lågaste av egedelen sin verkelege verdi og noverdien av leiga. Ved berekning av leigeavtala sin noverdi nyttar vi den implisitte rentekostnaden i leigeavtala om det er mogleg å berekne denne. I motsett fall nyttar vi selskapet si marginale lånerente. Direkte utgifter knytt til etablering av leige kontrakta er inkludert i kostprisen på egedelen.

Vi nyttar same avskrivningstid som for selskapet sine andre egedelar. Dersom det ikkje er rimeleg sikkert at vi overtek eigarskapet til egedelen ved utløpet av leigeperioden, vert egedelen avskriven over den kortaste av periodane for enten leigeavtala eller levetida til egedelen.

#### Operasjonelle leigeavtaler:

Leigeavtaler kor det vesentligaste av risiko og avkastning ikkje vert overført til leigetaker, vert klassifisert som operasjonelle leigeavtaler. Betaling av leige vert klassifisert som ein driftskostnad og vert resultatført linært over leigeperioden.

### KONSERNET SOM UTEIGAR

#### Finansielle leigeavtaler:

Konsernet presenterer utleigde egedelar som ein fordring lik nettoinvesteringa i leige kontrakta. Konsernet si finansinntekt vert fastsett slik at det vert oppnådd konstant avkastning på uteståande fordringar over kontraktsperioden. Direkte kostnader med å opprette leige kontrakta er inkludert i fordringa.

#### Operasjonelle leigeavtaler:

Konsernet presenterer egedelar som er utleigd som anleggsmiddel i balansen. Leigeinntekta vert inntekstført linært over leigeperioden. Direkte kostnader med å etablere den operasjonelle leigeavtala vert lagt til egedelen sin balanseførte verdi og vert kostnadsført i leigeperioden på same grunnlag som leigeinntekta.

## IMMATERIELLE EIGEDELAR

Immaterielle egedelar som er erverva separat vert balanseført til kostpris. Kostnaden ved immaterielle egedelar som er erverva ved oppkjøp vert balanseført til verkeleg verdi i opningsbalansen i konsernet. Balanseførte immaterielle egedelar vert rekneskapsført til kostpris, eventuelt redusert for av- og nedskrivningar.

Internt genererte immaterielle egedelar, med unntak av balanseførte utviklingskostnader, vert ikkje balanseført, men vert kostnadsført fortløpande.

Økonomisk levetid er enten tidsavgrensa eller tilnærma uendeleg. Immaterielle egedelar med bestemt levetid vert avskrivne i løpet av økonomisk levetid og vert testa for nedskrivning ved indikasjonar på det. Metode for avskrivning og periode vert vurdert minimum årleg. Endring i metode for avskrivning eller periode vert handsama som endring av estimat. Immaterielle egedelar med ubestemt levetid vert ikkje avskrivne.

### FALLRETTAR

I konsernrekneskapan er det balanseført verdier av fallrett som ein konsekvens av fusjonar og oppkjøp. Verdien av fallretten er framkomen som skilnaden mellom den totale verdien av kraftverket og fallrett med frådrag av gjenanskaffelseskostnaden for dei fysiske driftsmidla involvert i vasskraftproduksjonen i det aktuelle kraftverket. Desse fallrettane vert rekna som evigvarande og vert derfor ikkje avskrivne. Spesifikasjon av immaterielle egedelar er vist i note 7.

### GOODWILL

Teknisk goodwill er ein teknisk differanse angående utsatt skatt etter IAS 12.19 for fallrettar som ved oppkjøp er verdsatt basert på kontantstraumar etter skatt.

## ANLEGGSTILSKOT

Motekne anleggstilskot frå kundar vert klassifisert som driftsinntekt i samsvar med IFRIC 18 *Overføring av egedelar frå kundar*.

## VARELAGER

Verdien av lagerført materiell for drift og vedlikehald er ført opp etter innkjøpskost. Oppføringa samsvarar med listepreis frå leverandør. I rekneskapan er det avsett for ukurans.

Elsertifikatregisteret utsteder elsertifikat månaden etter kraftproduksjonen har funne stad, eit elsertifikat for kvar MWh elsertifikatberettiga kraftproduksjon. Elsertifikata vert inntektsført ved utsteding og klassifiseres som kraftsalsinntekter. Sertifikata vert balanseført som varelager. Dersom det går meir enn ein rekneskapsperiode før elsertifikata vert mottatt, vert fordringa vurdert til lågaste verdi av verkeleg verdi på produksjonstidspunktet og netto realisasjonsverdi der verdiendringa vert ført som ei justering av kraftsalsinntekter.

## FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar vert målt første gong til verkeleg verdi. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar og vert rekneskapsført når det føreligg indikasjonar på at konsernet ikkje vil få oppgjør i samsvar med opphaveleg krav.

## EIGENKAPITAL

### GJELD OG EIGENKAPITAL

Finansielle instrumenter er klassifisert som gjeld eller eigenkapital i samsvar med den underliggende realiteten.

### KOSTNADER VED EIGENKAPITALTRANSAKSJONAR

Transaksjonskostnader direkte knytt til ein eigenkapitaltransaksjon vert rekneskapsført direkte mot eigenkapitalen etter frådrag for skatt.

### OPPTENT EIGENKAPITAL

Opptent eigenkapital viser den samla nettoauka i verkeleg verdi av anleggsmiddel som er opptent utover innskoten eigenkapital. Opptent eigenkapital viser og den samla nettoendring i verkeleg verdi for finansielle instrument klassifisert for sal, inntil investeringa er avhenda eller det er konstatert at investeringa ikkje har noko verdi.

### MINORITETSINTERESSER

Minoritetsinteresser inkluderer minoriteten sin del av balanseført verdi av dotterselskap inkludert deira del av identifiserte meirverdiar på tidspunktet for oppkjøp.

### PENSJONAR – YTINGAR TIL TILSETTE

Selskapet har både innskotspensjon og ytelsespensjon.

#### INNSKOTSPENSJON

I ei innskotsordning betaler selskapet årleg det selskapet har forplikta seg til ved avtale. Selskapet har ikkje ytterlegare forpliktingar utover denne betalinga. Innskotet vert ført som ein lønskostnad når det vert betalt. SFE dekkjer alle kostnader med forvaltning av innskotspensjon.

#### YTELSESBASERT PENSJONSORDNING

Konsernet har ei ytelsesbasert pensjonsordning for nokre tilsette.

Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som definerer den pensjonsutbetalinga som ein tilsett vil få ved pensjonering. Pensjonen vert normalt fastsett som ein del av den tilsette si sluttlønn. Tilsette som ikkje har full opptening vil få pensjonen redusert i forhold til manglande opptening. Full oppteningstid i BKK Pensjonskasse er 30 år.

Periodens netto pensjonskostnad er inkludert i løn og sosiale kostnader og er summen av periodens pensjonsopptening, rentekostnad på berekna pensjonsforplikting og forventa avkastning på pensjonsmidlane.

Netto forplikting er berekna med utgangspunkt i noverdien av dei framtidige pensjonsyttingane (utover Folketrygda sine ytingar) som den tilsette har opptent pr. 31.12. redusert med verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Pensjonsforpliktingane er berekna med utgangspunkt i tilrådingar frå Norsk Rekneskaps Stifting når det gjeld diskonteringsrente, forventa lønsvekst og G-regulering. Berekingane er utført av aktuar og er gjort med føresetnad om ein kurva oppteningsmodell.

Spesifikasjon av pensjonskostnad og forplikting er vist i note 19.

Alle avvik i estimat (aktuarielle gevinstar og tap) vert tatt med i oppstilling Utvida resultat SFE konsern når dei oppstår.

### AVSETNINGAR

Ei avsetning vert rekneskapsført når konsernet har ei forplikting (rettsleg eller eiga avtale) som ei følge av ei tidligare hending, det er sannsynleg (meir sannsynleg eller ikkje) at det vert eit økonomisk oppgjær som følge av denne forpliktinga og størrelsen på beløpet kan målast på ein påliteleg måte. Om effekten er vesentleg, vert avsetninga berekna ved å neddiskontere forventa framtidige kontantstraumar med ei diskonteringsrente før skatt som svarar til marknaden si prissetting av tidsverdien av pengar og om det er relevant, som svarar til den risikoen som spesifikt er relatert til forpliktinga.

Ei avsetning for garanti vert tatt omsyn til når dei underliggende produkt eller tenester vert selt. Avsetninga vert gjort ut frå historiske data om garantiar og ei vekting av sannsynlege moglege utfall.

Ei avsetning for restrukturering vert tatt omsyn til når konsernet har godkjent ein detaljert og formell plan for restrukturering og restruktureringa enten har starta eller har blitt offentleggjort.

Avsetning for kontrakter som medfører tap vert tatt omsyn til når konsernet si forventa inntekt er lågare enn uunngåelege kostnader som er oppstått for å innfri forpliktinga etter kontrakten.

Konsernet rekneskapsfører avsetningar for miljømessige utbetringar, restrukturering og rettslege krav når: a) det eksisterer ein juridisk eller sjølvpålagt forplikting som følge av tidligare hendingar, b) det er overvekt av sannsyn for at forpliktinga kjem til oppgjær i form av ein økonomisk ressurs og c) størrelsen på forpliktinga kan estimerast med tilstrekkeleg grad av pålitlegheit. Det vert ikkje gjort avsetningar for driftstap.

I dei tilfella det føreligg forpliktingar av same natur, vert sannsyn for at forpliktinga kjem til oppgjær vurdert samla. Avsetning for konsernet vert rekneskapsført sjølv om sannsyn for oppgjær knytt til enkelte av hendingane kan vere låg.

Avsetningar vert målt til noverdien av forventa utbetalingar for å innfri forpliktinga. Det vert nytta ein diskonteringsrate før skatt som reflekterer noverande marknadssituasjon og spesifikk risiko for forpliktinga. Auke i forpliktinga som følge av endra tidsverdi vert ført som driftskostnad.

### UTBYTTE

Betaling av utbytte til selskapet sine aksjonærar vert klassifisert som gjeld frå det tidspunktet utbytte er vedtatt av generalforsamlinga.

## KONSESJONSAVGIFTER, KONSESJONSKRAFT OG ERSTATNINGAR

Det vert årleg betalt konsesjonsavgifter til stat og kommunar. Konsesjonsavgiftene vert berekna etter kraftgrunnlaget i konsesjonen. Det er NVE som fastset kraftgrunnlaget for kvar konsesjon. Kraftgrunnlaget er teoretisk berekna ut frå effekten kraftverket kan gje og vert berekna uavhengig av kraftverket sin faktiske produksjonskapasitet. Det er Olje- og energidepartementet som fastset avgiftssats og regulerer denne kvart 5 år.

Konsesjonsavgifter vert kostnadsført når dei oppstår.

Konsernet betalar erstatningar til grunneigarar for å få bruksrett til fallrettar og grunn. I tillegg vert det betalt erstatningar til andre for skade på skog, grunn, telenett og liknande. Utbetalingane av erstatning er til dels enkeltstående tilfelle og til dels fortløpande i form av utbetalingar eller plikt til å levere erstatningskraft. Årlege betalingar vert ført som andre driftskostnader. Erstatningar som vert gjort opp finansielt er vurdert etter IAS 39 og vert balanseført til verkeleg verdi som ei forplikting med resultatføring av verdiendringar. Fallrett vert ikkje avskriven då det ikkje føreligg rett til heimfall og verdiane vert sett på som evigvarande.

Det vert årleg levert konsesjonskraft til kommunar og fylkeskommune til prisar fastsett av Stortinget. Levering av konsesjonskraft vert inntektsført fortløpande etter fastsett pris på konsesjonskraft.

## MAGASINFYLING

I samsvar med etablert praksis i bransjen, er ikkje magasininfylling tatt med i oppstilling av finansiell stilling.

## NÆRSTÅANDE PARTAR

Alle transaksjonar mellom nærstående partar er basert på prinsippet om armlengdes avstand (antatt marknadsværdi). Sjå note 26 for nærare opplysningar.

## HENDINGAR ETTER 31.12.

Ny informasjon etter 31.12 om selskapet si finansielle stilling pr. 31.12 er det tatt omsyn til i årsrekneskapet. Hendingar etter 31.12 som ikkje påverkar selskapet si finansielle stilling pr. 31.12, men som er vesentlege og vil påverke selskapet si finansielle stilling i framtida, er det opplyst om.

## PRINSIPP FOR OPPSTILLING AV KONTANTSTRAUM

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at at ein i analysen tek utgangspunkt i føretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontantstraumar tilført frå henholdsvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

## PRINSIPP FOR TESTING AV NEDSKRIVING

SFE vurderar behov for nedskrivning i samsvar med IAS 36 Verdifall på eigedelar. Her vert det fastsatt måtar for å sikre at eigedelane ikkje vert rekneskapsført til høgre verdi enn gjenvinnbart beløp.

Gjenvinnbart beløp er høgste verdi av verkeleg verdi redusert for salgskostnader og bruksverdi. Bruksverdi er noverdien

av framtidige kontantstraumar diskontert ved bruk av eit avkastningskrav som svarar til marknaden sitt avkastningskrav for tilsvarande eigedelar innanfor vår bransje. Estimert bruksverdi er spesielt sensitiv for endringar i framtidige kraftprisar, avkastningskrav, produsert volum og driftskostnader. For vasskraft vert nedskrivingsvurderingane gjort i eit evigvarande perspektiv, då fallrettane er evigvarande og vi vurderer vasskrafta til å vere ein langsiktig etterspurd ressurs.

Ved vurdering av verdifall grupperer ein anleggsmidlane på det lågaste nivået der det er mogeleg å skilje ut uavhengige kontantstraumar (kontantgenererande einingar KGE). Det øverste nivået på KGE er eit forretningsområde. KGE i SFE er følgjande:

- Vasskraftverk: Kraftverk som ligg i same vassdrag og som vert styrt samla for å optimalisere kraftproduksjonen. Ved test for verdifall vert fallrettane, teknisk goodwill og andre rettar gruppert saman med dei tilhøyrande kraftverka som til saman utgjer dei kontantgenererande einingane.
- Nettverksemd: Sentral og regional/distribusjonsnett

SFE offentleggjer sitt rekneskap kvart halvår. Ved kvar offentleggjing av rekneskap skal det takast stilling til om det er eksterne eller interne indikasjonar på verdifall på eigedelane. Dersom analyse viser at det er indikasjon på verditap vert det gjort berekningar.

I dei tilfelle berekningane viser at balanseført verdi er høgre enn gjenvinnbart beløp vert verdinedgangen rekneskapsført i rekneskap og balanse. Tilsvarande prosedyre vert gjennomført ved reversering av tidlige nedskrivningar. Eventuell nedskrivning vert gjort i følgjande rekkefølge først teknisk goodwill, deretter fallrett og så fysiske driftsmidler. For kvar rapportering vurderer ein grunnlaget for reversering av tidlige nedskrivningar unntatt for teknisk goodwill der tidlige nedskrivningar ikkje er reversible.

SFE sitt revisjonsutval vert informert kvart halvår om forhold som kan medføre nedskrivning av eigedelar. Særleg merksemd rettast mot dei eigedelar der følgjande situasjon er til stades:

- Forskjellen mellom bokført verdi og gjenvinnbart beløp er liten
- Lågare forventningar til marknaden, usikkert regulatorisk rammeverk eller usikkerheit knytt til gjennomføring av prosjekt
- Strukturelle endringar i marknadsforhold som medfører endra forventningar til langsiktige kraftprisar
- Nedskrivning er gjennomført i tidlige periodar

For immaterielle eigedelar som ikkje vert avskriven bereknast gjenvinnbart beløp ved kvar rapportering uavhengig av indikasjonar på plikt til nedskrivning.

Sjå note 4 for meir utfyllande informasjon om estimat og føresetnader.

For SFE sine investeringar i eksternt forvalta vekstfond er verdifastsetting basert på fonda sine egne vurderingar. Desse er basert på EVCA (European Venture Capital Association). Nedskrivning i SFE sine rekneskap vert gjennomført i den utstrekning fondet sine egne vurderingar tilseier det.

## STANDARDE, ENDRINGAR OG FORTOLKNINGAR TIL EKSISTERANDE STANDARDE SOM IKKJE ER TRÅDT I KRAFT OG DER KONSERNET IKKJE HAR VALT Å TA DEI I BRUK I ÅRSREKNESKAPEN FOR 2017.

Fleire nye standarder, endringar i standarder og fortolkningar er pliktige for framtidige årsrekneskap.

### IFRS 9 FINANSIELLE INSTRUMENT

I juli 2014 publiserte IASB det siste delprosjektet i IFRS 9 og arbeidet med standarden er no ferdig. IFRS 9 medfører endringar knytt til klassifisering og måling, sikringsbokføring og nedskrivning og vil erstatte IAS 39 Finansielle instrumenter – innrekning og måling. Dei delane av IAS 39 som ikkje er endra som ledd i dette prosjektet er overført og tatt inn i IFRS 9. Endringane trer i kraft frå og med rekneskapsåret 2018.

SFE har gjennomført ei analyse av effektar av den nye standarden og har konkludert med at den ikkje vil ha vesentlege effektar på vår måling og rapportering av finansielle instrument. Det er ikkje behov for å utarbeide samanlikningstal eller justere opningsbalansen ved implementering av IFRS 9.

Kategoriene for finansielle egedelar har endra seg. Kategoriene som er relevante for SFE er:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi over resultatet
- Verkeleg verdi mot utvida resultat

Dei nye kategoriene har ikkje nokon innverknad på måling av finansielle egedelar. Dei har berre innverknad på klassifiseringa av finansielle instrument i noteverket.

Aksjepostar som tidlegare vart klassifisert som «Tilgjengeleg for sal» vart målt til verkeleg verdi via utvida resultat i samsvar med IAS 39. I IFRS 9 er mogleg å velje om endringar i verkeleg verdi skal innrekna i resultatrekneskapet eller mot utvida resultat. SFE gjer ei endring frå og med 01.01.2018 då vi no vil måle egedelen til verkeleg verdi der verdiendringar vert innrekna i resultatrekneskapet for eksisterande aksjar og framtidige aksjepostar.

Den nye standarden opnar for fleire moglegheiter for å nytte sikringsbokføring. SFE gjer ingen endringar i så tilfelle som følgje av implementeringa av IFRS 9.

Det vert ei endring der man går frå ein konstatert tapsmodell til ein forventa tapsmodell. Tap på fordringar vert innrekna på eit tidlegare tidspunkt i samsvar med IFRS 9. Verknaden er ikkje vesentleg for SFE.

### IFRS 15 INNTEKTER FRÅ KUNDEKONTRAKTER

IFRS 15 er ein ny felles standard for inntektsføring. IFRS 15 Inntekter frå kundekontrakter erstattar alle eksisterande standardar og fortolkningar for inntektsføring. Hovudprinsippet for IFRS 15 er at inntekter vert rekneskapsført når ein kunde oppnår kontroll over ei vare eller ei teneste og kunden dermed har moglegheit til å bestemme bruken av og kan motta fordelane frå vara eller tenesta. Inntektsført beløp skal reflektere vederlaget som eit foretak forventar å ha rett til i bytte for varer eller tenester til ein kunde. Standarden gjeld for alle type kontrakter som gir eit form for vederlag og inneheld også ein modell for innrekning og måling for sal av enkelte ikkje-finansielle egedeler (til dømes sal av egedom, anlegg og utstyr). Standarden er basert på ein femstegsmodell der steg 1 er identifisering av ei kundekontrakt, steg 2 er identifikasjon av leveringsforpliktinga i kontrakten, steg 3 er fastsetting av transaksjonspris, steg 4 er allokering av transaksjonsprisen til separate leveringsforpliktingar og steg 5 er inntektsføring ved oppfylling av leveringsforplikting.

Endringane trer i kraft frå og med rekneskapsåret 2018.

SFE har vurdert standarden opp mot våre ulike forretningsområder produksjon, nettverksemd og sal av kraft til sluttbrukar. Ein vesentleg del av SFE sin aktivitet er produksjon av kraft som er ein type verksemd som er omfatta av IFRS 15. Ved fastsetting av sal av kraft på børs, t.d. Nord Pool, har vi ikkje identifisert effektane ved implementering av IFRS 15 med omsyn til innrekning, måling og presentasjon. Etter IFRS 15 skal vi presentere brutto driftsinntekter frå sal til kundar noko som allereie er SFE sin praksis.

SFE si nettverksemd mottar monetære ytingar frå kundar knytt til infrastruktur. Då IFRS 15 erstatter IAS 18 og IFRIC 18 har vi vurdert om slike monetære ytingar skal rekneskapsførast som ein reduksjon av kostnaden for egedelen eller som omsetning, enten på faktureringsdato eller som omsetning periodiserast over tid. Vår vurdering er at regelverket tillèt at SFE vidarefører dagens praksis med inntektsføring på fakturadato. Vi ser at ein kan tolke IFRS 15 ulikt på dette punktet og vi er kjent med at dette er eit tema som vert diskutert med anna av dei store revisjonsselskapa i Noreg. Vi vil følgje dei faglege utgreiingane av IFRS 15 nøye og eventuelt endre praksis om det vert utfallet av desse diskusjonane. I tabell under er den rekneskapsmessige verknaden på inntekta vist ved dagens praksis og ved endra praksis.



Beløp i 1.000 kr.

		2017	2016
Dagens praksis	Inntektsføring av monetære ytingar	34 284	32 894
Periodisering av inntekt over tid	Årleg inntektsføring av monetære ytingar	1 143	1 096
Reduksjon av kostnaden for eigedelen	Redusert balanseført beløp som anleggsmiddel	34 284	32 894

IFRS 15 skal implementerast enten ved bruk av full retrospektiv eller modifisert metode. SFE implementerer IFRS 15 etter modifisert metode. Det er ikkje behov for å utarbeide samanlikningstal eller justere opningsbalansen ved implementering av IFRS 15.

### IFRS 16 LEIGEAVTALER

IFRS 16 gir prinsipp for innrekning, måling, presentasjon og noteopplysningar for leigeavtaler. Standarden krev at leigetakar balansefører eigedelar og gjeld for dei fleste typar leigeavtaler. Standarden inkluderer to unntak frå kravet om balanseføring, leige av eigedelar med låg verdi og kortsiktige leigeavtaler på 12 månader eller kortare. Etter IFRS 16 er ei leigeavtale ei kontrakt som overfører retten til å nytte den underliggende eigedelen for ein periode mot eit vederlag. Ei kontrakt overfører retten til å kontrollere bruken av ein identifisert eigedel dersom kunden gjennom leigeperioden har rett til å (1) motta så godt som alle dei økonomiske fordelane frå bruken av den identifiserte eigedelen og (2) bestemme bruken av den identifiserte eigedelen.

Standarden er foreløpig ikkje godkjent av EU, men ein reknar med at standarden vil gjelde frå 01.januar 2019.

SFE har kartlagt alle sentrale avtaler og gjort ei førebels vurdering av dei rekneskapsmessige effektane av IFRS 16. Standarden medfører at SFE må balanseføre nokre fleire eigedelar enn i dag. Vi estimerer at vi må balanseføre 15-25 MNOK meir som anleggsmiddel enn pr. 31.12.2017 derav noko under halvparten av dette som immaterielle eigedelar. Estimater er gjort på ei førebels vurdering og kan endre seg innan 01.01.2019.

I tillegg til dei standardane som er omtalt ovanfor, har følgjande nye og reviderte IFRS-standarder blitt vedtatt, men er ikkje ennå gjeldande og i nokre tilfelle heller ikkje vedtekte av EU:

- IFRIC 22 (fortolkning) Transaksjonar og forskotsbetalingar i valuta
- IFRS 10 og IAS 28 (endringar) – Sal eller overføring av eigedelar mellom investor og tilknytta foretak eller felleskontrollerte verksemdar
- Årlege forbetringar av IFRS-standarder 2014-2016
- Årlege forbetringar av IFRS-standarder 2015-2017

SFE forventar ikkje at implementeringa av desse endringane vil medføre vesentlege effektar i våre årsrekneskap i framtida.

## 3

### FINANSIELL MARKNADSRISIKO FINANSIELLE RISIKOFAKTORAR

SFE konsernet sine aktivitetar medfører ulike typar risiko: marknadsrisiko (inkludert prisrisiko, valutarisiko og renterisiko), kredittrisiko og likviditetsrisiko. Styring av risiko følgjer mål og rammer fastsatt av styret. Energipriserisiko knytt til krafthandel vert styrt av SFE Produksjon medan selskapet Sogn og Fjordane Energi styrer rente, valuta og likviditetsrisiko. Konsernet har avgrensa kredittrisiko. Kredittrisiko vert styrt av det enkelte selskap.

#### MARKNADSRISIKO

##### Prisrisiko:

Konsernet er utsatt for risiko knytt til utviklinga i råvareprisar då konsernet sine framtidige inntekter frå kraftproduksjon i vesentleg grad vert påverka av utviklinga i elkraftprisen. For å handsame og redusere denne risikoen har styret vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein del av krafta skal vere seld for dei første åra. På denne måten vert SFE sitt årsresultat mindre utsett for svingingane i kraftprisane enn det som elles ville vore tilfelle. Det er etablert rutinar som sørgjer for at dei fastsette posisjonane vert overhaldne. Produkt SFE handlar for å redusere risikoen er futures og forwards på NASDAQ OMX Commodities, og forwards i den bilaterale marknaden. I tillegg handlar SFE sals- og kjøpsopsjonar for sikringsformål.

I tillegg vert det inngått finansielle kontrakter som vert definert som tradingportefølje. Tradingportefølja har ei ramme for totalbeløp og maksimalbeløp for årleg opsjonsramme, samt eit avkastningskrav på anvendt totalbeløp. Resultat vert målt kontinuerlig. Ramma for tradingportefølje vert sett av konsernstyret. Total ramme er 25 MNOK og maksimal årleg opsjonsramme er 2 MNOK.

I porteføljene, som begge er klassifisert i balansen som derivat til verkeleg verdi over resultatet, vert det handla futures og forwards på NASDAQ OMX Commodities. Porteføljeverdien av inngåtte finansielle kraftkontrakter varierer med dei til ei kvar tid gjeldande terminprisane i den nordiske kraftmarknaden.

Konsernet har og andre finansielle kraftavtalar som er utsett for vesentleg prisrisiko. Det gjeld frikraftforpliktingar og forskotsbetalte kraftsalsavtalar. Desse avtalane vert klassifisert som andre forpliktingar til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet.

I analysa under er det vist kva innverknad ein auke eller ein reduksjon i terminkursane vil ha på konsernet sitt resultat etter skatt. For endring i kraftpris er analysa basert på at samtlige terminprisar endrar seg 30 % i kvar retning. Alle andre variablar vert haldne konstant.

**31.12.2017**

Beløp i 1.000 kr.

Resultatverknad ved endring i kraftpris	Verkeleg verdi	+30%	-30 %
Finansielle instrument kraftkontrakter	-2 482	-25 380	25 380
Frikraftforpliktingar med finansielt oppgjør	-108 766	-7 546	7 546
Øvrige finansielle kraftavtaler/forpliktingar	98	-2 958	2 958
<b>SUM</b>	<b>-111 150</b>	<b>-35 884</b>	<b>35 884</b>

**31.12.2016**

Beløp i 1.000 kr.

Resultatverknad ved endring i kraftpris	Verkeleg verdi	+30%	-30 %
Finansielle instrument kraftkontrakter	-17 096	-27 004	27 004
Frikraftforpliktingar med finansielt oppgjør	-96 450	-10 898	10 898
Øvrige finansielle kraftavtaler/forpliktingar	-9 325	-3 856	3 856
<b>SUM</b>	<b>-122 871</b>	<b>-41 758</b>	<b>41 758</b>

Alle postane i tabellen vert balanseført til verkeleg verdi over resultatet.

**Valutarisiko:**

SFE har vedteke ein valutastrategi som seier at ein andel av konsernet sine forventade Euro-kontantstraumar frå sal av kraftproduksjon i valuta kan valutasikrast. Valutarisiko kan sikrast maksimalt 10 år fram i tid med fallande sikringsramme utover i tid. Valutarisiko utgjør både direkte og indirekte ein økonomisk risiko, ved at den fysiske kraftprisen og alle finansielle avtaler på NASDAQ OMX Commodities vert fastsett i Euro. SFE praktiserer sikringsbøkføring av valutasikring der verdiendringar på sikringsinstrumenta blir ført mot eigenkapitalen over utvida resultat (OCI), dvs kontantstraumssikring.

Sidan SFE praktiserer kontantstraumssikring så vil ikkje endringar i EUR/NOK kursen påverke konsernet sitt ordinære resultat, men utvida resultat (OCI) blir påverka av kursendringar som vist i tabellen under. SFE har pr 31.12.2017 inngått valutasikringskontrakter på totalt 98,3 MEUR.

**31.12.2017**

Beløp i 1.000 kr.

Resultatverknad utvida resultat ved endring i valutakurs	Verkeleg verdi	Auke EURNOK + 0,1 kr	Nedgang EURNOK - 0,1 kr
Sikringsbøkførte valutaterminar (kontantstraumssikring)	-32 952	-9 830	9 830
<b>SUM</b>	<b>-32 952</b>	<b>-9 830</b>	<b>9 830</b>

**31.12.2016**

Beløp i 1.000 kr.

Resultatverknad utvida resultat ved endring i valutakurs	Verkeleg verdi	Auke EURNOK + 0,1 kr	Nedgang EURNOK - 0,1 kr
Sikringsbøkførte valutaterminar (kontantstraumssikring)	13 223	-6 280	6 280
<b>SUM</b>	<b>13 223</b>	<b>-6 280</b>	<b>6 280</b>

**Flytande rente- og fastrenterisiko:**

Rentesvingingar påverkar SFE sin kontantstraum og resultat på fleire måtar. I tillegg til å påverke finanskostnadane, påverkar rentesvingingar blant anna inntektsramma for nettverksemda, grunnrenteskatten for produksjonsverksemda og pensjonskostnadane.

Konsernet sin renterisiko er i størst grad knytt til langsiktig gjeld og sertifikatlån. I tillegg til langsiktig gjeld og sertifikatlån i SFE konsernet, er konsernet eksponert mot andel av gjeld i tilknytt selskap. Lån med flytande rente medfører ein risiko for auka finanskostnader i resultatrekneskapen.

Lån med fast rente vert bøkført til amortisert kost slik at endringar i verkeleg verdi ikkje vert resultatført. Unntak frå det er lån som er sikringsobjekt i verkeleg verdi sikring. Det gjeld for obligasjonslån som er «swappa» frå fast til flytande rente.

Rentebytteavtalar (flytande til fast rente) og tilhøyrande sikringsobjekt vert balanseført til verkeleg verdi. Det er ingen resultat-/eigenkapitalføring sidan renteswap og sikringsobjekt har same verdiendring, med motsett forteikn. Eventuell ineffektivitet vert resultatført.

I tillegg har SFE konsernet langsiktige finansielle kraftforpliktingar som vert påverka av endring i rente. Endring i verkeleg verdi på desse forpliktingane vert ført til verkeleg verdi over resultatet.

Oppfølging av styret sine rammer vert rapportert løpande til styret.

**31.12.2017**
*Beløp i 1.000 kr*

Resultatverknad etter skatt ved endring i rentenivå	Verkeleg verdi	+ 50 bp	-50 bp
Finansielle instrument kraftkontrakter	-2 482	0	0
Frikraftforpliktingar med finansielt oppgjør	-108 766	-	-
Avsetning mogleg kjøpskostnad Østerbø kv.	-66 423		
Finansiell leigeavtale	84 192	7 846	-7 683
Øvrige finansielle kraftavtaler/forpliktingar	-6 661		
Sikringsbokførte renteswappar (kontantstrømssikring)	-4 263	-	-
Sikringsbokførte renteswappar (verkeleg verdi sikring)	9 882		
Ikkje sikringsbokførte renteswappar	-8 167	1 178	-1 199
Utlån til Hovland Kraft	19 778	76	-76
Langsiktig lånegjeld	-2 121 151	-3 123	3 123
<b>SUM</b>	<b>-2 204 061</b>	<b>5 977</b>	<b>-5 835</b>

**31.12.2016**
*Beløp i 1.000 kr*

Resultatverknad etter skatt ved endring i rentenivå	Verkeleg verdi	+ 50 bp	-50 bp
Finansielle instrument kraftkontrakter	-17 097	1	0
Frikraftforpliktingar med finansielt oppgjør	-96 450	-	-
Finansiell leigeavtale	69 598	12 188	-10 251
Øvrige finansielle kraftavtaler/forpliktingar	-9 325		
Sikringsbokførte renteswappar (kontantstrømssikring)	-6 261	-	-
Sikringsbokførte renteswappar (verkeleg verdi sikring)	11 365		
Ikkje sikringsbokførte renteswappar	-11 861	1 923	-1 964
Utlån til Hovland Kraft	20 425	78	-78
Langsiktig lånegjeld	-2 182 634	-3 373	3 373
<b>SUM</b>	<b>-2 222 240</b>	<b>10 817</b>	<b>-8 920</b>

SFE har 2 renteswappar pr 31.12.2017 som blir sikringsbokført som kontantstrømssikringar. Endring i rentenivå gir slike verdiendringar i utvida resultat:

**31.12.2017**
*Beløp i 1.000 kr*

Resultatverknad utvida resultat ved endring i rentenivå	Verkeleg verdi	+ 50 bp	-50 bp
Sikringsbokførte renteswappar (kontantstrømssikring)	-4 263	874	-883
<b>SUM</b>	<b>-4 263</b>	<b>874</b>	<b>-883</b>

**31.12.2016**
*Beløp i 1.000 kr*

Resultatverknad utvida resultat ved endring i rentenivå	Verkeleg verdi	+ 50 bp	-50 bp
Sikringsbokførte renteswappar (kontantstrømssikring)	-6 261	1 428	-1 450
<b>SUM</b>	<b>-6 261</b>	<b>1 428</b>	<b>-1 450</b>

**Verknad på eigenkapital ved endring i rentenivå**
*Beløp i 1.000 kr*

Finansielle instrument rentederivat - kontantstrømsikring	2017	2016
Verkeleg verdi	-1 998	-2 788
+ 50 bp	874	1 428
- 50 bp	-883	-1 450

Dei finansielle instrumenta i tabellen vert balanseført til verkeleg verdi og verdiendringar blir ført over utvida resultat då dei er utpeikt som effektive sikringsinstrument.

## KREDITTRISIKO

Kredittrisiko oppstår ved sal til kundar, handel med derivat samt innskot i bankar og finansinstitusjonar. Konsernet sin kredittrisiko vert totalt sett vurdert som moderat. Det har historisk vore små tap på fordringar generelt.

### Kundar

Konsernet si omsetning til privat- og bedriftskundar er fordelt på ei diversifisert kunde-portefølje som består av mange og små kundar. Konsernet har følgjeleg ikkje noko vesentleg konsentrasjon av kredittrisiko knytt til kundar. SFE har rutinar for kva produkt og kundar som skal kredittsjekkast før sal. Betaling skjer i hovudsak ved etterskotvis fakturering. Betalingsevna og viljen til kundane har historisk vore god. Virkemidlar som blir nytta ved oppfølging av kundefordringar er purring på betaling, det vert inngått avdragsordningar for kundar med betalingsvanskar, det vert nytta inkassoselskap og vi stansar eventuelt våre leveransar.

SFE nyttar, med enkelte avvik, standard kundeavtaler som bransjeforeininga Energi Norge og Forbrukerombudet er einige om. Kunde vilkåra regulerer fakturering og betalingsfristar. Storleiken på kundefordringane følgjer normalt utviklinga i storleiken på omsetninga. Konsernet har ingen pant som tryggleik. Det er pr. 31.12.2017 avsett 1,2 MNOK til dekning på tap. Det utgjer om lag 0,9 % av kundefordringane. Viser og til note 14.

### Motpartsrisiko finansielle kraftkontrakter

Av finansielle kontrakter inngått i 2017 blir tilnærma 100 % cleara mot Nasdaq OMX. Når handlane vert cleara på Nasdaq OMX er det dette selskapet som er juridisk motpart og garanterer for oppgjeret, noko som gjer at motpartsrisiko vert minimal. Nasdaq OMX har clearinglisens frå Finanstilsynet. For kontrakter som vert gjort opp bilateralt er motparten foretak som SFE har gjort vurderingar av før kontraktsinngåing.

### Kredittrisiko øvrige finansielle kontrakter

SFE har kredittrisiko ved plassering av overskotslikviditet og som følgje av motpartsrisiko ved bruk av sikringsinstrumenter som blant anna rentebytteavtaler, o.l. Kredittrisikoen er avgrensa ved at berre bankar og selskap med høg kredittrating er motpartar.

### Fordringar

Postar som inngår her er andre kortsiktige fordringar, fordringar på nærstående partar og andre langsiktige fordringar. Kredittrisiko vert vurdert som liten då større postar er mot solide motpartar og øvrige postar er fordelt på mange motpartar. Konsernet har ingen pant som tryggleik. Forskjell mellom bokført verdi og kredittrisiko skuldast at nokon rekneskapspostar ikkje vert definert som kredittrisiko i henhold til IFRS 7, eksempelvis forskotsbetalte kostnader.

### Tabellen under viser ein oversikt over poster med kredittrisiko:

<i>Beløp 1.000 kr</i>	31.12.2017	31.12.2017	31.12.2016	31.12.2016
Maksimal kredittrisiko eksponering	Bokført verdi	Kredittrisiko	Bokført verdi	Kredittrisiko
<b>Anleggsmidler</b>				
Derivat	14 625	14 625	18 698	18 698
Finansiell lease	84 192	84 192	69 598	69 598
Andre fordringar	20 307	20 124	56 260	52 481
<b>Omløpsmidlar</b>				
Kundefordringar og andre fordringar	203 983	161 104	200 705	200 705
Derivat	12 912	12 912	20 735	20 735
Bankinnskot, kontanter og liknande	318 165	318 165	287 917	287 917
<b>SUM</b>	<b>654 184</b>	<b>611 122</b>	<b>653 913</b>	<b>650 134</b>

SFE har stilt garantiar ovanfor Nasdaq OMX Commodities, NordPool Spot, Statnett og Statkraft (Elsam/Dong-avtala) i samband med kraftomsetning.

## LIKVIDITETSRISIKO

Konsernet si økonomiavdeling har som ei oppgåve å sikre at SFE er finansiert slik at konsernet til ei kvar tid har likviditet til å møte løpande betalingsforpliktingar. Finansansvarleg overvaker konsernet sin likviditet gjennom rullerande prognosar basert på forventa kontantstrøm.

I tråd med konsernet sin finansstrategi har SFE ein vesentleg likviditetsreserve som kan stillast til disposisjon i løpet av kort tid. Pr. 31.12 består likviditetsreserven av bankinnskot og liknande på 318 MNOK og unytta trekkrettar/kassakredittar på 400 MNOK. SFE sine innlån skal ha ein diversifisert forfallsstruktur der maksimalt 40 % av samla lån forfell i ein 12 månaders periode og SFE sin likviditetsreserve skal vere stor nok til å dekke minimum 50% av refinansieringsbehovet 6 mnd fram i tid. Dei nemnde forhold saman med SFE sin høge kredittverdighet medfører at konsernet sin likviditetsrisiko vert vurdert som låg.

Tabellane under spesifiserer forfall av finansielle forpliktingar. Beløpa i tabellane er udiskonterte kontantstraumar. I forfallsanalysa er framtidige renter og avdrag inkludert. For estimerte renter er spotrenter nytta.

Forfallsanalyse for finansielle forpliktingar	31.12.2017	31.12.2016
<i>Beløp i 1.000 kr</i>		
Energiderivater	-2 482	17 097
Renteinstrument (netto)	1 665	6 564
Valutaderivat	32 951	0
Leverandørgjeld	75 089	55 698
Frikraftforpliktingar	108 766	96 450
Avsetning mogleg kjøpskostnad Østerbø kraftverk	66 423	0
Langsiktig gjeld og sertifikat (inkludert prognostiserte rentebetalinger)	2 563 193	2 650 573
<b>SUM</b>	<b>2 845 605</b>	<b>2 826 382</b>

Forfallsanalyse for finansielle forpliktingar	1.halvår 2018	2.halvår 2018	2019	2020	Seinare	SUM
<i>Beløp i 1.000 kr</i>						
<b>2017</b>						
Energiderivater	-2 117	1 641	-83	-122	-1 801	-2 482
Renteinstrumenter (netto)	-3 124	9 186	2 411	226	-7 034	1 665
Valutaderivat	2 518	2 419	4 911	4 237	18 866	32 951
Leverandørgjeld	75 089					75 089
Frikraftforpliktingar	2 500	2 500	5 100	5 100	93 566	108 766
Avsetning mogleg kjøpskostnad Østerbø kraftverk					66 423	66 423
Langsiktig gjeld og sertifikat (inkludert prognostiserte rentebetalinger)	358 669	13 463	309 437	63 097	1 818 527	2 563 193
<b>SUM</b>	<b>433 535</b>	<b>29 209</b>	<b>321 776</b>	<b>72 538</b>	<b>1 988 547</b>	<b>2 845 605</b>

Forfallsanalyse for finansielle forpliktingar	1.halvår 2017	2.halvår 2017	2018	2019	Seinare	SUM
<i>Beløp i 1.000 kr</i>						
<b>2016</b>						
Energiderivater	11 924	5 007	255	-139	50	17 097
Renteinstrumenter (netto)	-3 276	8 863	5 569	2 042	-6 634	6 564
Leverandørgjeld	55 698					55 698
Frikraftforpliktingar	1 900	1 900	3 800	3 800	85 050	96 450
Langsiktig gjeld og sertifikat (inkludert prognostiserte rentebetalinger)	517 541	13 154	265 566	311 301	1 543 011	2 650 573
<b>SUM</b>	<b>583 787</b>	<b>28 924</b>	<b>275 190</b>	<b>317 004</b>	<b>1 621 477</b>	<b>2 826 382</b>

## RISIKO KNYTT TIL KAPITALFORVALTNINGA

Konsernet sitt overordna mål for kapitalforvaltninga er å trygge fortsatt drift for å sikre avkastning til eigarane. Aksjonærane i SFE konsernet legg til grunn eit langsiktig perspektiv for utviklinga av konsernet der konsernet skal oppretthalde ein hensiktsmessig kapitalstruktur som balanserer omsynet til minimering av kapitalkostnader og konsernet sitt behov for finansiell handlefridom.

SFE sitt finansieringsbehov vert søkt dekkja i kapitalmarknaden til lågast mogleg kapitalkostnad innanfor dei rammer som konsernet sin finansielle strategi gjev. For å sikre konsernet sin finansielle handlefridom vektlegg vi å ha kredittlinjer som sikrar rask tilgong til kapital.

Fastsatt utbyttepolitikk er slik at konsernet skal vere sikra eit forsvarleg nivå på eigenkapitalen i eit langsiktig industrielt perspektiv. Aksjonærane i SFE legg vekt på ein stabil og forutseieleg utbyttepolitikk.



4

## ESTIMAT I REKNESKAPET FØRESETNADER OG ESTIMAT

Ved utarbeiding av årsrekneskapet har leiinga utøvd skjønn og nytta estimat og føresetnader som grunnlag for rekneskaps-postar. Dei prinsipp som er lagt til grunn og metode for utarbeiding av estimat, er i samsvar med IFRS. Faktisk resultat kan avvike frå estimatene.

Dei viktigaste føresetnadane og estimatene som har ein ikkje ubetydelig risiko for å medføre vesentlege endringar i innrekna beløp av egedelar og forplikingar i rekneskapsåret som kjem er diskutert nedanfor.

### VERKELEG VERDI AV FINANSIELLE INSTRUMENT

Verkeleg verdi av bilaterale energikontrakter er delvis berekna på føresetnader som ikkje er fullt ut observerbare i marknaden. Det gjeld særleg langsiktige bilaterale kraftkontrakter. Leiinga har i slike tilfelle basert sine vurderingar på den informasjon som er tilgjengeleg i marknaden kombinert med bruk av beste skjønn. Nærare informasjon om kva føresetnader som er brukt i verdsettinga av slike kontrakter er omtalt i note 10.

Volum solgt på bilaterale kraftkontrakter:

i GWh	2018	2019	2020	2021 og framover
Solgt volum	23,7	23,7	13,8	28,0

### VARIGE DRIFTSMIDLER

Varige driftsmidler vert avskrive over forventna brukstid og det gir grunnlaget for årlege avskrivningar i resultatrekneskapet. Forventa levetid vert estimert basert på erfaring, historikk og skjønnsmessige vurderingar og vert justert dersom det oppstår endringar i desse estimatene. Det vert tatt omsyn til restverdi ved fastsetting av avskrivningane. Vurderinga av restverdi er og basert på estimat.

### NEDSKRIVINGAR

Det er gjort store investeringar i varige driftsmidler, immaterielle egedelar og tilknyttta selskap og andre større aksjepostar. Desse anleggsmidlane vert testa for nedskrivning når det føreligg indikatorar på mogleg verdifall. Slike indikatorar er endringar i marknadsprisar, avtalestruktur, rentenivå, negative hendingar eller andre forhold ved drifta. Ved berekning av gjennvinnbart beløp må det gjerast ei rekke estimat angåande dei framtidige kontantstraumane, der estimat angåande prisbaner, avkastningskrav, produksjonsvolum og driftskostnader er dei viktigaste faktorane.

SFE har ikkje modellar for utarbeiding av eigen fundamental analyse for kraftpris- og elsertifikatprisprognose, men oppdaterer årleg forventningane til utvikling i langsiktige kraftprisar basert på observerbare marknadsdata og prognoser frå forskjellige anerkjente analyseselskap. Resultatet av den årlege oppdateringa av forventningar til langsiktige kraftprisar gjev grunnlag for både strategiske avgjerder og blir nytta i budsjett og langtidsprognoser som er handsama av styret. Dei same kraftprisane legg SFE til grunn ved berekning av verdi på konsernet sine varige driftsmidler og immaterielle egedelar.

Det er lagt til grunn ein hensiktsmessig prognoseperiode og deretter berekna ein restverdi med utgangspunkt i ein normalisert kontantstraum ved utgangen av perioden. Diskonteringsrente som er nytta er etter skatt, og tek omsyn til marknaden si prissetting av tidsverdien av pengar og til den kontantgenererande eininga sin risikoprofil i den relevante marknaden.

Produksjonsvolum som inngår i dei neddiskonterte kontantstraumane er den langsiktige forventna produksjon frå kraftverka. Volumestimatene er en kombinasjon av ekstern hydrologisk informasjon, historiske produksjonsdata og interne estimat.

Estimat på driftskostnader er basert på historiske data og langtidbudsjett. Omfattande framtidige investeringar som vil auke ytinga i kraftverka vert ikkje hensynteke i kontantstraumane. Fjerningsforplikting er normalt ikkje inkludert i berekninga av bruksverdi. Når bruksverdi vert berekna for varige driftsmidler som er under bygging vert gjenverande investeringskostnad inkludert.

Ein er tryggare på både produsert volum og nivået på driftskostnader gjennom historiske data enn nivået på framtidige kraftprisar og utvikling i avkastningskrav.

Estimat ved langvarig prisendring på -10 % for dei kraftverka der forskjellen mellom bokført verdi og gjennvinnbart beløp er liten og/eller nedskrivning er gjennomført i tidlige periodar vil resultere i ei nedskrivning i størrelsesorden 75 MNOK. Tilsvarende ville ei diskonteringsrente på 6,3% ikkje medført noko behov for nedskrivning.

For SFE sine investeringar i tilknyttta selskap og andre finansielle anleggsmidler, er berekningane så langt det er mogleg basert på noverdi av forventna kontantstraumar og prognose godkjent av selskapet si leiing, diskontert med eit marknadsrett avkastningskrav.

Vurderingar av gjennvinnbart beløp i form av salsverdi inngår i vurderingane når ein kan vise til marknadstransaksjonar som er relevante for vurderinga.

### UTSETT SKATTEFORDEL

I samsvar med tilråding frå bransjeorganisasjon er det ved negative midlertidige skilnader balanseført utsett skatt fordel grunnrente for kraftverk som er i posisjon for betalbar grunnrenteskatt eller som etter våre prognoser vil vere i betalbar posisjon i løpet av ein 10-årsperiode. Tidspunkt for når negativ grunnrenteinntekt kan komme til bruk er avhengig av føresetnader om framtidig inntekt, som igjen er avhengig av våre forventningar om framtidige kraftprisar og andre føresetnader som inngår i berekning av framtidig grunnrenteinntekt.

Utsett skattefordel vert tatt omsyn til for underskot til framføring og andre skattereduserande forskjellar i den utstrekning det er sannsynleg at selskapet vil få ei skattepliktig inntekt som underskot til framføring og dei andre skattereduserande forskjellane kan nyttast mot. Det er nødvendig med vesentleg skjønn frå leiinga for å fastsette størrelsen på rekneskapsført utsett skattefordel basert på tidspunkt og størrelse på framtidig skattepliktig inntekt samt framtidige strategiar for skatteplanlegging.

## PENSJONAR

Berekning av pensjonsforplikting inneberer bruk av skjønn og estimat på ei rekke parameter. Det vert vist til note 19 for nærare omtale av kva føresetnader som er lagt til grunn. I noten er det og omtale av kor sensitive berekningane er i forhold til dei viktigaste føresetnadane.

## KONSESJONSKRAFT

Levering av konsesjonskraft vert fortløpande inntektsført i samsvar med fastsatt pris på konsesjonskraft. For enkelte kontrakter om konsesjonskraft er det inngått avtale om finansielt oppgjør (tilbakekjøp). Konsesjonskraft med finansielt oppgjør er ikkje vurdert som derivat etter IAS 39, men vert handsama etter reglane for normalt kjøp og sal, dvs. som konsesjonskraft med fysisk levering. Forpliktinga knytt til konsesjonskraft vert følgjeleg ikkje rekneskapsført til marknadsverdi.

SFE sine avtaler om konsesjonskraft med finansielt oppgjør har kort løpetid og gjeld små kraftmengder. Samla utgjer avtaler om konsesjonskraft med finansielt oppgjør ei ikkje vesentleg forplikting pr. 31.12.

## FRIKRAFTFORPLIKTINGAR

SFE leverer frikraft til grunneigarar som kompensasjon for fallrettar. Noko av denne frikrafta vert gjort opp finansielt. Kontrakter der noko av oppgjeret vert gjort finansielt skal handsamast etter IAS 39. Desse avtalene representerer ein årleg kostnad i storleiksorden 4,1 MNOK. Vi balansefører verdien av desse avtalane som ei gjeld.

Etter SFE si vurdering reflekterer balanseført verdi ein øvre verdi av det som marknadsdeltakarar på måletidspunktet ville betalt for å overføre forpliktinga under dei gjeldande marknadsforholda.

Det eksisterer ikkje noko aktivt marked for frikjøp av frikraftforpliktingar eller identiske forpliktingar. Vi kjenner heller ikkje til konkrete avtaler om frikjøp av frikraftforpliktingar. SFE har derfor fastsett marknadsverdi basert på skjønn.

Sjå også note 17 Avsetningar, Usikre forpliktingar og betinga eigedelar for meir informasjon.

## 5

### VESENTLEGE REKNESKAPSPOSTAR

SFE Produksjon AS har inngått avtale med BKK AS om utbygging og drift av Østerbø Kraftverk. SFE skal eige 58 % av kraftverket og BKK 42 %. Våren 2017 starta ein på bygginga av kraftverket og kraftverket skal stå ferdig i løpet av 2020. Kraftverket vil levere ein årleg middelproduksjon på 165 GWh.

Fram til utbygginga er gjennomført og inntil 6 månader etter overlevering av kraftverket til driftsorganisasjonen, har BKK ein rett til å tre ut av samarbeidsprosjektet ved at SFE overtek BKK sin 42% eigardel med alle tilhøyrande rettar og plikter.

Som følgje av denne salsopsjonen har SFE 31.12.2017 balanseført 100 % av utbyggingskostnaden knytt til Østerbø kraftverk som anlegg i arbeid og balanseført ei forplikting for forventa vederlag til BKK om dei vel å nytte sin salsopsjon, jmf. kapittel om avsetningar i prinsippnote og spesifikasjon i note 17.

## 6

### SEGMENTINFORMASJON

Segmentrekneskapet vert avlagt etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegmenter i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjerder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene. Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemd er organisert i ulike segment som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på segment, underkonsern og på selskap.

Segmentet Energi omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, SFE Kraft, Flikk AS frå 08. desember 2017, Vestavind Kraft AS til og med 31. august, Vestavind Energi AS frå 01. september. Svelgen Kraft Holding AS er eigd med 56 % av SFE Produksjon og inngår som ein del av SFE-konsernet. Svelgen Kraft Holding AS eig 100 % av aksjane i Svelgen Kraft AS, Vestavind Energi AS, Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark AS.

Frå 01.01.2018 er Sunnfjord Energi AS eigar av 34% av aksjane i SFE Kraft AS etter ein fusjon med Sunnfjord Energi Kraft AS. Sunnfjord Energi AS har ein rett til å selje aksjane til SFE, og SFE har ein rett til å kjøpe Sunnfjord Energi AS sine aksjar i SFE Kraft innan 24 mnd etter at fusjonen er registrert i Brønnøysund. Sunnfjord Energi AS kan terminere opsjonsavtalane ved å melde dette seinast 12 mnd etter at fusjonen er registrert. Eventuelt transaksjonsbeløp vil ikkje overstige SFE si vesentleggrense på 50 MNOK.

Segmentet Energi omfattar forvaltning av konsernet sin samla produksjons-portefølgje frå heileigde, deleigde og leigde kraftverk med fysisk krafthandel på Nordpool Spot og finansiell krafthandel på Nasdaq OMX Commodities. Segmentet omfattar også sal av kraft til sluttbrukar og forvaltning av større sluttbrukarar sitt kraftbehov samt mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemd innanfor definerte rammer, samt sal av opprinnelsesgarantiar.

Nettverksemda si hovudverksemd er overføring og distribusjon av elkraft. Selskapet driv elles utleige av fiber og noko entreprenørarbeid.

Tenesteyting er selskapet Sogn og Fjordane Energi AS saman med dei to heileigde dotterselskapa Trolleskjæret Næringsbygg AS og Energilab Sogn og Fjordane AS. Sogn og Fjordane Energi er mor-selskapet i konsernet og yter hovudsakleg tenester internt i konsernet.

Kolonna for eliminering viser eliminering av interne transaksjonar mellom segmenta ved konsolidering i konsern.

**SEGMENTRESULTAT 2017**

Tal i 1000 kr

	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Konsern
<b>Driftsinntekter:</b>					
Sal av kraft	1 091 524	0	0	-230 043	861 481
Verdiendring energikontrakter	16 558	0	0	0	16 558
Sal av overføringstenester	0	363 027	0	-24 545	338 482
Andre driftsinntekter	78 274	61 501	71 041	-140 107	70 709
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>1 186 356</b>	<b>424 528</b>	<b>71 041</b>	<b>-394 695</b>	<b>1 287 229</b>
<b>Driftskostnader:</b>					
Kjøp av kraft	524 036	18 023	0	-230 862	311 197
Kjøp av overføringstenester	35 148	57 454	0	-36 429	56 173
Løn og sos. kostn.	67 207	120 575	41 888	0	229 670
Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	-17 267	-49 360	0	0	-66 627
Avskrivningar	80 811	69 189	6 073	0	156 071
Nedskrivningar	-2 410	0	0	0	-2 410
Eigedomsskatt/avgifter	49 674	7 440	277	0	57 391
Andre driftskostnader	164 091	107 745	22 419	-127 404	166 852
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>901 290</b>	<b>331 066</b>	<b>70 657</b>	<b>-394 695</b>	<b>908 316</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>285 066</b>	<b>93 462</b>	<b>384</b>	<b>0</b>	<b>378 913</b>
Inntekt inv. i tilknyttta selskap	4 208	246	4 709	0	9 163
Netto finansposter	-8 931	-12 016	-5 456	0	-26 403
Verdiendring derivater	3 693	0	0	0	3 693
<b>RESULTAT FØR SKATT</b>	<b>284 036</b>	<b>81 692</b>	<b>-363</b>	<b>0</b>	<b>365 367</b>
Skattekostnad	160 967	12 340	-1 302	0	172 005
<b>RESULTAT ETTER SKATT</b>	<b>123 069</b>	<b>69 352</b>	<b>939</b>	<b>0</b>	<b>193 363</b>

**SEGMENTRESULTAT 2016**

Tal i 1000 kr

	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Konsern
<b>Driftsinntekter:</b>					
Sal av kraft	869 576	0	0	-32 659	836 917
Verdiendring energikontrakter	-43 380	0	0	0	0
Sal av overføringstenester	0	373 370	0	-17 015	356 355
Andre driftsinntekter	22 857	73 932	69 437	-87 544	78 682
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>849 053</b>	<b>447 302</b>	<b>69 437</b>	<b>-137 218</b>	<b>1 228 573</b>
<b>Driftskostnader:</b>					
Kjøp av kraft	287 244	18 196	0	-32 425	273 015
Kjøp av overføringstenester	24 044	45 791	0	-16 461	53 374
Løn og sos. kostn.	66 238	110 734	40 211	0	217 183
Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	-18 996	-47 052	0	0	-66 048
Avskrivningar	75 910	67 654	5 449	0	149 012
Nedskrivningar	4 597	0	0	0	4 597
Eigedomsskatt/avgifter	42 118	6 781	341	2 634	51 874
Andre driftskostnader	84 796	136 141	23 299	-90 966	153 270
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>565 951</b>	<b>338 245</b>	<b>69 300</b>	<b>-137 218</b>	<b>836 276</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>283 102</b>	<b>109 057</b>	<b>137</b>	<b>0</b>	<b>392 296</b>
Inntekt inv. i tilknyttta selskap	1 154	333	3 202	0	4 689
Netto finansposter	-45 058	-12 481	14 171	0	-43 368
Verdiendring derivater	0	0	4 983	0	4 983
<b>RESULTAT FØR SKATT</b>	<b>239 198</b>	<b>96 909</b>	<b>22 493</b>	<b>0</b>	<b>358 601</b>
Skattekostnad	148 064	23 020	-1 780	0	169 304
<b>RESULTAT ETTER SKATT</b>	<b>91 134</b>	<b>73 889</b>	<b>24 273</b>	<b>0</b>	<b>189 297</b>

## 7 IMMATERIELLE EIGEDELAR

### 2017

<i>Beløp i 1000 kr</i>	Fallrett	Teknisk goodwill	Andre rettar	Andre immaterielle eigedelar	Sum immaterielle eigedelar
Anskaffelseskost 01.01.17	1 830 768	734 405	242 986	3 916	2 812 075
Tilgang 2017	8 658	0	89	1 120	9 867
Akkumulert av- og nedskrivning 31.12.17	2 488	195 000	87 656	0	285 144
<b>Balansført verdi 31.12.17</b>	<b>1 836 939</b>	<b>539 405</b>	<b>155 418</b>	<b>5 036</b>	<b>2 536 798</b>
Årets ordinære avskrivningar	0	0	5 495	839	6 334
Antatt økonomisk levetid			38 år	4 år	

### 2016

<i>Beløp i 1000 kr</i>	Fallrett	Teknisk goodwill	Andre rettar	Andre immaterielle eigedelar	Sum immaterielle eigedelar
Anskaffelseskost 01.01.16	1 830 768	734 405	246 883	2 369	2 814 425
Tilgang 2016	0	0	0	3 253	3 253
Nedskrivning 2016	0	0	3 897	0	3 897
Akkumulert av og nedskrivning 31.12.16	2 488	195 000	82 693	1 253	281 628
<b>Balansført verdi 31.12.16</b>	<b>1 828 281</b>	<b>539 405</b>	<b>157 812</b>	<b>3 850</b>	<b>2 529 347</b>
Årets ordinære avskrivningar	0	0	5 495	519	6 014
Årets nedskrivningar	0	0	3 897	0	3 897
Antatt økonomisk levetid			38 år	4 år	

Nedskrivning i 2016 gjeld tidligare balansført verdi av konsesjonar.

Fallrett, teknisk goodwill og andre rettar er i hovudsak allokert til konsernet sitt forretningsområde kraftproduksjon.

Fallrettar vert vurdert som evigvarande då det ikkje er rett til heimfall knytt til desse. Teknisk goodwill er ein teknisk differanse angående utsatt skatt etter IAS 12.19 for fallrettar som ved oppkjøp er verdsatt basert på kontantstraumar etter skatt. Då både fallrettar og teknisk goodwill er vurdert som evigvarande vert dei følgjeleg heller ikkje avskrivne.

SFE leiger fallrettar til eit mindre kraftverk. Avtala varer ut 2074 og kan berre seiast opp av leietakar i leigeperioden. Oppseiing kan gjerast gitt visse vilkår. SFE vurderar avtala som ei operasjonell leigeavtale.

Av andre rettar gjeld 65,8 MNOK vassrett knytt til Øksnelvane kraftstasjon og 88,2 MNOK gjeld erstatning til Svelgen Kraft for vatn som vert ført til kraftstasjonane i Åskåra. Vassrett Øksnelvane kraftstasjon vert avskrive over leigeperioden på 44 år.

## 8

## VARIGE DRIFTSMIDLER

## 2017

<i>Beløp i 1000 kr</i>	Kraft- stasjoner	Nett- anlegg	Fiber-/ Rør-anlegg	Inventar og utstyr	Tomtar og bygninger	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmidler
Anskaffelseskost 01.01.2017	2 118 332	2 135 538	20 400	181 538	190 054	199 054	4 845 302
Tilgang kjøpte anleggsmidler 2017	65 208	116 455	3 830	12 242	9 837	168 305	375 877
Tilgang egne tilv. anleggsmidler 2017	8 649	51 359	0	0	1 475	-2 981	58 502
Herav balanseførte lånekostnader	1 633	3 075	0	0	119	-242	4 585
Avgang 2017	0	22 551	0	0	18 299	49 605	91 041
Nedskrivning 2017	600	0	0	0	0	-3 010	-2 410
Akk. avskrivning/nedskr. 31.12.17	907 272	917 591	10 824	151 972	58 961	0	2 046 980
<b>Balanseført verdi 31.12.17</b>	<b>1 284 318</b>	<b>1 362 849</b>	<b>13 405</b>	<b>41 220</b>	<b>124 109</b>	<b>318 170</b>	<b>3 144 073</b>
Årets ordinære avskrivninger	72 027	61 580	1 090	11 438	3 607	0	149 739
Årets nedskrivning	600	0	0	0	0	-3 010	-2 410
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	30 år	35 år	16 år	15 år	44 år		32 år

## 2016

<i>Beløp i 1000 kr</i>	Kraft- stasjoner	Nett- anlegg	Fiber-/ Rør-anlegg	Inventar og utstyr	Tomtar og bygninger	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmidler
Anskaffelseskost 01.01.2016	2 049 641	2 016 827	19 225	186 386	155 881	175 036	4 602 996
Tilgang kjøpte anleggsmidler 2016	92 507	104 005	176	7 034	28 391	58 905	291 018
Tilgang egne tilv. anleggsmidler 2016	13 826	22 489	1 105	106	106	28 066	65 698
Herav balanseførte lånekostnader	311	1 337	176	0	0	2 532	4 356
Avgang 2016	30 353	7 465	0	11 882	0	62 461	112 161
Nedskrivning 2016	700	0	0	0	0	0	700
Akk. avskrivning/nedskr. 31.12.16	838 717	856 371	9 734	140 547	49 570	0	1 894 939
<b>Balanseført verdi 31.12.16</b>	<b>1 286 101</b>	<b>1 279 166</b>	<b>10 666</b>	<b>40 990</b>	<b>134 704</b>	<b>199 441</b>	<b>2 951 068</b>
Årets ordinære avskrivninger	67 321	55 364	4 674	12 106	3 538	0	142 998
Årets nedskrivning	700	0	0	0	0	0	700
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	30 år	35 år	16 år	15 år	44 år		32 år

SFE har ovanfor Danske Bank og i samband med opptak av obligasjonsgjeld gjeve negativ pantsettingserklæring. SFE har såleis ikkje eige delar som er pantsett som tryggleik for gjeld, sjå note 19 og 27.



## 9

**TILKNYTTA SELSKAP I KONSERNET**

Aksjar i tilknyttta selskap er handsama etter eigenkapitalmetoden.

Namn	Forretningskontor	Eigarandel	Stemmeandel	Kunngjort prisnotering for verkeleg verdi
Fossheim Energiverk AS	Jølster	30,0 %	30,0 %	Nei
Enivest AS	Førde	38,7 %	38,7 %	Nei
Innvik Kraftverk AS	Stryn	30,0 %	30,0 %	Nei
Etrygg AS	Flora	45,0 %	45,0 %	Nei
Haram Kraft AS	Gloppen	46,2 %	46,2 %	Nei
Gloppen Energi AS	Gloppen	30,0 %	30,0 %	Nei
Falck Renewables Vind AS	Gloppen	20,0 %	20,0 %	Nei

Ut frå rettar i aksjonærvtale definerer SKH sitt eigarskap i Falck Renewables Vind AS som eit eigarskap i tilknyttta selskap.

Beløp i 1000 kr	Fossheim Energiverk AS	Enivest AS	Innvik Kraftverk AS	Etrygg AS	Gloppen Energi AS	Haram Kraft AS	Falck Renewables Vind	Sum
Kjøpskost	4983	7718	15000	1125	39230	2300	2424	72780
Bokført eigenkapital på tidspunktet for kjøp	3211	6039	0	0	9712	275	12120	31082
<b>Meirverdi på tidspunktet for kjøp</b>	<b>1772</b>	<b>1679</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>38275</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>41726</b>
<b>Inngående saldo 01.01.2017</b>	<b>10266</b>	<b>27375</b>	<b>17614</b>	<b>1050</b>	<b>39705</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>96010</b>
Årets kjøp	0	0	0	0	0	0	14600	14600
Andel av årets resultat	2559	4218	926	0	2181	0	-160	9724
Korr. angående resultatandel i fjor	0	491	0	246	0	0	0	737
Avskrivning meirverdi	-47	0	0	0	-588	0	0	-635
Overføring til/frå selskapet (kapital, utbytte)	-452	-0	0	0	-210	0	0	-662
<b>Utgående saldo 31.12.2017</b>	<b>12326</b>	<b>32084</b>	<b>18541</b>	<b>1295</b>	<b>41089</b>	<b>0</b>	<b>14440</b>	<b>119774</b>
Herav saldo meirverdi	933	0	0	0	37099	0	0	38032

## FINANSIELLE INSTRUMENT ETTER KATEGORI

## FINANSIELLE EIGEDELAR

Beløp i 1000 kr.	Note	Fin.eigedelar til verkeleg verdi med verdiendr. over resultatet	Sikringbokførte derivat med verdiendring over utvida resultat (OCI)	Utlån og fordringar	Finansielle eigedelar tilgj. for sal	Eigedelar som ikkje er finansielle instr.	Total
<b>PR. 31.12.2017 EIGEDELAR</b>							
<b>Anleggsmiddel</b>							
Øvrige finansielle anleggsmiddel	11			104 305	48 696	195	153 196
Derivat	12	14 625					14 625
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>14 625</b>	<b>-</b>	<b>104 305</b>	<b>48 696</b>	<b>195</b>	<b>167 821</b>
<b>Omløpsmiddel</b>							
Fordringar	14			133 461			133 461
Kortsiktige finansielle plasseringar	14	-		70 522			70 522
Derivat	12	12 912					12 912
Bankinnskot, kontantar og liknande	15			318 165			318 165
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>12 912</b>	<b>-</b>	<b>522 148</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>535 060</b>
<b>Sum eigedelar</b>		<b>27 537</b>	<b>-</b>	<b>626 453</b>	<b>48 696</b>	<b>195</b>	<b>702 881</b>
<b>PR. 31.12.2016 EIGEDELAR</b>							
<b>Anleggsmiddel</b>							
Øvrige finansielle anleggsmiddel	11			125 592	48 696	266	174 554
Derivat	12	15 324	9 848				25 172
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>15 324</b>	<b>9 848</b>	<b>125 592</b>	<b>48 696</b>	<b>266</b>	<b>199 726</b>
<b>Omløpsmiddel</b>							
Fordringar	14			141 059			141 059
Kortsiktige finansielle plasseringar	14	-		59 806			59 806
Derivat	12	10 886	3 374				14 260
Bankinnskot, kontantar og liknande	15			287 918			287 918
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>10 886</b>	<b>3 374</b>	<b>488 783</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>503 043</b>
<b>Sum eigedelar</b>		<b>26 210</b>	<b>13 222</b>	<b>614 375</b>	<b>48 696</b>	<b>266</b>	<b>702 769</b>

**FINANSIELLE  
FORPLIKTINGAR**

Beløp i 1000 kr.	Note	Fin.forplikt. til verkeleg verdi med verdiendr. over resultatet	Sikringbokførte derivat med verdiendring over utvida resultat (OCI)	Andre finansielle forpliktingar	Forpliktingar som ikkje er finansielle	Total
<b>PR. 31.12.2017</b>						
<b>Forpliktingar</b>						
<b>Langsiktig gjeld</b>						
Renteberande langsiktig gjeld	18	90 118		1 714 551		1 804 669
Frikraftforpliktingar	17	108 766				108 766
Avsetning mogleg kjøpskostnad Østerbø	17	66 423				66 423
Derivat	12	9 427	32 268			41 695
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>274 734</b>	<b>32 268</b>	<b>1 714 551</b>		<b>2 021 553</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>						
Renteberande kortsiktig gjeld	18			306 600		306 600
Anna rentefri gjeld	14				247 110	247 110
Derivat	12	8 728	4 947			13 675
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>8 728</b>	<b>4 947</b>	<b>306 600</b>	<b>247 110</b>	<b>567 385</b>
<b>Sum finansielle forpliktingar</b>		<b>283 462</b>	<b>37 215</b>	<b>2 021 151</b>	<b>247 110</b>	<b>2 588 938</b>
<b>PR. 31.12.2016</b>						
<b>Forpliktingar</b>						
<b>Langsiktig gjeld</b>						
Renteberande langsiktig gjeld	18	88 635		1 616 034		1 704 669
Frikraftforpliktingar	17	96 450				96 450
Derivat	12	19 025	6 261			25 286
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>204 110</b>	<b>6 261</b>	<b>1 616 034</b>		<b>1 826 405</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>						
Renteberande kortsiktig gjeld	18			466 600		466 600
Anna rentefri gjeld	14				269 605	269 605
Derivat	12	26 086	-			26 086
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>26 086</b>	<b>-</b>	<b>466 600</b>	<b>269 605</b>	<b>762 291</b>
<b>Sum finansielle forpliktingar</b>		<b>230 196</b>	<b>6 261</b>	<b>2 082 634</b>	<b>269 605</b>	<b>2 588 696</b>

**VURDERING AV VERKELEG VERDI**

- Nivå 1: Notert pris i ein aktiv marknad for ein identisk eigedel eller forplikting.
- Nivå 2: Verdsetting etter andre observerbare faktorar enten direkte (pris) eller indirekte (utleda av prisar) enn notert pris for eigedelen eller forpliktinga.
- Nivå 3: Verdsetting etter faktorar som ikkje er henta frå observerbare marknader (ikkje observerbare føresetnader).

**Finansielle kraftkontrakter:**

- Nivå 1: Verdien av Nasdaq OMX-kontraktene vert henta frå Nasdaq OMX sine egne lister
- Nivå 2: Verdien av bilaterale kraftkontrakter vert berekna på grunnlag av marknadsprisurva hos Nord Pool (systempris) dei næraste åra og deretter på egne prisestimat basert på input frå ulike aktørar i kraftmarknaden samt avtalte kraftvolum og prisar. Europrisane på kraft vert omrekna til norske kroner. Omrekningskursen/terminkursen for EURNOK vert berekna på grunnlag av EURNOK spotkurs og marknadsrentekurvane for høvesvis norske renter og eurorenter.

**Aksjar:**

- Nivå 3: Investeringar i noterte aksjar måler vi til kjøpskost, siste emisjonskurs eller vår del av eigenkapitalen i selskapet.

**Rentebytteavtaler:**

- Nivå 2: Verkeleg verdi av rentebytteavtaler bereknast ut frå framtidig rentekurve. Verkeleg verdi av finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad vert fastsatt ut frå verdsettingsmetodar. Desse verdsettingsmetodane maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og er minst mogleg bygd på konsernet sine egne estimat.

**Valutaderivat:**

Nivå 2: SFE sel euro gjennom terminkontrakter. Verdien av terminkontraktene blir berekna på grunnlag av berekna terminkurs for EURNOK, løpetid for kontrakta og avtalt valutabeløp. Terminkursen blir berekna ut frå spotkursen på verdsettings-tidspunktet og marknadsrentekurvane for hhv renter og eurorenter (dekka renteparitet).

**Frikraftforpliktingar:**

Nivå 3: Verkeleg verdi er fastsatt ut frå neddiskonterte framtidige kontantstrømar der føresetnadane er basert på observerbare data der det er tilgjengeleg og er elles bygd på konsernet sine egne estimat.

**Avsetning mogleg kjøpskostnad Østerbø kraftverk:**

Nivå 2: BKK har opsjon på å selje sin del av prosjektet til SFE. Pr. 31.12.2017 har SFE balanseført 100 % av utbyggingskostnaden knytt til Østerbø kraftverk som anlegg i arbeid og balanseført ei forplikting for forventta vederlag til BKK om dei vel å nytte sin salsopsjon, jmf. kapittel om avsetningar i prinsippnote og spesifikasjon i note 17.

**Renteberande langsiktig gjeld:**

Nivå 2: Obligasjonslån som er sikra til verkeleg verdi ved bruk av rentebytteavtalar der verkeleg verdi på sikra lån blir rekneskapsført under obligasjonslån. Motpost er verkeleg verdi på rentebytteavtalar som er rekneskapsført under derivat.

31.12.2017

Eigedelar	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	SUM
Finansielle kraftkontrakter - verkeleg verdi	3 739	6 687		10 426
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon	7 230			7 230
Aksjar			48 696	48 696
Rentebytteavtaler - verdisikring		9 882		9 882
Valutaderivat - kontantstrømsikring		-		-
<b>Sum finansielle eigedelar til verkeleg verdi</b>	<b>10 969</b>	<b>16 569</b>	<b>48 696</b>	<b>76 234</b>

Forpliktingar	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	SUM
Finansielle kraftkontrakter - verkeleg verdi	3 221	6 039		9 260
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon	727			727
Frikraftforpliktingar			108 766	108 766
Avsetning mogleg kjøpskostnad Østerbø kraftverk		66 423		66 423
Renteberande langsiktig gjeld		90 118		90 118
Rentebytteavtaler - verkeleg verdi		8 168		8 168
Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring		4 263		4 263
Valutaderivat - kontantstrømsikring		32 952		32 952
<b>Sum finansielle forpliktingar til verkeleg verdi</b>	<b>3 948</b>	<b>207 963</b>	<b>108 766</b>	<b>320 677</b>

31.12.2016

Eigedelar	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	SUM
Finansielle kraftkontrakter - verkeleg verdi	4 690	6 234		10 924
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon	3 921			3 921
Aksjar			48 696	48 696
Rentebytteavtaler - verdisikring		11 365		11 365
Valutaderivat - kontantstrømsikring		13 222		13 222
<b>Sum finansielle eigedelar til verkeleg verdi</b>	<b>8 611</b>	<b>30 821</b>	<b>48 696</b>	<b>88 128</b>

Forpliktingar	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	SUM
Finansielle kraftkontrakter - verkeleg verdi	25 959	2 062		28 021
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon	5 229			5 229
Frikraftforpliktingar			96 450	96 450
Renteberande langsiktig gjeld		88 635		88 635
Rentebytteavtaler - verkeleg verdi		11 861		11 861
Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring		6 261		6 261
Valutaderivat - kontantstrømsikring		-		-
<b>Sum finansielle forpliktingar til verkeleg verdi</b>	<b>31 188</b>	<b>108 819</b>	<b>96 450</b>	<b>236 457</b>

Tabellane viser endringane for instrument klassifisert i nivå 3 pr 31.12:

Beløp i 1000 kr		Finansielle egedelar tilgjengelige for salg
<b>Balansført verdi 01.01.2017</b>		<b>48 696</b>
Tilgang i perioden		-
Avgang i perioden		-
Realisert gevinst/tap ført over resultatet		-
Verdifall ført over resultatet		-
Verdiauke ført over resultat		-
<b>Balansført verdi 31.12.2017</b>		<b>48 696</b>

Beløp i 1000 kr		Finansielle egedelar tilgjengelige for salg
<b>Balansført verdi 01.01.2016</b>		<b>15 628</b>
Tilgang i perioden		8 223
Avgang i perioden		-
Realisert gevinst/tap ført over resultatet		-
Verdifall ført over resultatet		500
Verdiauke ført over resultat		25 345
<b>Balansført verdi 31.12.2016</b>		<b>48 696</b>

## 11

### ØVRIGE FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL

Beløp i 1000 kr			
Kategori	Eigardel	2017	2016
<b>Utlån og fordringar</b>			
Lån til tilsette		50	71
Lån til andre		20 062	20 425
Fordring		0	35 498
Finansiell leigeavtale fiber		84 192	69 598
<b>Sum utlån og fordringar</b>		<b>104 305</b>	<b>125 592</b>

#### Finansielle egedelar til verkeleg verdi

Fjord Invest AS	5,70 %	500	500
Fjord Invest Sørvest AS	6,10 %	0	0
Norwegian Datacenter Group AS	18,20 %	9 785	9 785
Lefdal Mine Datacenter AS	10,00 %	10 000	10 000
eSmart Systems AS	13,83 %	26 623	26 623
Valider AS	3,32 %	293	293
Grønn Kontakt AS	2,10 %	789	789
Andre selskap	3-16,70 %	706	706
<b>Sum finansielle egedelar tilgjengeleg for sal</b>		<b>48 696</b>	<b>48 696</b>

#### Egedelar som ikkje er finansielle instrument

Aktiverte kostnader leigde lokale		183	256
Forskotsbetalt kostnader		12	10
<b>Sum egedelar som ikkje er finansielle instrument</b>		<b>195</b>	<b>266</b>

### LÅN

Eignelutar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eignelutar er klassifisert som omlaufsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje forventast å vere forbigåande. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omlaufsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omlaufsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og marknadsverdi.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

## VARIGE DRIFTSMIDLAR OG AVSKRIVNINGAR

Varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventa levetid. Avskrivning vert som hovedregel starta året etter investeringsåret. Eigne investeringsarbeid vert aktiverte på driftsmiddelet etter marknadsmessig timesats. Det vert

aktivert byggelånsrenter på større investeringar med byggetid på meir enn 6 månadar, medan mindre investeringar ikkje vert aktiverte med byggelånsrenter. Vedlikehaldsutgifter vert kostnadsførte når utgifta vert betalt.

## FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar. I tillegg er det for andre kundefordringar avsett ein uspesifisert avsetning for å dekke forventa tap.

## AKSJAR I DOTTERSELSKAP

Investeringar i dotterselskap og tilknytt selskap er vurdert etter eigenkapitalmetoden.

## PENSJONAR

Selskapet har både ytelsespensjon og innskotspensjon.

### YTELSESPENSJON

Sogn og Fjordane Energi AS rekneskapsfører pensjon i samsvar med IAS 19 slik NRS 6 gir høve til. Årlege estimatavvik vert balanseført mot eigenkapitalen. Estimert pensjonskostnad ved utløpet av forrige rekneskapsår dannar grunnlaget for pensjonskostnaden for neste år. Avvik mellom estimert pensjonskostnad og faktisk pensjonskostnad vert balanseført direkte mot eigenkapitalen saman med aktuarielle gevinstar og tap i perioden. Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventa sluttlønn som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Arbeidsgjeveravgift er inkludert i tala. Pensjonsmidlane vert vurdert til verkeleg verdi.

### INNSKOTSPENSJON

I ei innskotsordning betalar selskapet årleg det selskapet har forplikta seg til ved avtale. Selskapet har ikkje ytterlegare forpliktingar utover denne betalinga. Innskotet vert ført som ein lønskostnad når det vert betalt.

## PRINSIPP FOR KONTANTSTRAUMANALYSE

Kontantstraumanalyse er utarbeida med basis i den indirekte metoden. Dette innebærer at ein i analysen tek utgangspunkt i foretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontantstraumar tilført frå henholdsvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

## SKATTAR

Overskotskatt vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skattefordel/skatteforplikting. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteforplikting vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier. Utsett skatt er rekna etter nominell verdi.

## 2

## SALSINNTEKTER

**Mor**
*Beløp i 1000 kr*

	2017	2016
Eksterne husleigeinntekter	770	700
Driftsinntekter	3 155	2 409
Sal av tenester konserninternt	65 304	65 585
<b>Sum salsinntekter</b>	<b>69 229</b>	<b>68 694</b>

## 3

## LØNSKOSTNADER, TALL TILSETTE, GODTGJERINGAR M.M.

*Beløp i 1000 kr*

	2017	2016
Løn	28 530	26 842
Arbeidsgjevaravgift	4 790	4 591
Pensjonskostnader	4 538	4 197
Andre ytingar	4 030	4 581
<b>Sum brutto lønskostnader</b>	<b>41 888</b>	<b>40 211</b>
Aktivering av egne tilverka driftsmiddel	0	0
<b>Sum</b>	<b>41 888</b>	<b>40 211</b>

<b>Tal årsverk</b>	<b>36,34</b>	<b>34,82</b>
<b>Tal menn</b>	<b>21,60</b>	<b>21,12</b>
<b>Tal kvinner</b>	<b>14,74</b>	<b>13,70</b>

**Ytingar til leiande tilsette**
*Beløp i 1000 kr*

	Løn	Pensjons Utgifter	Anna godtgjering	Sum
Konsernsjef Johannes Rauboti	2 227	332	198	2 757
Konserndir. for Strategi og utvikling Erling Sande	1 119	97	142	1 358
Konserndir. for Økonomi- og finans Martin Holvik	1 117	126	70	1 313
Konserndir. for Kommunikasjon Kai Petter Sårheim	1 125	99	12	1 236
Konserndir. for HR og organisasjon Ole Bent Søreide	1 103	259	84	1 446

**Ytingar til konsernstyret**
*Beløp i 1000 kr*

	Styregodtgjersle	Honorar revisjonsutval	Sum
Styreleiar Per Atle Kjøllesdal	164	0	164
Nestleiar Birger C. Schönberg	91	27	118
Arvid Lillehauge	79	0	79
Jan Helge Dale	79	0	79
Olin Johanne Henden	79	27	106
Anne Marit Steen	0	0	0
Oddmund Årdal	79	0	79
Geir Magne Evebø	79	27	106
Kjell Asle Bakkebo	79	0	79

Styregodtgjersla Anne Marit Steen har rett til skal utbetalast til Steen sin arbeidsgjevar. Overfor styret føreligg det ingen forpliktingar utover ordinært styrehonorar. Konsernsjef er tilsett på fastløn og har fri bil. Konsernsjef har rett til eingongsutbetaling av etterløn tilsvarende løn og tilleggsytingar i 12 månadar ved fråtrede.

Dei øvrige leiande tilsette har bilordning vurdert etter tenesteleg behov. For leiande tilsette er det avtalt innbetaling av eit årleg innskot på 12% utover 12G til eigen innskotspensjon. Ingen av dei leiande tilsette, unnateke konsernsjef, har særskilt avtale om godtgjersle ved opphør av arbeidsforholdet. Leiande tilsette, med unntak av konsernsjef, har høve til å gå over i anna stilling etter 62 år og rett til tidlegpensjon mellom 64 og 67 år med 66% av lønsgrunnlaget. Arbeidsgjevar kan også be om at leiande tilsette tek tidleg pensjon frå 64 år.

**Kostnader til revisor:**

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	2017	2016
Revisjonshonorar	193	241
Rådgjevingstenester	164	2
Attestasjonstenester	9	6
Andre tenester utanfor revisjonen	35	5
Tenester frå samarbeidande selskap	124	0
<b>Sum</b>	<b>525</b>	<b>254</b>

Beløpa over viser godtgjersle til Deloitte AS og samarbeidande selskap for revisjon og revisjonsrelaterte tenester, samt godtgjersle for andre tenester. Kostnadane er utan meirverdiavgift.

**4**
**ANDRE DRIFTSKOSTNADER**

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	2017	2016
Reparasjonar og vedlikehald	5240	4656
Forsikringar	305	296
Leigekostnader	1929	2368
Andre driftskostnader	14105	15745
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>21 579</b>	<b>23 065</b>

**5**
**EIGEDOMSSKATT, AVGIFTER OG GODTGJERSLER**

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	2017	2016
Konsesjons- og tilsynsavgifter	10	17
Eigedomsskatt	195	265
<b>Sum eigedomsskatt, avgifter og godtgjersler</b>	<b>205</b>	<b>282</b>

**6**
**FINANSKOSTNADER OG -INNETEKTER**

Hovuddelen av rentekostnadene er knytt til offentleg utlagde obligasjonslån og sertifikatlån. For å styre netto rentekostnad nyttar SFE rentederivat som t.d. swap-avtaler. Rentederivat som ikkje tilfredsstiller krava til sikringsbokføring, vert rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet, medan for rentederivat som tilfredsstiller krava til sikringsbokføring, blir løpande resultat av sikringa bokført saman med rentekostnader for det underliggande sikringsobjektet (lånet). Pr. 31.12.2017 har SFE berre rentederivat som tilfredsstiller krava til sikringsbokføring. Rentederivata har pr.31.12.17 ein netto marknadsverdi på -3,9 mill. før skatt.

## 7

## SKATTAR

**7A) SKILNAD MELLOM RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD OG ÅRETS SKATTEGRUNNLAG ALMINNELEG INNTEKT**

Betalbar skatt i årets skattekostnad knytt til alminneleg inntekt kjem fram slik:

Beløp i 1.000 kr	2017	2016
<b>Resultat før skattekostnad</b>	<b>123 567</b>	<b>151 218</b>
Permanente skilnader	48	-1 129
Inntekt på investering i datterselskap	-124 323	-159 395
Inntekt på investering i tilknytt selskap	-4 709	-3 202
Endring i midlertidige skilnader	-1 398	-1 681
Nedskrivning aksjeposter		500
Mottatt konsernbidrag	103 200	190 900
<b>Avgitt konsernbidrag</b>	<b>300</b>	<b>0</b>
<b>Grunnlag betalbar skatt</b>	<b>96 085</b>	<b>177 212</b>

**7B) GRUNNLAG FOR BEREKNING AV UTSETT SKATT OG BRUKT SKATTESATS**

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader og underskot til framføring for skatt på alminneleg inntekt:

Beløp i 1.000 kr	31.12.17	31.12.16
Anleggsmidler	-2 588	-2 691
Omløpsmidlar	0	0
Pensjonsforplikting	6 428	1 787
Langsiktig gjeld	0	0
Kortsiktig gjeld	-54	0
<b>Sum</b>	<b>3 786</b>	<b>-904</b>
Ikkje balanseført utsett skatt	0	0
<b>Netto utsett fordel/gjeld</b>	<b>3 786</b>	<b>-904</b>
Effekt endring skatteprosent	-158	36
<b>Netto utsett fordel i balansen</b>	<b>3 628</b>	<b>-868</b>

Utsett skattefordel er oppført med utgangspunkt i framtidig inntekt.

**7C) SPESIFIKASJON AV SKATTEKOSTNADEN**

Beløp i 1.000 kr	2017	2016
<b>Skatt på alminneleg inntekt</b>		
Årets betalbare skatt på alminneleg inntekt	23 061	44 303
Skatteeffekt konsernbidrag	-24 696	-47 725
For mykje/lite avsett skatt tidlegare år	-2	-13
Endring utsett skattefordel alminneleg inntekt	-4 656	2 667
Effekt endring skatteprosen	158	-36
Endring utsett skatt ført direkte mot EK (pensjon)	4 784	-2 213
<b>Perioden sin skattekostnad på alm. inntekt</b>	<b>-1 350</b>	<b>-3 016</b>

## 7D) SPESIFIKASJON AV BETALBAR SKATT I BALANSEN

Beløp i 1.000 kr	2017	2016
Betalbar skatt på årets alm.inntekt	1 635	3 422
Skatteeffekt motteke konsernbidrag	-24 696	-47 725
<b>Skuldig betalbar skatt i balansen</b>	<b>-23 061</b>	<b>-44 303</b>

## 8

### VARIGE DRIFTSMIDDEL

Beløp i 1.000 kr	Inventar, utstyr, materiell	Adm.bygg	Bustadhus, tomter og hytter	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmiddel
Anskaffelseskost 31.12.16	46 659	88 611	9 784	690	145 743
Tilgang kjøpte driftsmiddel 2017	3 204	0	0	2 569	5 773
Avgang 2017	0	0	0	3 204	3 204
Akkumulert avskrivning 31.12.17	40 383	30 549	0	0	70 932
<b>Balanseført verdi 31.12.17</b>	<b>9 480</b>	<b>58 063</b>	<b>9 784</b>	<b>55</b>	<b>77 382</b>
<b>Årets ordinære avskrivningar</b>	<b>3 153</b>	<b>2 435</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>5 587</b>
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	14,8 år	36,4 år			

## 9

### INVESTERINGAR I AKSJAR, DOTTERSELSKAP OG TILKNYTTA SELSKAP

Beløp i 1000 kr	Forretningskontor	Eigardel/ stemmeandel SFE	Anskaff.-kostnad	Balanseført verdi
Fjord Invest AS	Førde	5,7%	7 975	500
Fjord Invest Sørvest AS	Førde	6,1%	4 000	0
Norwegian Datacenter Group AS	Måløy	18,2%	20 785	9 785
eSmart Systems	Halden	15,12%	1 844	1 844
Lefdal Mine Datacenter AS	Måløy	10,0%	10 000	10 000
Andre selskap		<15%	496	598
<b>Sum andre aksjar</b>			<b>37 100</b>	<b>22 727</b>

#### Datterselskap

Beløp i 1000 kr	SFE Produksjon AS	SFE Nett AS	SFE Kraft AS	Energilab Sogn og Fjordane AS	Trolleskjæret Næringsbygg AS	Flickr AS	Sum datterselskap
Forretningskontor	Gloppen	Gloppen	Gloppen	Førde	Florø	Gloppen	
Eigarandel 01.01	100%	100%	100%	100%	0	0	
Eigarandel 31.12	100%	100%	100%	100%	100%	100%	
Stemmeandel	100%	100%	100%	100%	100%	100%	
<b>Balanse 01.01.2017</b>	<b>1 176 210</b>	<b>535 325</b>	<b>170 129</b>	<b>287</b>	<b>24 830</b>	<b>0</b>	<b>1 906 781</b>
Konsernbidrag	-76 000	228	-1 900	0	-532	0	-78 204
Andel årets resultat	96 347	25 234	2 823	170	-250	0	124 323
Estimatavvik pensjonar	-6 789	-28 534	1 722	0	0	0	-33 601
Tilleggsutbytte	0	0	-45 167	0	0	0	-45 167
Tilbakebetaling av aksjekapital	0	0	-90 000	0	0	0	-90 000
Kjøp aksjar (stifting)	0	0	0	0	0	8 000	8 000
<b>Balanse 31.12.17</b>	<b>1 189 768</b>	<b>532 253</b>	<b>37 607</b>	<b>457</b>	<b>24 048</b>	<b>8 000</b>	<b>1 792 132</b>

Kapitalnedsetting i SFE Kraft på 90 MNOK vart vedteke i generalforsamling 15.12.2017 og registrert i Brønnøysund 25.01.2018. Oppgjer vil skje etter at kreditorfristen er utgått.

Frå 01.01.2018 er Sunnfjord Energi AS eigar av 34% av aksjane i SFE Kraft AS etter ein fusjon med Sunnfjord Energi Kraft AS. Sunnfjord Energi AS har ein rett til å selje aksjane til SFE, og SFE har ein rett til å kjøpe Sunnfjord Energi AS sine aksjar i SFE Kraft innan 24 mnd etter at fusjonen er registrert i Brønnøysund. Sunnfjord Energi AS kan terminere opsjonsavtalane ved å melde dette seinast 12 mnd etter at fusjonen er registrert.

#### Tilknytte selskap

Beløp i 1.000 kr	Eninvest AS
Forretningskontor	Førde
Eigarandel 01.01	38,7%
Eigarandel 31.12	38,7%
Stemmeandel	38,7%
<b>Balanse 01.01.2017</b>	<b>27 375</b>
Andel årets resultat	4 709
<b>Balanse 31.12.17</b>	<b>32 084</b>

## 10

### UTLÅN/LANGSIKTIGE FORDRINGAR

	2017	2016
Hovland Kraft AS	19 778	20 425
<b>Sum utlån/langsiktige fordringar</b>	<b>19 778</b>	<b>20 425</b>

Lånet til Hovland Kraft AS har ei nedbetalingstid på 30 år, med siste forfall i 2042.

## 11

### MELLOMVERANDE MELLOM SELSKAP I SAME KONSERN OG TRANSAKSJONAR MELLOM NÆRSTÅANDE PARTAR

Mor Beløp i 1000 kr	Kundefordringar		Andre kortsiktige fordringar		Utlån	
	2017	2016	2017	2016	2017	2016
Føretak i same konsern	674	1 178	237 818	340 969	1 718 068	1 718 068
<b>Sum</b>	<b>674</b>	<b>1 178</b>	<b>237 818</b>	<b>340 969</b>	<b>1 718 068</b>	<b>1 718 068</b>

Beløp i 1000 kr	Leverandørgjeld		Anna kortsiktig gjeld		Langsiktig gjeld	
	2017	2016	2017	2016	2017	2016
Føretak i same konsern	106	131	103 513	250 573	0	100 000
<b>Sum</b>	<b>106</b>	<b>131</b>	<b>103 513</b>	<b>250 573</b>	<b>0</b>	<b>100 000</b>

Beløp i 1000 kr	2017	2016
Sal av fellestenester	65 304	65 585
Kjøp av fellestenester	879	1 165
<b>Netto renteinntekt</b>	<b>57 169</b>	<b>63 867</b>

SFE Produksjon AS, SFE Nett AS og SFE Kraft AS er 100% eigd av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS. SFE Produksjon AS eig 100% av Firdakraft AS og 56% av Svelgen Kraft Holding AS. Svelgen Kraft Holding AS eig 100% av Svelgen Kraft AS, Vestavind Energi AS, Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark AS.

Prisinga av tenester er basert på forretningsmessige vilkår og prinsippet om armlengdes avstand.



12

## FINANSIELL MARKNADSRISIKO

SFE har ein vedteken finansstrategi for å handtere risiko knytt til finansmarknaden. For innlåna er det definert reglar for rentedurasjon og spreing av forfallstidspunkt. Det er etablert rutiner som sørger for at dei vedteke rammene vert haldne. Ein del av låneporteføljen har lang rentebinding. SFE har pr 31.12.2017 trekkrettavtalar (back-stop) inngått med Handelsbanken på 300 mill. kroner, samt kassekredittavtale i Danske Bank på 100 mill. kroner. SFE er ikkje utsett for valutarisiko gjennom låneporteføljen.

SFE nyttar rentebytteavtalar for styring av renterisiko. Konsernstyret har vedteke ein finansstrategi for konsernet som set rammer for konsernet si renteesponering. Rentebindinga (durasjon) for SFE si låneportefølje skal vere mellom 1 år og 4 år. Ved utgangen av 2017 var durasjonen på 3,4 år. Det er etablert sikringsrelasjonar for alle rentebytteavtalane som tilfredsstiller krava til sikringsbokføring. Urealisert tap på rentebytteavtalane pr. 31.12.2017 er ca. 3,9 mill. kroner (påløpne renter ikkje inkludert).

SFE har pr. 31.12.2017 følgjande rentebytteavtalar:

Rentebytteavtalar pr. 31.12.2017	Beløp (mill. kr)	Start	Slutt	SFE mottek	SFE betalar	Rekneskaps-prinsipp
Swap 1	100	2010	2020	6 mnd Nibor	3,69%	Sikringsbokføring
Swap 2	100	2011	2018	6 mnd Nibor	3,59%	Sikringsbokføring
Swap 3	100	2011	2019	3 mnd Nibor +132 punkt	4,80%	Sikringsbokføring
Swap 4	50	2012	2019	3 mnd Nibor	2,644%	Sikringsbokføring
Swap 5	100	2013	2023	4,95 %	3 mnd Nibor + 145 punkt	Sikringsbokføring

13

## BANK

Posten er samansett slik:

Beløp i 1000 kr	31.12.17	31.12.16
Bundne midlar	1 868	1 385
Øvrige bankkonti	90 159	93 866
<b>Sum</b>	<b>92 027</b>	<b>95 251</b>

Av dette er 1,5 mill. kroner bundne skattetrekksmidlar.

Konsernet har ein kassekreditt på 100 mill. kroner som er unytta pr. 31.12.2017.

## 14

**EIGENKAPITAL**

Eigenkapitalen er endra slik frå 31.12.2016 til 31.12.2017

<i>Beløp i 1000 kr.</i>	Aksjekapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Fond for vurderings- forskjeller	Sum
<b>Eigenkapital 31.12.2016</b>	<b>739 611</b>	<b>59 588</b>	<b>703 269</b>	<b>184 426</b>	<b>1 686 894</b>
Årets endring aksjer døtre/tilknytt selskap	0	0	117 940	-117 940	0
Emisjon	34 228	176 340	0	0	210 568
Endring pensjonsforpl ført mot EK	0	0	-16 015	0	-16 015
Endring pensjonsforpl ført mot EK i døtre	0	0	-33 601	0	-33 601
Årets resultat	0	0	124 917	0	124 917
Foreslege utbytte	0	0	-62 681	0	-62 681
<b>Eigenkapital 31.12.2017</b>	<b>773 839</b>	<b>235 928</b>	<b>833 829</b>	<b>66 486</b>	<b>1 910 082</b>

## 15

**AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRINFORMASJON**

Aksjonærer 31.12.2017	A-Aksjar	B-Aksjar	Sum aksjar	Sum pålydande	Eigar-del
Sogn og Fjordane fylkeskommune	2 556 604	1 278 300	3 834 904	3 834 900	49,56 %
BKK AS	1 900 275	950 138	2 850 413	2 850 413	36,83 %
Flora kommune	239 537	119 769	359 306	359 300	4,64 %
Gloppen kommune	178 385	89 192	267 577	267 570	3,46 %
Bremanger kommune	127 495	63 748	191 243	191 240	2,47 %
Askvoll kommune	76 314	38 157	114 471	114 470	1,48 %
Selje kommune	68 938	34 471	103 409	103 400	1,34 %
Eid kommune	7 685	3 843	11 528	11 520	0,15 %
Naustdal kommune	3 690	1 846	5 536	5 530	0,07 %
<b>Totalt</b>	<b>5 158 923</b>	<b>2 579 464</b>	<b>7 738 387</b>	<b>7 738 380</b>	

A-aksjane kan berre eigast av aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova. Forøvrig er det ingen skilnader mellom A og B-aksjane.

## PENSJONSKOSTNADER OG -FORPLIKTINGAR

SFE har to parallelle pensjonsordningar som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningar. Det er ein offentleg kollektiv pensjonsordning (ytelsesplan) for personar som vart tilsett før 01.04.2016. Personell tilsett etter nemnte dato og tidligare tilsette som valde det innan 01. oktober 2016, har tenestepensjon med innskotsordning.

### INNSKOTSORDNING

Innskotsatsane som vert betalt av arbeidsgjevar er 6 % av løn opp til 7,1 G og 18 % for løn mellom 7,1 G og 12 G. Per 31.12.2017 har 11 av dei tilsette i morselskapet i SFE innskotspensjon.

### YTELSEPLAN I SIKRA (FONDSBASERT) ORDNING

SFE er medlem i BKK si pensjonskasse. Morselskapet i SFE si pensjonsordning omfattar i alt 28 tilsette og 26 pensjonistar. Pensjonsordninga er ei bruttoordning tilsvarande offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ei bestemt framtidig pensjonsytning basert på talet på år med opptening og lønsnivået ved pensjonsalder.

Ytelsesplanen omfattar alders-, uføre-, etterlatte og barnepensjon. Alderspensionen utgjer ved full opptening 66 % av pensjonsgrunnlaget for lønn opp til 12G. Alle født i 1953 eller seinare vil få pensjonen sin justert for levealder, noko som kan føre til ei pensjonsutbetaling som er mindre enn 66 % av pensjonsgrunnlaget. Pensjonen vert regulert i samsvar med regelverket for offentleg pensjon. Ordninga vert finansiert ved at medlemmane betaler 2 % av pensjonsgrunnlaget. Resterande pensjonspremie vert dekkja av SFE.

### AVTALEFESTA PENSJON OG YTELSEPLAN I USIKRA (IKKJE FONDSBASERTE) ORDNINGAR

Dei usikra ordningane er AFP (avtalefesta pensjon) for tilsette med ytelsespensjon (offentleg ordning) og driftspensjonsordning for enkelte tilsette med løn over 12 G. Desse er samla presentert som usikra ordning.

Det vert ikkje gitt statstilskot til AFP-ordninga som er omfatta av offentleg kollektiv pensjonsordning. Arbeidsgjevar er dermed fullt ut ansvarleg for alle forpliktingar etter denne ordninga og desse er føresatt inkludert i usikra forpliktingar.

Tilsette som er omfatta av den innskotsbaserte pensjonsordninga har krav på privat AFP som er eit livsvarig tillegg til alderspensjonen frå Folketrygda, ref. AFP-tilskottsloven kap. 2. Denne AFP-ordninga vert finansiert ved at staten gir eit tilskot som utgjer 1/3 av pensjonen, medan arbeidsgjevar dekkjer det resterande. AFP-ordninga vert rekneskapsført som ei innskotsordning. Ordninga vert administrert av rettssubjektet Fellesordningen for avtalefestet pensjon. Årleg tilskot utgjorde 2,5 % av lønsgrunnlaget mellom 1 G og 7,1 G pr. tilsett i ordninga i 2017 og 2016.

### AKTUARIELLE BEREKNINGAR

Pensjonskassa er administrert av Gabler Pension Services AS og aktuarberrekningar er utført av aktuar i dette selskapet. Pensjonskostnaden er berekna i samsvar med revidert IAS19. Det har som konsekvens at alle avvik frå estimat vert amortisert straks og ført rett mot eigenkapitalen.

### ØKONOMISKE FØRESETNADER

SFE har vurdert at marknaden for obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) oppfyller krava i IAS 19.83 til foretaksobligasjonar med høg kvalitet og brei marknad.

Dei økonomiske føresetnadane framkjem av tabell nedanfor. Norsk Regnskapsstiftelse har primo januar 2018 fastsatt veiledande føresetnader pr. 31 desember 2017 som hovudsakleg er lik dei føresetnadane som SFE har lagt til grunn.

Det er utarbeidd sensitivitetsanalyser som viser konsekvensane for pensjonskostnader og -forpliktingar av å endre dei viktigaste parameterane. Resultatet er presentert i ein tabell. Endringa i kostnad gjeld pensjonskostnad i 2018 medan endring i forplikting gjeld pr. 31.12.2017.

	Endring diskonteringsrente		Endring lønn	
Sensitivitetsanalyse (tall i 1000 kr.)	1 %	-1 %	1 %	-1 %
Endring kostnad	-557	746	388	-359
Endring forplikting	-16 256	21 278	5 892	-5 709
	Endring G		Endring avgang	
Sensitivitetsanalyse (tall i 1000 kr.)	1 %	-1 %	1 %	-1 %
Endring kostnad	272	-260	-15	17
Endring forplikting	13 835	-11 726	92	20

## DEMOGRAFISKE FØRESETNADER

SFE har i berekningane av pensjon i ei rekke år nytta Gabler sitt dynamiske dødeligheitsgrunnlag GAP07. Aktuar i Gabler har i 2017 på nytt vurdert sin modell med bakgrunn i Statistisk sentralbyrå si befolkningsframskriving frå 2016. SSB si nye framskriving gir ei lengre levetid enn tidlegare års framskrivingar, spesielt for menn, som det er relativt mange av i BKK pensjonskasse. SFE har med bakgrunn i denne vurderinga vedtatt å endre dødeligheitstabell til K2013BE som vert vurdert til å vere beste estimat for dødeligheit i dei aktuarielle berekningane pr. 31.12.2017. Overgangen frå GAP07 til K2013BE vert klassifisert som ei estimatendring. Endringa har medført ei høgare pensjonsforplikting. Effekten av endringa inngår i årets estimatavvik og er ført direkte mot eigenkapitalen.

K2013 nyttast som uttrykk for Finans Noreg sitt beste estimat på dødeligheitsgrunnlag basert på Finanstilsynet sitt gjeldande forsikringstekniske berekningsgrunnlag i kollektiv pensjonsforsikring (K2013). GAP07 var, med SSB sine tidlegare befolkningsframskrivingar, Gabler sitt dåverande beste estimat ved bruk av dynamiske dødeligheitsmodeller. Føresetnaden om uføretabellar, K63, er uendra.

## KURVA LØNSVEKST

Forventa individuelt karrieretillegg i SFE sine berekningar av pensjonsforplikting legg til grunn Gabler sin regresjonsmodell. Modellen brukar alder som ein forklaringsvariabel for storleiken på arbeidstakaranes sine individuelle karrieretillegg. Ut frå historiske bestandsdata i pensjonskassa, er det laga ei lønskurve som viser at den gjennomsnittlege veksten i individuelt karrieretillegg for tilsette i SFE er fallande med alder. Aktuar har i 2017 gjort ei oppdatert vurdering av lønskurva ved å inkludere populasjonsdata frå dei siste åra. Gjennomgangen indikerte at samanhengen mellom vekst i karrieretillegg og alder no ikkje er så fallande som ein har føresatt tidlegare. For 2017 er det derfor lagt til grunn ei modifisert lønskurve som vert vurdert som beste estimat for lønsvekst i SFE. Endring i lønskurve vert som ei estimatendring og har medført ein høgare pensjonsforplikting. Effekten av endringa inngår i årets estimatavvik.

Berekningar viser at kurva lønsvekst gjev lågare pensjonsforplikting enn ved bruk av lineær lønskurve.

### Følgjande føresetnader er brukt i berekningane:

	2017	2016
Årleg avkastning	2,35 %	2,30 %
Diskonteringsrente	2,35 %	2,30 %
Årleg lønsvekst	2,50 %	2,25 %
Årleg vekst G-beløp	2,25 %	2,00 %
Regulering av løpande pensjonar	1,50 %	1,25 %
AFP-uttak	25 % ved 62 år	25 % ved 62 år
Demografiske føresetnader	FNH2013	GAP07/K63
	Før 45 år: 4,5 %	Før 45 år: 4,5 %
	45-60 år: 2,0 %	45-60 år: 2,0 %
Frivillig avgang	Etter 60 år: 0,0 %	Etter 60 år: 0,0 %

### Pensjonskostnader - midlar og forpliktelsar.

<i>Beløp i 1000 kr</i>				
A. Pensjonskostnad	Sikra ordning	Usikra ordning	Samla 2017	Samla 2016
Årets pensjonsopptening	1 960	315	2 275	3 201
Arbeidsgiveravgift av årets opptening	208	33	241	339
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	1 716	175	1 891	1 967
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	(1 785)	0	(1 785)	(1 666)
Resultatført planendring	0	0	0	(1 276)
Administrasjonskostnader	972	0	972	453
<b>Total pensjonskostnad</b>	<b>3 071</b>	<b>524</b>	<b>3 595</b>	<b>3 019</b>
<b>B. Balanseført pensjonsforplikting</b>				
Brutto pensjonsforplikting ved periodens slutt	95 975	9 063	105 039	83 316
Midlar ved periodens slutt	78 273	0	78 273	76 169
<b>Balanseført pensjonsforplikting inkl arb.g.avgift</b>	<b>17 703</b>	<b>9 063</b>	<b>26 766</b>	<b>7 148</b>
<b>C. Endring i netto pensjonsforplikting</b>				
Pensjonsforplikting i inngåande balanse	(541)	7 689	7 148	17 704
Resultatført pensjonskostnad	3 071	524	3 595	3 019
Aktuarielt tap (+), gevinst (-) ført mot eigenkapital	19 802	997	20 799	(547)
Innbetalningar inkl. arb.g.avg	(4 628)	(14)	(4 642)	(12 898)
Utbetalt pensjon over drift ekskl. arb.g.avg	0	(131)	(131)	(131)
<b>Balanseført pensjonforplikting ved slutten av perioden</b>	<b>17 703</b>	<b>9 064</b>	<b>26 766</b>	<b>7 148</b>

Balansført pensjonsforplikting eigen avtale konsernsjef på 321 pr 31.12.2017 kjem i tillegg til beløp i tabell ovanfor.

Beløp i 1000 kr

Den samla pensjonskostnaden i 2017:

Pensjonskostnad ytelsesbasert ordning	3 595
Arbeidsgiver sitt tilskot til innskotsbasert ordning	943
<b>Sum resultatført pensjonskostnad</b>	<b>4 538</b>

## 17

### RENTEBERANDE GJELD OG AVSETTINGAR

Beløp i 1000 kr

Verdipapirnummer	Børs-ticker	Type	Rente regulering	Forfall år	Rekneskapsført gjeld
NO0010671134	SFEN30 PRO	Obligasjonslån	Fast	2023	300 000
NO0010610017	SFEN23 PRO	Obligasjonslån	Flytande	2018	200 000
NO0010624471	SFEN25 PRO	Obligasjonslån	Flytande	2019	250 000
NO0010759087	SFEN41	Obligasjonslån	Fast	2026	500 000
NO0010805930	SFEN45	Obligasjonslån	Flytande	2022	300 000
NO0010795362		Sertifikat	Fast	2018	100 000
<b>Sum rekneskapsførte sertifikat- og obligasjonslån</b>					<b>1 650 000</b>
Herav:					
Rekneskapsførte sertifikatlån (kortsiktig gjeld)					100 000
Rekneskapsførte obligasjonslån (langsiktig gjeld)					1 550 000
Lån frå Nordiske Investeringsbanken					286 000
<b>Sum renteberande gjeld</b>					<b>1 936 000</b>

Langsiktig renteberande gjeld spesifisert på forfallstidspunkt :

Beløp i 1000 kr

Avdrags-/forfallsstruktur:	2018	2019	2020	2021	2022	Etter 2022
Obligasjonslån	200 000	250 000	0	0	300 000	800 000
Gjeld til kredittinstitusjonar	14 300	28 600	28 600	28 600	28 600	157 300
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>214 300</b>	<b>278 600</b>	<b>28 600</b>	<b>28 600</b>	<b>328 600</b>	<b>957 300</b>

Konsernet har i tillegg etablert trekkrett og kassakreditt på tilsaman 400 mill kr. som sikrar ytterlegare lånekapasitet og tryggleik med omsyn til refinansiering av både kort og langsiktig gjeld.

Beløp i 1000 kr

Långjevar:	Total trekkrettar og kassakredittar	Trekk 31.12.2017	Unytta trekkrettar og kassakreditt 31.12.2017
Handelsbanken, trekkrett	300 000	0	300 000
Danske Bank, kassekreditt	100 000		100 000
<b>Totalt</b>	<b>400 000</b>	<b>0</b>	<b>400 000</b>

Trekkretten i Handelsbanken utløper 16.12.2019.

## 18

### PANTSETJINGAR OG GARANTJAR

Konsernkontoavtale inngått med Danske Bank inkluderer kassakreditt og trekkrett samt garantiar ovanfor Nasdaq OMX Commodities, NordPool Spot, Statnett og Statkraft (Elsam/Dong-avtala) i samband med kraftomsetning. Alle konsernselskapa har gjensidig garantert for desse kredittane. SFE har overfor Danske Bank, Nordiske Investeringsbanken, Handelsbanken og i samband med opptak av obligasjonsgjeld gjeve negativ pantsettingserklæring. SFE har såleis ikkje egedelar som er pantsett som tryggleik for gjeld.

## 19

## INFORMASJON OM DOTTERSELSKAP

Beløp i 1000 kr	SFE Kraft AS	SFE Produksjon AS	SFE Nett AS	Firdakraft AS	Svelgen Kraft Holding AS	Svelgen Kraft AS	Energilab AS	Trolleskjæret Næringsbygg AS
Driftsinntekter	253 772	946 910	366 645	68 949	0	199 006	225	1 587
Driftskostnader	252 869	807 036	325 882	40 355	-760	70 815	11	1 400
<b>Driftsresultat</b>	<b>903</b>	<b>139 874</b>	<b>40 763</b>	<b>28 594</b>	<b>-760</b>	<b>128 191</b>	<b>214</b>	<b>187</b>
Nto. finansposter	2 868	28 604	-12 052	-584	50 175	-13 930	3	-27
<b>Resultat før skatt</b>	<b>3 771</b>	<b>168 478</b>	<b>28 711</b>	<b>28 010</b>	<b>49 414</b>	<b>114 261</b>	<b>217</b>	<b>160</b>
Skattekostnad	948	69 028	3 477	13 243	-2 407	71 685	47	1
<b>Ord.res etter skatt</b>	<b>2 823</b>	<b>99 450</b>	<b>25 234</b>	<b>14 767</b>	<b>51 821</b>	<b>42 575</b>	<b>170</b>	<b>159</b>
Anleggsmidler	1 588	2 149 693	1 572 260	183 068	1 901 222	717 059	0	25 352
Omlaufsmidler	182 359	250 241	144 740	30 397	168 419	44 640	577	5 394
<b>Sum eiendeler</b>	<b>183 947</b>	<b>2 399 934</b>	<b>1 717 000</b>	<b>213 465</b>	<b>2 069 641</b>	<b>761 699</b>	<b>577</b>	<b>30 746</b>
Eigenkapital	37 607	1 197 652	531 808	60 693	1 643 951	48 872	457	13 075
Avs. forpliktelsar	3 439	198 210	130 971	3 826	926	0	106	872
Langsiktig gjeld	0	520 000	975 000	120 000	398 337	550 000	0	0
Kortsiktig gjeld	142 901	484 072	79 221	28 946	26 427	162 828	14	16 799
<b>Sum EK og gjeld</b>	<b>183 947</b>	<b>2 399 934</b>	<b>1 717 000</b>	<b>213 465</b>	<b>2 069 641</b>	<b>761 699</b>	<b>577</b>	<b>30 746</b>

# ERKLÆRING

## OM ÅRSREKNESKAP OG STYRET SI MELDING FOR 2017


Vi erklærer etter vår beste overtyding at:


- konsernrekneskapen for 2017 er utarbeida i samsvar med IFRS som fastsett av EU, med krav til tilleggsopplysningar som følg av rekneskapslova, samt at
- årsrekneskapen for morselskapet for 2017 er avlagt i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge, samt at
- rekneskapsopplysningane gjer ein rettvissande og heilskapleg oversikt av selskapet og konsernet sine egedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat, samt at
- styret si melding gjer ein rettvissande oversikt over utvikling, resultatet og stillinga til selskapet og konsernet, saman med ein skildring av dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorane selskapa er eksponert for.


Sandane 22.03.2018

  
Per Atle Kjøllesdal  
- styreleiar -


  
Birger C. Schönberg  
- nestleiar -


  
Arvid Lillehaug  
- styremedlem -


  
Olin Johanne Henden  
- styremedlem -

  
Anne Marit Steen  
- styremedlem -

  
Jan Helge Dale  
- styremedlem -

  
Oddmund Årdal  
- styremedlem -

  
Kjell Asle Bakkebo  
- styremedlem -

  
Geir Magne Evebø  
- styremedlem -

  
Johannes Rauboti  
- konsernsjef -





Deloitte AS  
 Damsgårdsveien 135  
 Postboks 6013 Postterminalen  
 NO-5892 Bergen  
 Norway

Tel: +47 55 21 81 00  
 Fax: +47 55 21 81 33  
 www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Energi AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

## Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

### Konklusjon

Vi har revidert Sogn og Fjordane Energi AS sin årsrekneskap som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap, og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap, utvida resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til Sogn og Fjordane Energi AS per 31. desember 2017 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.
- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til konsernet Sogn og Fjordane Energi AS per 31. desember 2017 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for det avsluttande rekneskapsåret i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betydning ved revisjonen av årsrekneskapen for 2017. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utført og då danna vi oss ei meining om årsrekneskapen totalt sett. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

Sentrale forhold identifisert i revisjonen er:

- Berekning av bruksverdi for kraftstasjonar, fallrettar og goodwill

**Berekning av bruksverdi for kraftstasjonar, fallrett og goodwill**

Samandrag av sentrale forhold	På kva måte adresserte vår revisjon sentrale forhold
<p>Balanseført verdi av konsernet sine vannkraftstasjonar, tilhøyrande allokert fallrett og goodwill 31. desember 2017 er NOK 3,7 milliardar.</p> <p>Balanseført verdi av omtalte eigedelar som ligg i same vassdrag og som blir styrt samla for å optimalisere vannkraftproduksjonen er vurdert som ein kontantstraumgenererande eining.</p> <p>Konsernet sin prosess knytt til berekning av bruksverdi i samsvar med 'IAS 36 - Verdifall på eiendeler', omtale av kontantgenererande eining, sentrale vilkår og nytta estimat er skildra i note 2 og 4.</p> <p>For å vurdere bruksverdi må leiinga estimere framtidig kraftpris, diskonteringsrente, produksjonsnivå og driftskostnader. Leiinga utøver skjøn ved vurdering av estimata. Nedskrivingsvurderinga kunne vært vesentlege forskjellig dersom andre føresetnader hadde vært nytta.</p> <p>Framtidig kraftpris er basert på observerbare marknadsdata for perioden der slik informasjon er tilgjengelig. For perioden der observerbare marknadsdata ikkje er tilgjengelig nyttar konsernet eksterne analysar som ein samanliknar med eigne vurderingar. Ein konsekvens av dette er at ein må utøve stor grad av skjøn ved fastsetjing av priskurva for perioden kor observerbare marknadsdata ikkje er tilgjengelig, og av den grunn er denne perioden spesielt viktig ved gjennomføring av våre revisjonshandlingar.</p> <p>På grunn av kompleksiteten knytt til berekning av bruksverdi og grad av skjøn som leiinga må utøve, er berekning av bruksverdi identifisert som eit sentralt forhold i revisjonen.</p>	<p>Konsernet har etablert ulike internkontrollaktivitetar knytt til vurdering av nedskrivning av vannkraftstasjonar med tilhøyrande allokert fallrett og goodwill. I vår revisjon har vi opparbeidd oss ei forståing av prosessen og vurdert relevante kontrollar.</p> <p>Vi har utfordra leiinga si vurdering om det ligg føre noko som tyder at desse eigedelane må skrivast ned. For dei eigedelane kor dette er tilfelle har vi innhenta modellane som vart nytta ved fastsetjing av bruksverdi.</p> <p>Vi har vurdert og utfordra leiinga sine skjønsmessige vurderingar, spesielt knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• val av metode for estimering av framtidig kraftpris og føresetnaden som er nytta;</li> <li>• estimat på operasjonelle kostnader;</li> <li>• diskonteringsrente; og</li> <li>• estimat på produksjonsnivå og produksjonsprofilar.</li> </ul> <p>Vi har testa matematisk integritet av modell nytta ved fastsetjing av bruksverdi.</p> <p>Vi har nytta intern verdsettingsspesialist for utvalte delar av revisjonen.</p> <p>Vi har vurdert om tilknytte noteopplysningar i konsernrekneskapen er dekkjande.</p>

**Ytterlegare informasjon**

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, utgreiingane om føretaksstyring og samfunnsansvar og informasjon i årsrapporten, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.



### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete, for selskapsrekneskapen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for konsernrekneskapen i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for selskapsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for konsernrekneskapen med mindre leiinga enten har til hensikt å avvikle konsernet eller legge ned verksemda, eller ikkje har noko realistisk alternativ til dette.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis driftføresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekkja i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Vi gir styret ei melding om at vi har etterlevd relevante etiske krav til uavhengighet, og om at vi har kommunisert og vil kommunisere med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheten vår, og, der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Av dei sakene vi har kommunisert med styret, tar vi standpunkt til kva for saker som var av størst betydning for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som derfor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Vi omtaler desse sakene i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at saka vert gjort offentleg, eller dersom vi, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at ei sak ikkje skal omtalast i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimelege grenser oppveg allmenta si interesse av at saka vert omtala.

### Utsegn om andre lovmessige krav


#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga og i utgreiingane om føretaksstyring og samfunnsansvar om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet og konsernet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 22. mars 2018  
 Deloitte AS



**Helge-Roald Johnsen**  
 statsautorisert revisor





**SFE**

**Sogn og Fjordane Energi**

Post- og besøksadresse:

Sørstrandsvegen 227

6823 Sandane

**SFE Nett**

Besøksadresse:

Hamregata 1

6900 Florø

**Telefon:**

57 88 47 00